



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 15.01.2014
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 09.01.14

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/14	Protokoll frå førre møte
PS 3/14	Delegasjonssaker
PS 4/14	Referatsaker
PS 5/14	Søknad om kjøp av tomt i Dragsund - Tømrer Prosjekt AS
PS 6/14	Krav om dekking av meirutgifter i samband med byte av skule.
PS 7/14	Forslag til forvaltningsplan for Tjørnvågosen med tilhøyrande forslag til grenseendring - høyringsuttale
PS 8/14	Forslag til forvaltningsplan for Myklebustvatnet - høyringsuttale
PS 9/14	Reguleringsplan for Huldal aust - Stadfesting av planprogram
PS 10/14	Ragnar Leine. Tomt på Leine.
PS 11/14	Møtegodtgjersle. Brukarrepresentant i byggenemnda.
PS 12/14	Markering av Grunnlovsjubileet 2014 i Herøy kommune
PS 13/14	Asfaltering av grusvegar 2013. Økonomisk avslutning.
PS 14/14	Slutthandsaming utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS
PS 15/14	Revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS. Delegerte saker frå avdelingane
DS 1/14	Søknad om ambulerande løyve - Loge 113 Flåvær, Odd Fellow
DS 2/14	Vedtak om kjøp av bustadtomt gnr 60 bnr 382 Referatsaker
RS 1/14	Planstrategi for Ulstein kommune 2014-2016
RS 2/14	Fylkesmannens kommunebesøk 2013-2015
RS 3/14	Forvaltning og vidareutvikling av Los
RS 4/14	Rererat frå møte i styringsgruppa for Bulyst-prosjektet
RS 5/14	Møteprotokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 13.11.2013

- RS 6/14 Møteprotokoll styre for
SøreSunnmøre Landbrukskontor
06.12.2013
- RS 7/14 Norsk Sykepleierforbund - Brev til
kommunane om press på
arbeidstidsordningane
- RS 8/14 Møte med Statens Vegvesen
05.12.2013 - Drøfting av div.
plansaker.

PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/14 Protokoll frå førre møte

PS 3/14 Delegasjonssaker

PS 4/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Serviceorget

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2013/1286
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/14	Formannskapet	15.01.2014

SØKNAD OM KJØP AV TOMT I DRAGSUND - TØMRER PROSJEKT AS

Tilråding frå rådmannen:

Tømrer Prosjekt AS får tilbod om å kjøpe gnr. 45 bnr. 164 i Dragsund.

Tilbodet vert gitt etter at Herøy kommune har innhenta takst for eigedomen.

Særutskrift: Tømrer Prosjekt AS, Røysebakken 5, 6100 Volda
Serviceorget

Saksopplysningar:

Tømrrer Prosjekt AS søker om kjøp av ei tomt i det nye feltet i Dragsund (Gnr. 45, bnr.164).

I sin søknad skriv Tømrrer Prosjekt AS:

« Herøy kommune er ei kommune i god utvikling og med befolkningsvekst, så det trengst nye bustader. Ikkje alle har økonomi eller ønske om å bu i einebustad. Det er viktig at det blir lagt til rette for eit butilbud for alle og ikkje bare for dei som skal oppføre einebustad.

Det er no bygget en del einebustader i feltet. Eit innslag med en tomannsbustad på denne tomta vil bare være positivt.

Vi håper at kommunen kan sjå positivt på vår søknad og initiativ.»

Tømrrer Prosjekt AS søker om unnatak frå kommunen sine retningslinjer pkt. nr 12.

Retningslinjene seier:

«Pkt. 3: Nye bustadtomter som vert lagt ut for sal etter Formannskapetets vedtaking av retningslinjer, er reservert for privatpersonar dei fem5 – fyrste salsåra. Deretter kan også foretak erverve tomt i desse felta.

Pkt. 12: Unntak frå retningslinjene ovanfor, skal handsamast av Formannskapet.»

Private aktørar har vore lite interessert i denne tomta.

I det nye feltet var det 19 tomter. Av desse har Servicetorget seld 12,3 er reservert (inkludert denne) og 4 er ledige.

Tømrrer Prosjekt AS har kjøpt to tomter i eldre felt i kommunen (Moltu og Tjørvåg).

Ved sal til firma står det i pkt 8 at sal til næringsdrivande skal skje ved takst.

Vurdering og konklusjon:

Det har vore liten interesse frå private for denne tomta. Det er viktig med folketalsvekst og ein finn derfor å tilrå at Tømrrer Prosjekt AS får tilbod om kjøp av tomta etter at takst er fastsett.

Fosnavåg, 08.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2013/1375
		Arkiv:	K12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/14	Formannskapet	15.01.2014

FORSLAG TIL FORVALTNINGSPLAN FOR TJØRVÅGOSEN MED TILHØYRANDE FORSLAG TIL GRENSEENDRING - HØYRINGSUTTALE

Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet har ikkje merknadar til grenseendring for Tjøråvågosen naturreservat.
2. Formannskapet har ikkje merknadar knytt til forvaltningsplanen for Tjøråvågosen naturreservat, men viser til vurderingane som er gjort i saka.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Vedlegg

- 1 Grenseendring
- 2 Framlegg til forvaltningsplan for Tjørnvågosen naturreservat

Saksopplysningar:


Grenseendring i Tjørnvågosen naturreservat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Tjørnvågosen naturreservat i Herøy kommune. Endringa medfører ein reduksjon av arealet med ca. 5 daa fastmark.

Tjørnvågosen naturreservat vart verna 08.11.2002 med følgjande føremålsparagraf i verneforskrifta:

«Føremålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.»

Den delen av naturreservatet vi foreslår teke ut, framstår som naturfagleg triviell og påverka av landbruk, bruk av huset som er under restaurering, samt førekomst av framande planteartar. Grenseendringa vil ikkje medføre tap av naturfaglege verneverdiar i reservatet.



Forslag til forvaltningsplan for Tjøråvåosen naturreservat

Forvaltningsplanen for Tjøråvåosen naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Den skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling.

Planen er ikkje juridisk bindande, men gjev retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Det er fri allmenn ferdsel i reservatet.

Truslane mot verneverdiane er generell gjengroing og etablering av framande artar som parkslirekne, platanlønn og framande bartreartar. Eit så lite område vil også vere sårbart for tekniske inngrep, slitasje og forstyrningar.

Vedlegg 3 - Tiltak i Tjøråvåosen naturreservat 2013 - 2018

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnad i 1000-kr	Finansiering	Frister	Merknader
Rydde metall frå gammal båltomt	1	SNO	3 ‘		2014	Det vart rydda på dugnad i 2013, men ein forventar at det kjem opp meir metall etter bølgepåverknad.
Fjerne sitkagran, edelgran, platanlønn	1	SNO/ Grunneigar	70 ‘		2014, løpande etter dette	Det vart rydda noko sitkagran og platanlønn i 2013. Det vert viktig å hindre oppslag frå frø.
Fjerne parkslirekne	1	SNO	10 ‘		2014-2015	Behov for gjentakande, kjemisk behandling.
Gjennomføre grenseendring	1	Fylkesmannen/ Miljødirektoratet			2014	Reservatet inneheld huset på Tonninggarden, med hage og dyrka mark. Det er behov for å justere grensa.
Sette opp informasjonstale	2	Fylkesmannen/ SNO	7 ‘		2015	Det må lagast ei informasjonstavle
Fjerne gjengroing med lauvtre med hogst og beiting	2	SNO/ Grunneigar	200 ‘			Kystlandskapet gror att, og manglande hogst og beiting gjev vekst

Utklipp av handlingsplanen på s.36 i Forslag til forvaltningsplan for Tjøråvåosen.

Vurdering:

På informasjonstavla om Tjøråvåosen naturreservat kan ein med fordel også leggje til informasjon om kulturminnet som er registrert i området. Dette vil vere i tråd med riksantikvaren si målsetting for forvaltninga om at den skal styrke allmennheita si interesse og ansvarskjensle for dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøa.

I forhold til framtidig utbygging og utvikling av lokalsamfunnet i Tjøråvå vil kommunen rå til at forvaltningsplanen gjer greie for korleis naturreservatet legg føringar for utvikling av tilstøytande område rundt naturreservatet i forhold til bl.a. bustadar, fritidsbustadar, naust og flytebyggjer.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Formannskapet kjem med fylgjande merknadar:

1. Formannskapet har ikkje merknadar til grenseendring for Tjøråvåosen naturreservat.
2. Formannskapet har ikkje merknadar knytt til forvaltningsplanen for Tjøråvåosen naturreservat, men viser til vurderingane som er gjort ovanfor.

Fosnavåg, 22.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

HØYRINGSdokUMENT



GRENSEENDRING

TJØRVÅGOSEN NATURRESERVAT,

HERØY KOMMUNE

Høyringsfrist: 20.12.2013

1 INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Tjørnvågosen naturreservat i Herøy kommune. Endringa medfører ein reduksjon av arealet med ca. 5 daa fastmark. I samband med dette vert verneforskrifta for naturreservatet tilpassa til det nye arealet, og eigedomsopplistinga vert oppdatert .

2 BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Tjørnvågosen naturreservat vart verna 08.11.2002 med følgjande føremålsparagraf i verneforskrifta:

«Føremålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.»

Naturreservatet er ca. 53 daa, av dette 25 daa sjø. Sjøarealet omfattar eit grunt sjøområde og to elveosar. Landarealet omfattar ca. 2 dekar strandenger, medan resten av arealet er kulturpåverka område med dyrka mark, beiteareal og huset på Tonninggarden med tun og plantingar. Situasjonen i reservatet er den same no som på fredingstidspunktet. Fylkesmannen har heile tida hatt ein dialog med grunneigaren på gnr 53 bnr 7 om grenseendring. Eit eigarskifte sommaren 2013 aktualiserte dette.

Den delen av naturreservatet vi foreslår teke ut, framstår som naturfagleg triviell og påverka av landbruk, bruk av huset som er under restaurering, samt førekomst av framande planteartar. Grenseendringa vil ikkje medføre tap av naturfaglege verneverdiar i reservatet.

Vidare kjem det fram at det er mindre eit avvik mellom kartet i Kongeleg resolusjon av 08.11.2002 og eigedomsgrensa. Dette dreier seg om heilt marginale avvik, og må skuldast både det grove, manuelt oppteikna kartet i kgl. res., og reint praktiske omsyn ved oppmerkinga. Vi foreslår at ein rettar opp dette ved at grensa følgjer eigedomsgrensa til gnr 53 bnr 7 i søraust nordover til dit den kryssar Tjørnvågaelva. Her er sett ned eit grensemerke.

3 ENDRINGSFRAMLEGGET

Fylkesmannen har etter dette utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tek ut ca. 5 daa av reservatet. Vi har vist gammal (grøn) og ny grense(raud/lilla) på både kart og ortofoto. Arealet vert etter dette ca. 48 daa.

Tjørnvågosen naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta av 08.11.2002 følgjande gnr/bnr: 53/1, 7, 8, 14, 36, 38, 41, 87 og 88. Ut frå kart er dette ikkje fullstendig. Etter endringa og oppdatering av eigedomsoversiktene, vil naturreservatet omfatte delar av følgjande gards- og bruksnummer, jf. forskrifta pkt. II: 53/1, 7, 8, 14, 15, 87 og 94. Det er behov for ei oppdatering av forskrifta på dette punktet.

Vi har vist den nye eigedomslista på side 8.

Vi har vurdert grenseendringa etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. også § 7.

Etter § 8 om kunnskapsgrunnlaget er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i områda som vert teke ut av naturreservatet. I dette arealet er det dyrka mark, hus og tun til Tonninggarden med hage og tuntre, samt delar av eit felt med sitkagran og edelgranartar. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere effekten av grenseendringa.

Føre-var-prinsippet (§ 9) er lagt til grunn i denne saka gjennom at det er halde av ei sone på 10 – 25 meter mellom ny grense og strandengene. Denne vert ei buffersone som vil skjerme strandengene mot uheldig randsonepåverknad, og vil også kunne gje elva rom for fri utvikling med erosjon og meandrering i reservatet.

Ut frå prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i § 10, kan vi ikkje sjå at fjerning av eit areal frå reservatet vil gje noko tap verken for Tjørnvågosen naturreservat eller naturtypen samla.

Prinsippet om kostnader ved miljøforringing (§ 11) kjem ikkje til bruk i denne saka.

Prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) er brukt ved vurdering av plassering og utforming av naturreservatet, og vi vurderer dette som forsvarleg å ta ut då det ikkje har tilstrekkelege naturkvalitetar til å inngå i eit naturreservat for elveoslandskap.


Konklusjon

Etter dette kan vi ikkje sjå at grenseendringa medfører tap av verneverdiar i Tjørnvågosen naturreservat spesielt, eller naturtypen elveosar generelt.

Vi føreset då at arealet som vert teke ut, ikkje får ein bruk som gjev negativ verknad inn i reservatet, jf. naturmangfaldlova § 49. Særleg viktig vert det å hindre etablering og spreiding av framande artar. Beitetiltak i reservatet må kunne samordnast med beiting utanfor, slik at ein kan ha høveleg beitetrykk, type beitedyr, og rett tid for beiting. Det krevst difor ein aktiv skjøtsel som fjerning av framande artar som parkslirekne, platanlønn og sitkagran, samt rydding av andre tre og buskar.

4 HØYRING OG MERKNADSRIST

Framlegget ligg ute til offentleg ettersyn på Herøy Rådhus, Fosnavåg, i tida 11.11 – 20.12.2013. Evt. merknader skal sendast innan 20. desember 2013 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde evt. på mail til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.





Framlegg til endra forskrift om vern av Tjørvågosen naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal. (endra tekst er gjennomstreka)

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 53/1, 7, 8, 14, 15, 87 og 94. ~~53/1, 7, 8, 14, 36, 38, 41, 87 og 88~~

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 48 ~~53~~ dekar, av dette er ca. 25 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk ~~1:5000~~ datert ~~Miljøverndepartementet oktober 2002~~. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje først inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje først inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til telteirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.

2. Drift og vedlikehold av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av båt på etablert båtplass.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehold av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.

§ 6. Ferdsl

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8. Skjøtsel

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

GRUNNEIGARAR I TJØRVÅGOSEN NATURRESERVAT

53/1	Geir og Marianne	Tjervåg		6070	TJØRVÅG
53/7	Arnfinn	Karlsen		6070	TJØRVÅG
53/8	Moni	Refvik Dalen	Kleiverudveien 69	3086	HOLMESTRAND
53/14	Lillian Nybø	Aabeltun		6070	TJØRVÅG
53/15	Ragnhild	Nybakk		6710	RAUDEBERG
53/87	Olger	Skarbø		6070	TJØRVÅG
53/94	Møre og Romsdal fylkeskommune		Fylkeshusa	6404	MOLDE



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga



Framlegg til forvaltingsplan for

Tjørnvågosen naturreservat,

Herøy kommune

Høyringsfrist 20.12.2013

Rapport 2013:06

Framsida: Tjørvågosen sett frå vest Foto: Øivind Leren.

Med mindre anna er oppgitt er alle bilete tatt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:
2013:06

Dato:
xx.xx.2013

Tittel:
FORVALTINGSPLAN FOR TJØRVÅGOSEN NATURRESERVAT

Forfatter:
Ola Betten, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:
I medhald i forskrift av 08.11.2002 om fredning av Tjørnvågosen naturreservat, Herøy kommune, § 8, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Referat:

Tjørnvågosen naturreservat vart verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos for Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.

Trugsmåla mot verneføremålet er særleg gjengroing og spreing av framande planter som sitkagran, platanlønn og parkslirekne. Eit viktig virkemiddel er å rydde området og få til beite i reservatet.

Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyresmakt for Tjørnvågosen naturreservat.

For å gjennomføre tiltaka i forvaltingsplanen legg vi opp til eit samarbeid mellom grunneigarar, Herøy kommune og Statens naturoppsyn.


Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:
Naturvern, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, strandeng, biologisk mangfald.

ISBN (Nettutgåve): 978-82-7430-276-1
ISSN: 1891-876X

Fagansvarleg:

For administrasjonen:

Ulf Lucasen (seksjonssjef)

Lindis Nerbø (miljøverndirektør)

FORORD

Tjørvågosen naturreservat i Herøy kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 8. november 2002 som ein del av verneplan for havstrand - elveos i Møre og Romsdal. Forvaltingsplan for området er utarbeida som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel. Planforslaget har vore ute på høyring.

Det er ei viktig oppgåve for fylkesmannen å sikre verneverdiane i Tjørvågosen naturreservat. Denne planen bør sjåast som eit ledd i arbeidet med å ta vare på dei biologiske og geologiske verdiane i området, og då spesielt strandengene og utforminga av vågosen. Det bør gjennomførast tiltak for å sikre verneverdiane og unngå endringar i naturtilstanden i Tjørvågosen naturreservat dei kommande åra.

Dette er den første forvaltingsplanen som er laga for Tjørvågosen naturreservat, og vi opnar for revidering av planen etter å ha fått erfaring med den i praksis i nokre år. Det er særleg aktuelt for bevaringsmåla i planen.

Planen er utarbeidd av Ola Betten for midlar som Miljødirektoratet har stilt til rådvelde.

Innhold

FORORD.....	4
1 INNLEIING	7
2 SKILDING OG STATUS	9
2.1 Områdeskildring	9
2.2 Brukshistorie.....	9
2.3 Egedomsforhold	10
2.4 Naturfaglege verdiar	10
2.4.1 Natur- og vegetasjonstypar.....	10
2.4.2 Planteartar.....	12
2.4.3 Dyreartar.....	12
2.5 Bevaringsmål	12
3 BRUKARINTERESSER	16
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	16
3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	16
3.3 Jakt, fiske og friluftsliv	16
3.4 Kulturminne.....	17
3.5 Undervisning og forskning	18
3.6 Forureining	18
3.7 Bygningar og tekniske inngrep.....	19
3.8 Motorferdsel og masseuttak.....	19
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	20
4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	20
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	21
4.3 Informasjon og tilrettelegging	21
4.4 Oppsyn.....	22
5 SAKSBEHANDLING	23
5.1 Forvaltingsstyresmakt.....	23
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning	23
5.2.1 Verneforskrifta	23
5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova	24
5.2.3 Forholdet til andre lovverk.....	25

5.2.4	Tolking av unntaksreglene i verneforskrifta	25
5.2.5	Spesifiserte dispensasjonsbestemningar i verneforskrifta.....	26
5.2.6	Generelle dispensasjonsbestemningar.....	27
5.2.7	Generelle retningslinjer for saksbehandling.....	28
6	FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT	29
7	REFERANSAR.....	30
	Publikasjonar	30
	Nettstader.....	30
	Vedlegg 1 – Verneforskrift Tjørvgåosen naturreservat.....	31
	Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova	34
	Vedlegg 3 - Tiltak i Tjørvgåosen naturreservat 2013 - 2018	36
	Vedlegg 4 – Sakshandsaming	37

1 INNLEIING


Tjørnvågosen naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 8. november 2002. Føremålet med fredinga er: « ..å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.» Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt for naturreservatet.

Forvaltingsplanen for Tjørnvågosen naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Den skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og brukarinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gjev retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Det er fri allmenn ferdsel i reservatet. Det finst ikkje reguleringsplan for området.

Forvaltingsplanen for Tjørnvågosen er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gjev ei skildring av naturforhold, brukarinteresser og retningslinjer, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Tjørnvågosen naturreservat er eit lite område i areal, men har viktige strandenger og ein spesielt utforma elveos. Her er også ein viktig rasteplass for fleire sårbare fugleartar. Området har også viktige kulturverdiar.



Figur 1 Tjøråvågen naturreservat

For å sikre område som er særlege viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskelege aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkningsfaktorar. Å verne område som Tjørvgåosen etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet. Tjørvgåosen naturreservat er verna i kategorien *strandeng/vågos* innanfor verneplan for havstrand- og elveoslokalitetar i Møre og Romsdal.

2 SKILDRING OG STATUS

Verneforma

Hovudformålet med vern som naturreservat er bevaring av særlig urørt natur eller spesielle naturtypar. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 Områdeskildring

Tjørvgåosen naturreservat i Herøy kommune ligg i den inste bukta i Tjørvgåane, i utløpet av Tjørvgåelva. Området dekkjer eit areal på ca. 53 daa, derav er ca. 25 daa sjø. Det vert for tida arbeidd med ei grensejustering i reservatet som kan redusere arealet.

Tjørvgåosen er verna som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal og er ein unik og vakker lokalitet. Fylkesveg 654 grensa til området i sør, og det er dyrka mark langs reservatgrensa i sør-aust.


Tjørvgåosen ligg i grunnfjellsområdet, med glimmergneis i berggrunnen.

I området er det eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter som er typisk for kysten her i regionen. I Herøy ligg temperaturen på 2,0 °C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er ca. 14 °C. Herøy har ein årsnedbør på rundt 1300 mm.

2.2 Brukshistorie

Området er eit gammalt jordbrukslandskap der det meste var dyrka, og resten vart beita. Tønningarden er det største bruket i området.

Området si historiske betydning kjem fram ved at her er funne eit gravfelt frå jernalderen. Ei av gravrøysene ligg i reservatet.



Figur 2 Tjørvågosen med Tonningarden på 1950-talet

2.3 Eigdomsforhold

Tjørvågosen naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande gnr/bnr: 53/1, 7, 8, 14, 36, 38, 41, 87 og 88. Ut frå kart er dette ikkje fullstendig. Rette eigedommar (gnr/bnr) skal vere: 53/1, 7, 8, 14, 15, 87 og 94. Det er behov for ei oppdatering av forskrifta på dette punktet.

2.4 Naturfaglege verdiar

2.4.1 Natur- og vegetasjonstypar

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i samband med kartlegging av naturtypar i Noreg spesielt omtala nokre naturtypar som er å sjå som viktige i samanheng med biologisk mangfald, desse er samla i DN's handbok 13 om naturtypekartlegging og Handbok 19 om marin kartlegging. Her er det også omtala korleis ein kjenner igjen naturtypar, kva som er typisk for dei ulike naturtypene og kvifor dei er viktige i norsk natur.

Herøy kommune kartla naturtypene i kommunen i 2000 (Jordal & Grimstad 2001). Avgrensa lokalitetar blei sorterte og verdsette etter naturtype på ein skala frå A – C (A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig), der Tjørvågosen blei klassifisert som Havstrand med verdi B. Den naturfaglege omtalen er basert på denne kartlegginga.

Området er ei grunn tidevassbukt i skjerma farvatn i utløpet av Tjørvågelva, med ei svakt eksponert grusstrand ved elveutløpet. Totalt strandengareal er ca. 250 x 6 m, med største førekomst i indre deler av elveutløpet (grusøyr). Utafor finn vi ei stor gruntvassflate. Lokaltiteten grensar i sør, vest og aust mot veg og attgroingsmark. Området ligg ca. 1 km sørvest for Stokksund/Blikkvågane fuglefredingsområde. Elveoslandskapet er ein vågos som blir danna av to små elver som munnar ut i vågen. Tjørvågelva er ei mindre elv (nedbørsfelt på 11 km²) med få inngrep. Begge elveosane er intakte med små inngrep.

Vegetasjonstypene er saltsiv-eng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng, strandkryp-forstrand, fjøresivaks-eng, rustsivaks-eng, fjørestorr-eng, kveke-voll. Her er strandskog med gamal gråor (urskogliknande sumpskog) i vestenden av lokaliteten. Mest strandvegetasjon ligg på grusøyr i indre del av elveutløpet. Elles finst det her småhavgras (U2a, kjelde: A. O. Folkestad).



Figur 3 Saltsiv er ein karakterart i reservatet

2.4.2 Planteartar

Naturreservatet er middels artsrikt med 54 registrerte artar. Artsutvalet er vurdert til å vere heller trivielt.

2.4.3 Dyreartar

Området er ein raste og overvintringslokalitet for vassfugl med lokal verneverdi. Aktuelle artar om vinteren er stokkand, ærfugl, siland, skarv, gråhegre, bergand, kanadagås, kvinand, lomvi og sangsvane. Området ligg i nær tilknytning til Stokksund/Blikkvågane fuglefredingsområde og er derfor ein del av eit større samanhengande og viktig beiteområde for sjøfugl. Det er oppgang av laks og aure i Tjørvågelva.

2.4.4 Truslar

Truslane mot verneverdiane er generell gjengroing og etablering av framande artar som parkslirekne, platanlønn og framande bartreartar. Eit så lite område vil også vere sårbart for tekniske inngrep, slitasje og forstyrringar.

2.5 Bevaringsmål

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom retningslinjer og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet, her i § 2: *«Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos, - som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.»*

I denne planen er det definert fire bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap. 6.

Forklaringar på uttrykk som går igjen i planen:

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar. Naturtypane er kartlagt etter nærare rettleiarar, som DN-Handbok nr. 13 eller Naturtypar i Norge (NiN-systemet).

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål


Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

Retningsliner

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til brukarinteressene i eit verneområde. Slike mål er knytt opp mot friluftsliv, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.



Figur 4 Bevaringsmål i Tjørvgåsen naturreservat

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Tjørvgåsen naturreservat

Mål	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstand	Tiltak
1	Havstrand/kyst Strandeng og strandsump (G05)	Areal strandeng	Behalde dagens areal salteng, brakkvasseng og strandsump i god tilstand	SNO, botanikarar	Middels	Fjerne kratt og lauvskogoppslag, unngå terrenskader ved køyring, etablere berekraftig beiting
2	Ymse kulturmark	Førekost av parkslirekne	Parkslirekne skal ikkje finnast i naturreservatet	SNO	Middels	Rydde ut dagens førekost
3	Ymse kulturmark	Førekost av sitkagran, edelgran, platanlønn og andre framande treslag	Sitkagran, edelgran, platanlønn skal ikkje finnast i naturreservatet	SNO	Dårleg	Fjerne dagens førekostar
4	Vågos	Elveos i naturleg, fysisk utforming	Elveosane skal bevarast i urørt tilstand med naturleg dynamikk	SNO	God	Unngå forsøpling, inngrep og skadeleg motorferdsel

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillatt i Tjørvgåosen naturreservat. I dette kapitlet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1. Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som har betydning for forvaltninga. I § 3 *Vernereglar* går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillatt innafor reservatet. I § 4, *Generelle unntak*, omtalar ein dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i § 3, medan det i § 5, *Eventuelle unntak etter søknad*, går fram kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskrifta i § 3, og som ikkje er nemnt i § 4 eller § 5, er i utgangspunktet forbode. Naturmangfaldlovas § 48 gjeld no i staden for den generelle dispensasjonsregelen i § 7 i verneforskrifta. Tolkning av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Bønder har dyrka jorda rundt Tjørvgåosen hundrevis av år. Det er ca 3,5 daa dyrka mark i reservatet, der det har vorte dyrka gras. Det har vore aktiv beitebruk på dei resterande areala, men dette har opphøyr. Landbruksdrift inkludert motorferdsel på dyrka mark er tillate. Det må søkjast om å kunne grave nye drengrofter som går ut i reservatet. Gjerding er tillate.

Det har vokse opp både lauvskog og utanlandske bartre i området. Dette kan fjernast heilt eller delvis som ein del av skjøtselen av området.

Retningsliner for primærnæringane

- Jordbruk kan drivast på vanleg måte på dyrkamarka
- Området bør beitast for å unngå gjengroing av strandengene og dei kulturpåverka områda
- Lauvskog og framande treslag som sitkagran bør fjernast for å halde området ope. Hogsten skal berre skje etter avklaring med forvaltingsstyresmakta.

3.3 Jakt, fiske og friluftsliv

Jakt på hjortedyr, altså hjort, elg og rådyr, samt kanadagås og fangst av villmink er tillatt i reservatet. Dette skal gjerast i samsvar med viltlova og andre gjeldande lover. Fangst av villmink bør skje med slagfelle. Fiske samt uttak av fjøremark og agnsjell er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer også fiske etter hummar, krabbe og skjell, sjå kap. 5.2. Elles er alt dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, freda mot skade og øydelegging, og nye dyreartar skal ikkje innførast.

Verneforskriftene går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetningar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen, vil naturen derfor prioriterast før friluftsliv ved ein eventuell konflikt. Friluftsliv er omtala i forskrifta § 3 punkt 5 og 6, og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovlege:

5. "Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode". Her kan det søkast løyve etter forskrifta § 5.9, men det er ikkje ønskeleg å ha større arrangement i eit så lite naturreservat av omsyn til faren for slitasje og forstyring av dyrelivet.

6. "Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode"

Elles er det nemnt i forskrifta at det er unntak frå vegetasjonsfredinga når det gjeld sanking av matsopp og bær (nemnt i § 4 punkt 3). Det er likevel viktig å hugse at vegetasjonen generelt er freda, også daude planter, og plukking av til dømes blomster og mose er ikkje lovleg. Etablering av nye stiar er tilretteleggingstiltak som krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot verneføremålet. Sjå også *Tolking av unntaksreglane i verneforskrifta* kap. 5.2.4.

Retningsliner for jakt, fiske og friluftsliv

- Jakt på hjortevilt kan skje fritt
- Framande artar som kanadagås og villmink kan takast ut
- Det er fri ferdsel i området.
- Større arrangement vert ikkje tillate.

3.4 Kulturminne

Det er fleire kulturminne i naturreservatet. Det ligg ei gravrøys frå jernalderen sør i reservatet, og det er registrert ei båtstø frå før-reformatorisk tid i elveosen. Slike kulturminne er automatisk freda etter kulturminnelova § 4, j.

Kulturvernstyresmakta har etter kulturminnelova, § 11 a, høve til m.a. å registrere, bygge opp att, restaurere og rydde området kring automatisk freda kulturminne. Tilsvarande kan slike kulturminne granskast ved utgraving m.v. etter § 11 b. I eit naturreservat er vegetasjonen freda, og det er m.a. forbod mot uttak av massar. Restaurering av kulturminne krev etter dette løyve frå naturvernstyresmaktene, men dette vil i dei fleste tilfelle vere samanfallande med føre-målet med naturreservatet, slik at dispensasjon vil bli gjeve. Ofte vil dette kunne vere ein skjøtsel som tener begge føremåla.

Tonninggarden gnr 53 bnr 7 er ei verneverdig bygning som no er under restaurering av grunneigaren. I tilknytning til huset er det laga ein hage med innplanta, framande treslag som platanlønn og blodbøk.

Retningslinjer for kulturminne

- Gravrøysa kan vedlikehaldast og skjøttast etter avklaring med naturvernstyresmaktene
- Skjøtsel av naturverdiane i reservatet skal ta omsyn til kulturminne slik at dei ikkje verte skadde
- Det kan utarbeidast informasjonsstiltak om kulturminna

3.5 Undervisning og forskning

Tjørvågosen naturreservat er ikkje spesielt tilrettelagt for undervisning og forskning. Men området er lett tilgjengeleg grunna nærleik til vegen, og har stort potensiale for slik aktivitet. Det knyter seg stor informasjonsverdi til vegetasjon, fugleliv og kulturminne i området. Kartlegging av naturtypar, flora og fauna er naudsynt. Fagstoff om Tjørvågosen naturreservat finst på internett på stader som www.miljodirektoratet.no, www.artsdatabanken.no og www.miljostatus.no.

Retningslinjer for undervisning og forskning

- Det kan leggjast til rette for undervisning, formidling og forskning innafør verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet
- Ein må kartlegge utviklinga i flora og fauna

3.6 Forureining

Det har vore brent jonsok-bål i Tjørvågosen gjennom lange tider. Dette har resultert i at det ligg att metallavfall som springfjører, beslag, skruar og stiftar. Dette gjev rustutfelling og forgifting av vegetasjonen på bålplassen, og strandenga rekk ikkje å reetablere seg att her. Denne praksisen er no stoppa, og det grøvste av metallavfallet er fjerna. Området vil kunne restaurere seg sjølv dersom det får ligg i fred. Det må også ryddast strandsøppel når det er naudsynt.



Figur 5 Den gamle bålplassen

Tjøråvågosen vender mot nord-nordvest, og er såleis utsett for søppel som driv i land frå havet. Det er gode dugnadsordningar for å samle søppel.

Retningsliner for forureining

- Det skal ryddast opp i jonsokbål-tomta, og det kan ikkje brennast der meir.
- Strandsøppel skal ikkje byggjast opp i reservatet

3.7 Bygningar og tekniske inngrep

Det er eitt hus i Tjøråvågosen naturreservat, Tonningarden. Dette skal kunne restaurerast.

Ei vassleidning til Stemmedalen Vasslag kryssar reservatet over ei strekning på ca. 200 m mellom Tonningarden og sjøen. Det er bygd ein kum rett aust for den vestre elva, og det er støypt ei forankring for leidninga der hos kryssar elva.

Det er fylt ut ein vor på ca. 15 meter på vestsida av utløpet til Tjøråvågaelva. Her det vere drege på land ein småbåt.

Retningsliner for bygningar og tekniske inngrep

- Eksisterande bygningar og tekniske anlegg skal kunne vedlikehaldast
- Vernekartet må tilpassast parkeringsplassen ved Vågøy kyrkje

3.8 Motorferdsel og masseuttak

I samband med erstatningsskjønn 31.10.2006 vart det avtalt dispensasjonar for uttak av sand frå fjøra til eige bruk for gnr/bnr 53/1. Seinare har 53/7 også fått løyve. Volumet er inntil 10 m³/år for 53/1 og 1 m³/år for 53/7. Desse dispensasjonane kan bli vidareførte.

Det er også gjeve dispensasjonar til transport av materialar for evt. naustbygging for gnr/bnr 53/1, 53/36 og 53/25, 39. Den siste er effektuert. Vidare er det avtalt dispensasjonar for motorferdsel for frakt av ved, beitedyr, vatn og gjerding for gnr/bnr 53/1 og 53/25, 39. Dette føreset at dei har vegrett over gnr 53 bnr 7.

Retningsliner for motorferdsel og masseuttak

- Det kan gjevast dispensasjon for uttak av sand til eige bruk
- Det kan gjevast dispensasjonar for motorisert transport av byggematerialar, ved, beitedyr, vatn og i samband med gjerding.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtelsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO, og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive tiltak etter skjøtelsparagrafen utan skriftlig løyve frå forvaltingsstyresmakta.

Framande planteartar

Det er viktig å halde reservatet fritt for framande artar som sitkagran, platanlønn og parkslirekne. Dei representerer ein reell fare for den lokale floraen ved at å spreie seg og fortrenge annan vegetasjon. Det er starta kjemisk behandling av parkslirekne og hogst av sitkagran og edelgranartar i Tjørvågosen. Det er viktig med overvaking av utviklinga her, og nye oppslag må fjernast så snart som mogeleg.

Generell gjengroing

Tjørvågosen er i ferd med å gro igjen. I tillegg til framande planteartar, så veks det opp stadeigne lauvtreartar som bjørk, selje og rogn. Gjengroing er ein generell trussel i dei fleste lågareliggande verneområde. Det bør hoggast lauvskog, og vidare oppvekst av stubbeskott må hindrast ved beiting eller stubbebehandling.



Figur 6 Parkslirekne i sterk spreiding

Søppel

Det må ryddast i båltomta og fjernast strandsøppel når det vert naudsynt.

Til planen er det utarbeidd ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 3. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. Kostnadane kjem gjerne ikkje fram før etter ein innkjøpsprosess.

Skjøtselstiltak

- Halde området fritt for framande artar som parkslirekne og sitkagran
- Hindre gjengroing og oppslag av naturlege lauvtre ved hogst, rydding og beiting
- Rydde søppel frå strandsona

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden deira. Jamn overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Tjørvgåosen naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er ufullstendig og noko er forelda. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypane i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale i oppfølginga av reservatet i framtida.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Tjørvgåosen naturreservat

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er manglar informasjonstavle for Tjørvgåosen naturreservat, og det må settast opp ei tavle snarast. Det finst informasjon på nettet på stader som www.naturbase.no og www.miljostatus.no. All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

5 SAKSBEHANDLING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansvar for forvaltninga av Tjørnvågosen naturreservat involverer følgjande styresmakter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltninga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedtatt blir gjennomført. MD er overordna styresmakt for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldlova.
- 2) **Miljødirektoratet (MID)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova. Miljødirektoratet avgjer kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for det enkelte verneområdet. Dei er klageinstans for vedtak som forvaltningsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort, og skal også rettleie forvaltningsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsstyresmakt for Tjørnvågosen naturreservat.
- 4) **Herøy kommune** er styresmakt på fleire av de andre lovverka som kan få verknad innan naturreservatet, eksempelvis plan- og bygningslova og motorferdselslova.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta for Tjørnvågosen naturreservat finst som vedlegg 1. Sjølv om den generelle dispensasjonsheimelen i forskrifta § 7 no er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, slår overgangsreglane i loven sin § 77 fast at eldre vernevedtak fortsatt gjeld inntil Kongen måtte bestemme noko anna. Direktoratet for naturforvaltning har utarbeida eit rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter» (DN 2010) som vert lagt til grunn for saksbehandlinga.

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremje verneføremålet. Det er Fylkesmannen sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i forhold til verneformålet, og viss verneverdiane vert skadde, er det Fylkesmannen sitt ansvar at nødvendige tiltak blir sett i gang. Forvaltninga av verneområdet skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen. Forvaltningsplanen for Tjørnvågosen naturreservat er planlagt å rullerast kvart 10. år for å kunne fange opp eventuelle endringar i verneområdet (jf. kapittel 6).

5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert forvaltningsplanar.

Etter § 8 i naturmangfaldlova skal offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg, bygge på vitenskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypar og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast. Det er opp gjennom åra gjennomført ulike naturfaglege undersøkingar i Tjørvågosen naturreservat, og det føreligg fleire rapportar som dokumenterer naturkvalitetane. Dette kunnskapsgrunnlaget er lagt til grunn i forvaltingsplanen. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, bl.a. i samband med vurdering av skjøtselstiltak.

Ut frå dagens kunnskap, vil aktivitetane som vil kunne skje etter verneforskrifta, neppe ha nokon særleg negativ innverknad på artane og naturtypane som ein ønskjer å ta vare på gjennom vernet. Verneforskrifta er til hinder for aktivitetar som ein vurderer å kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidet innafor ramma av de restriksjonar som er sett i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltningsplanen og oppfølging av denne med stor sannsynlegheit vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Den føreliggande kunnskapen om artene sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypane og økologisk tilstand i dette området, vurderer ein å stå i eit rimeleg forhold til forvaltningsplanen sin karakter, og retningslina om kunnskapsgrunnlaget i § 8 vert sett på som oppfylt. Føre-var-prinsippet vert difor tillagt liten vekt i denne planen, jf. naturmangfaldloven § 9.

Forvaltningsplanen gir nærare retningsliner for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Vurdering av den enkelte aktiviteten i forhold til samla belastning i verneområdet, vil være svært relevant ved vurderinga av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltningsplanen er det utarbeidd nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gje eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldloven § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Prinsippet i naturmangfaldloven § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, får ikkje særleg verknad, ettersom verneforskrifta som forvaltningsplanen bygger på, legg vesentlege avgrensingar på kva tiltak som kan gjerast i området. Dei tiltaka som vil

kunne gjennomførast, vert vurdert til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem.

Prinsippa i § 12 vert vurdert til å være relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar blir vurdert som aktuelt bl.a. i samband med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering blir vurdert som relevant i samband med bl.a. behandling av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gjevast og eventuelt kva vilkår som bør setjast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mogeleg tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta være på. Gjennom den overvakinga av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

5.2.3 Forholdet til andre lovverk

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova går føre andre lover eller forskrifter dersom det er ulikheiter mellom bestemmingane. Det er også viktig å merke seg at det andre regelverket gjelder i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldlova. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfella vere nødvendig med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar når det gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er derfor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova avgrensar ikkje rådigheitsutøvinga utanfor verneområdet.

Etter naturmangfaldlova § 49 skal ein legge vekt på verneverdiane i naturreservatet for tiltak utanfor som kan påverke verneområdet, og som treng løyve etter anna lovverk.

5.2.4 Tolking av unntaksreglene i verneforskrifta

I § 4 i verneforskrifta listar ein opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon:

Punkt 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet.

Punkt 2 stadfestar at vedlikehald av grøfter og anlegg i reservatet er lov. Det går ei vassleidning gjennom reservatet, og her er behov for slikt vedlikehald. Det bør likevel gjerast i samarbeid med forvaltingsstyresmakta for å unngå skade på verneverdiane.

Punkt 3 er ein referanse til friluftsløva, som stadfester allemannsretten.

Punkt 4 opnar for jakt på hjortedyr, i dette høvet hjort og rådyr, samt kanadagås og villmink. Jakt på kanadagås bør gjerast på ein slik måte at ein ikkje forstyrrar andre gjæser og ender. Ved fangst av villmink bør det nyttast slagfelle. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske.

Punkt 5 nemner fiske og uttak av fjøremark og agnskjel i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Grunneigar har rett på alle haustbare ressursar på sin eigedom i samsvar med norsk lov, derfor må ein ha løyve frå grunneigar for å hente ut slike artar. For fiske etter laksefisk i elv vil kjøp at fiskekort vere eit slikt løyve. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

Punkt 6 opnar for tradisjonelt beite. Miljødirektoratet kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Det er for tida lågt beitetrykk, og det er heller aktuelt å stimulere til meir beiting.

Punkt 7 opnar for at den jordbruksaktivitet inkl. naudsynt motorferdsel på dyrka mark som var i drift på fredingstidspunktet kan halde fram. Dette gjeld 3,5 daa i sør-austre del av Tjørvågosen. Naudsynt motorferdsel vil vere køyring med jordbrukstraktor i drifta.

Punkt 8 gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i reservatet eller for å verne spesielt utsett avling.

Punkt 9 opnar for opplag av båt på etablert båtplass. Dette har tradisjonelt vore eit område ved voren nedanfor Tonninggarden, jf. også figur 2, og dette ein fortsette å legge småbåtar på land her.

5.2.5 Spesifiserte dispensasjonsbestemmingar i verneforskrifta

I **§ 5** i verneforskrifta finst ein del spesifiserte aktivitetar og formål som forvaltingsstyresmakta kan tillate etter søknad. Ved behandling av slike søknader vil det med utgangspunkt i prinsippa i naturmangfaldlova leggjast særleg vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet:

Punkt 1 opnar for å kunne tillate motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter som alt fanst på vernetidspunktet (§ 4 punkt 2), aktivitet relatert til beite (§ 4 punkt 6) og inn-gjerding av innmark og beiteareal (§ 4 punkt 8), samt ved opprydding av strandsjøppel og sanking av drivved. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel på dei sårbare utmarksareala i reservatet så langt det er mogeleg.

Punkt 2 opnar for å tillate merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og ferdselsvegar. Det er ikkje to slike, sjøvegen forbi Tonninggarden, og ein sti mot sjøen på austsida av reservatet. Slik rydding vil vere fjerning av kvist og greiner som måtte hindre ferdsel.

Punkt 3 nemner etablering av grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Det ligg dyrka mark aust for reservatet, og det kan bli aktuelt her dersom det ikkje kan førast grøfter ut mot elva utanfor reservatet.

Punkt 4 opnar for avgrensa uttak av ved. Reservatet er i gjengroing, og det er ønskjeleg å halde eit ope landskap. Dette kan eventuelt gjerast som ein del av skjøtselen. Sjå også punkt 8.

Punkt 5 opnar for utlegging av nye båtplassar. Det er naust på begge sider av reservatet, og det er ikkje nye plassar som peikar seg ut som spesielt eigna for dette. Uansett er det eit krav at dette ikkje skadar vegetasjonen.

Punkt 6 viser til tradisjonelt uttak av sand, stein og grus. Uttak må berre være av mindre omfang til privat bruk, og alle store eller kommersielle uttak er forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ønskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Staden for

uttaket må spesifiserast i eit kart. Uttak av sand, stein og grus også krevje ein søknad om motorisert ferdsel, slike tilfelle krev dispensasjon etter naturmangfaldlova. Vegetasjon skal ikkje kome til skade ved slikt uttak, og ein må leggje vekt på at evt. uttak skjer der ny sand kan byggje seg opp att i utløp av vassdrag eller med bølger. Det er gjeve dispensasjon for uttak av sand for bruka 53/1, 53/7, 53/25 og 53/36.

Punkt 7 gir rom for å søkje om sanking av tang og tare etter løyve. Dette vil i så fall vere manuelt uttak frå land eller mindre båt. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk, som t.d. taretråling.

Punkt 8 opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark. Det er noko dyrka mark i randsona mot reservatet, og det kan reknast med at det vert gjeve løyve til slikt uttak der dette ikkje skadar verneverdiane.

Punkt 9 opnar for å søkje avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, teltleirar og idrettsarrangement. Landarealet i Tjørnvågosen er lite, og det finst alternative areal i randsonene. Fylkesmannen varslar ei restriktiv line på dette punktet, og vil normalt ikkje tillate slik aktivitet, jf. tidlegare brenning av jonsok-bål.

Punkt 10 gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.

5.2.6 Generelle dispensasjonsbestemmingar

I § 7 i verneforskrifta finst den generelle unntaksparagrafen. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 – 12 (sjå kapittel 8.2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsbestemminga i § 7 er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldlova § 48:

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelige kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Tjørnvågosen naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne bestemminga.

«Dispensasjon for arbeider av vesentlig samfunnsmessig verdi» gjeld for tiltak som ikkje blei vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gjevast under heilt særskilte forhold av nasjonal betyding. Det vil ikkje være tilstrekkeleg

grunnlag for å gje dispensasjon med bakgrunn i denne bestemminga i saker som berre har lokal eller regional betydning.

5.2.7 Generelle retningslinjer for saksbehandling

Retningslinjer for behandling av saker som gjeld dei ulike brukarinteressene er presentert i kapittel 3. Punkta under viser dei generelle retningslinjene for all saksbehandling som omhandlar Tjørvågosen naturreservat:

- 1) Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskrifta, skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2) Normalt vil verneforskrifta ha strengare reglar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader blir difor først vurderte etter verneforskrifta før eventuell vurdering etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av anna lovverk.
- 3) Nærare retningslinjer for saksbehandlinga er gitt under dei enkelte brukarinteressene. Det er viktig at det i all saksbehandling blir gjort ei samla vurdering i forhold til verknaden av tiltaket på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
- 4) Desse instansane skal ha kopi av alle vedtak: Herøy kommune, Statens Naturoppsyn, Miljødirektoratet.
- 5) Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningslova. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen føretek førebuande klagebehandling og vurderer innhaldet i klagen. Fylkesmannen kan etter dette endre sitt opphavelige vedtak. Dersom fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt, skal klagen oversendast Miljødirektoratet for endeleg behandling og vedtak.

6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Tjørvgåosen naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Ein tek sikte på å gjere dette ca. kvart 10. år, første gong ca. 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidligare tidspunkt om det er nødvendig. Bevaringsmåla vil bli reviderte i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rulleringa av forvaltingsplanen.



Figur 7 Det er starta hogst av utanlandske treslag - det er viktig å hindre nyetablering

7 REFERANSAR

Publikasjonar

Artsdatabanken, 2010. *Norsk rødliste for arter 2010*.

Artsdatabanken, 2011. *Norsk rødliste for naturtyper 2011*.

Artsdatabanken, 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *DN-håndbok 17-2001 – Områdevern og forvaltning*.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. februar 2010*.

Direktoratet for naturforvaltning, 2007. *DN-håndbok 13-2007 – Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1996. *Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Rapport nr. 13/95 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga*.

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. Økoforsk rapport 1986:3A*

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B*

Jordal, J.B. & Grimstad, K. J., 2001. *Kartlegging av naturtyper i Herøy kommune. Rapport*.

Lid, J., 1987. *Norsk, svensk, finsk flora*. 5. utg, 2. opplag. Det norske Samlaget, Oslo.

Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.

Svensson, L., Grant, P. J., Ree, V. (red.), 2011. *Gyldendals store fugleguide – Europas og middelhavsområdets fugler i felt*. 4. utg. Gyldendal, Oslo.

Nettstader

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. www.fylkesmannen.no/mr

Lovdata, 2009. www.lovdata.no/

Miljødirektoratet, 2013. *Naturbase*. www.miljodirektoratet.no

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Vedlegg 1 – Verneforskrift Tjørnvågosen naturreservat

Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 4, freding av Tjørnvågosen naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal.

Fastsatt ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 53/1, 7, 8, 14, 36, 38, 41, 87 og 88.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 53 dekar, av dette er ca. 25 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til telteirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4. *Generelle unntak*

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av båt på etablert båtplass.

§ 5. *Eventuelle unntak etter søknad*

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8 og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.

§ 6. *Ferdsel*

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7. *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8. *Skjøtsel*

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova

Nokre viktige bestemmelser i naturmangfaldlova

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

§ 48. *(dispensasjon fra vernevedtak)*

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillattelse både etter verneforskrifta og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillattelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskrifta eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg 3 - Tiltak i Tjørvågosen naturreservat 2013 - 2018

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnad i 1000-kr	Finansiering	Frister	Merknader
Rydde metall frå gammal båltomt	1	SNO	3 ‘		2014	Det vart rydda på dugnad i 2013, men ein forventa at det kjem opp meir metall etter bølgepåverknad.
Fjerne sitkagran, edelgran, platanlønn	1	SNO/ Grunneigar	70 ‘		2014, løpande etter dette	Det vart rydda noko sitkagran og platanlønn i 2013. Det vert viktig å hindre oppslag frå frø.
Fjerne parkslirekne	1	SNO	10 ‘		2014-2015	Behov for gjentakande, kjemisk behandling.
Gjennomføre grenseendring	1	Fylkesmannen/ Miljødirektoratet			2014	Reservatet inneheld huset på Tonninggarden, med hage og dyrka mark. Det er behov for å justere grensa.
Sette opp informasjonstale	2	Fylkesmannen/ SNO	7 ‘		2015	Det må lagast ei informasjonstavle
Fjerne gjengroing med lauvtre med hogst og beiting	2	SNO/ Grunneigar	200 ‘			Kystlandskapet gror att, og manglande hogst og beiting gjev vekst

Vedlegg 4 – Sakshandsaming

Forvaltningsplanen har vore på høyring i perioden 08.11 – 20.12.2013. Høyringa har vore kunngjort i Sunnmørsposten 09.11.2013, Vestlandsnytt 12.11.2013 og på fylkesmannen si heimeside.

Fylkesmannen vurderer dette slik: (etter høyring)



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2013/1377
		Arkiv:	K12

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
8/14	Formannskapet	15.01.2014

FORSLAG TIL FORVALTNINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET - HØYRINGSUTTALE

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet tek forslag til forvaltningsplan for Myklebustvatnet naturreservat til vitande.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Vedlegg

1 Framlegg til forvaltningsplan for Myklebustvatnet naturreservat

Saksopplysningar:

Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke vart freda ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 med heimel i naturvemlova. Føremålet med fredinga er "å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv."

Direktoratet for naturforvaltning har 12.04.2013 gjort ei mindre grenseendring og retta opp eigedomslista for naturreservatet.

Denne planen skal vere eit hjelpemiddel i forvaltninga av vemeområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltningsplanen syner til den vedtekte forskrifta for Myklebustvatnet naturreservat (*kursiv skrift*).

Kvifor vern?

Naturvem byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gir all natur og alle arter ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vem av natur.

Myklebustvatnet

Myklebustvatnet naturreservat dekkjer eit areal på ca. 309 dekar. Av dette er rundt 47 dekar vatn. Resten av arealet har ca. 44 daa skog på impediment, 21 daa myr og 34 daa dyrka mark og beite. Anna jorddekt fastmark utgjer 114 daa, grunnlendt mark litt over 44 daa og myr ca. 45 da.

Topografisk ligg naturreservatet sentralt på Bergsøya på 2-10 meter over havet. Myklebustvatnet er avgrensa av bygningar på alle kantar, med skolar og idrettsanlegg i nord, bustader i vest og aust, og verkstader og forretningar i sør.

Fauna

Vatnet er særleg av interesse som hekkelokalitet, men for enkelte arter og som trekklokalitet og eventuelt overvintringsplass. Etter dei kriteria som er nytta, er førekomsten av 4 arter (alle hekkande) vurdert å vere av regional interesse og 16 arter (15 hekkande) av nasjonal interesse. Dette, saman med den sers tette hekkebestanden av mange arter og stor artsvariasjon av vassfugl, gjev lokaliteten spesielt høg, nasjonal verneverdi.

Friluftsliv og rekreasjon

Delar av områda rundt vatnet er mykje nytta til rekreasjon på sommartid (bar mark). Vatnet blir og nytta til å gå på skeiser på i vintrar med trygg is.

Det er eit lokalt ønskje om å lage ein universelt utforma tursti rundt Myklebustvatnet. Denne er delvis tenkt lagt inne i reservatet. Ein slik sti må ta omsyn til faren for å forstyrre fuglelivet, og difor bør ein utnytte eksisterande gangveggar og gater med liten trafikk. Det kan vurderast å legge ein enkel sti på delar av vestsida av naturreservatet.

Informasjon og formidling

Informasjonstavler er utarbeidd. Ei er sett opp på sørsida ved Statoil-stasjonen, medan ei anna vert sett opp på nordsida når anleggsarbeida nord for reservatet er fullførte. På nordsida vil tavla stå nær mange anlegg og institusjonar som grunnskole, vidaregåande skole, badeland og idrettsstadion. Det skulle liggje til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet.

Utløpskummen

Myklebustvatnet har berre eitt utløp. Dette ligg i austre del av vatnet og renn over ein utløpskum og vidare i kulvert under fylkesveg 654. Det er lekkasjar rundt overløpet, og vatnet er seinka om lag 0,5 meter her i periodar med normal til låg vassføring. Dette medfører fare for igjengroing i nedre del av vatnet, og at det vert dårlegare eigna for vassfugl.

Det er også mistanke om lekkasje gjennom vegfyllinga. Her har det vorte gjort forsøk på å tette mot gangvegfyllinga.

Det vert utgreidd eit prosjekt med å tette rundt overløpskummen. Evt. lekkasjar i vegfyllinga vil måtte vurderast seinare.

Vurdering:

I forslag til forvaltningsplan ser ein at ift. tursti rundt Myklebustvatnet vil det vere strenge føringar for kva som kan akseptast frå Fylkesmannen sitt hald. Ein vil kunne etablere ein grusa tursti rundt heile vatnet, men må truleg ta i bruk eksisterande vegar. Dette gjeld særleg den sørlege delen av vatnet frå Statoilområde og aust mot Grushola og Blåhaugen.

I vedlegg 5, tiltaksliste for Myklebustvatnet, står det oppført tre tiltak som rettar seg mot Herøy kommune med tilhøyrande kostnader:

1	Tette vasslekkasje i vegfylling	200.000 kr
2	Fjerne avrenning med oljehaldig og anna forureina vatn	ukjend
3	Etablere utkikkspunkt	100.000 kr

Det er ikkje sikkert kommune må ta heile kostnaden sjølv, men dette må avklarast gjennom dialog med aktuelle aktørar. Desse tiltak må vidare innlemmast i budsjett og økonomiplanar i kommunen for å sikre midlar til gjennomføring.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Formannskapet tek forslag til forvaltningsplan for Myklebustvatnet naturreservat til vitande.

Vedlegg 5: Tiltak i Myklebustvatnet naturreservat i planperioden 2014 - 2018.

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Kostnad	Finansiering	Frist	Merknad/vurdering
Tette vasslekkasje i vegfylling	1	Kommune, entreprenør	200 '		2014	
Opne vasspegel nedre vatn	2	Entreprenør	500 '			Ikkje utgreidd endå
Fjerne avrenning med oljehaldig og anna forureina vatn	3	Herøy kommune	-			Kommunen er styresmakt
Fjerne framande treslag	4	SNO, entreprenør	200 '			Sitkagran spreier seg i reservatet
Fjerne andre framande planter	5	SNO	50 '			Finst parkslirekne, rynkerose og lupinar i reservatet
Fjerne søppel i vatn og på land	6	SNO, org.	30 '			Eigna som dugnadsarbeid
Fjerne utfyllingar, tippar og hageavfallsdeponi	7	SNO, FM	20 '			
Stelle kulturlandskapet, fjerne gjengroing	8	Organisasjon, grunneigarar	10 '		Årleg	Samarbeid med grunneigar
Skilte mot laushundar, ferdselsforbodet	9	SNO	10 '			
Etablere utkikkspunkt	10	FM, kommune	100 '			
Skjerme mot ny rundkøyning	11	Fylkeskommunen				Dekt av vegmidlar
Overvake fuglelivet	12	SNO, org.			Årleg	
Vegetasjonskartlegging	13	Organisasjon			Kvart 5. år	
Fjerne mink	14	SNO, org.				Samarbeid om fellefangst

Fosnavåg, 25.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Framlegg til forvaltingsplan for
Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune
Høyringsfrist 20.12.2013



Rapport 2013:05

Framsidedfoto. Myklebustvatnet naturreservat sett frå nord-vest. *Foto: Fylkesmannen*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2013:05

Dato:

.....

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET NATURRESERVAT

Forfatter:

Ola Betten, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen for Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune er den2013 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i «Forskrift om vern av Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune m.v.», av 27. mai 1988, pkt. VII, jf. pkt. IX.

Referat:

Myklebustvatnet naturreservat vart verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

Dette er første forvaltingsplanen for Myklebustvatnet. Vi foreslår 6 bevaringsmål for verneverdiane i naturreservatet, og 14 tiltak for å ta vare på verneverdiane.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:


Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, skjøtsel fugl, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf - utgåve) 978-82-7430-275-4

ISSN 1891-876X



Ulf Lucasen
Seksjonssjef



Lindis Nerbø
Miljøverndirektør

Innhald

1. INNLEIING	7
2. NATURGRUNNLAGET	8
2.1 Områdeskildring.....	8
2.2 Egedomsforhold	8
2.3 Historisk bruk av området.....	9
2.4 Naturfaglege verdiar.....	10
2.4.1 Naturtypar.....	10
2.4.2 Vegetasjon.....	10
2.4.3 Fauna	12
2.5 Bevaringsmål.....	13
3. BRUKARINTERESSER	17
3.1 Verneforskrifta og brukarinteressene	17
3.2 Landbruk	17
3.3 Friluftsliv og rekreasjon	18
3.4 Undervisning, formidling og forskning.....	18
3.5 Bygg og tekniske inngrep.....	19
3.5.1 Leidningsnett.....	19
3.5.2 Utløpskummen	20
3.5.3 Bygg og inngrep i randsonene utanfor reservatet.....	20
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	22
4.1 Oppsyn	22
4.1.1 Status og utfordringar.....	22
4.1.2 Tiltak	22
4.2 Skjøtsel og restaurering	22
4.2.1 Status og utfordringar.....	22
4.2.2 Mål	22
4.2.3 Retningsliner	23
4.2.4 Tiltak	23
4.3 Overvaking	23
4.3.1 Status og utfordringar.....	23
4.3.2 Mål	24
4.3.3 Retningsliner	24

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

4.3.4	Tiltak	24
4.4	Informasjon og formidling.....	24
4.4.1	Status og utfordringar	24
4.4.2	Mål	25
4.4.3	Retningslinjer	25
4.4.4	Tiltak	25
5	SAKSHANDSAMING	26
5.1	Forvaltningsstyresmakter.....	26
5.2	Lovverk, føringar og forvaltning	26
5.2.1	Verneforskrifta	26
5.2.2	Naturmangfaldlova.....	26
5.2.3	Forholdet til andre lovverk.....	28
5.2.4	Ferdselsforbodet	28
5.2.5	Tolking og detaljering av unntaksreglane i verneforskrifta	28
5.2.6	Omtale av dei spesielle dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta.....	29
5.2.7	Skjøtsel	29
5.2.8	Generelle dispensasjonsbestemmingar	29
5.2.9	Generelle retningslinjer for saksbehandling.....	30
6	PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD	31
7	KJELDER.....	32
	Trykte dokument	32
	Nettstader	32
	Vedlegg 1 - Verneforskrifta	33
	Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova	36
	Vedlegg 3 - Flybilette frå 2005 Foto: Øivind Leren	38
	Vedlegg 4: Leidningskart Herøy kommune ved Myklebustvatnet	39
	Vedlegg 5: Tiltak i Myklebustvatnet naturreservat i planperioden 2014 - 2018.....	40
	Vedlegg 6: Saksbehandling av forvaltingsplanen for Myklebustvatnet naturreservat.....	41
	Høyring:	41
	Fylkesmannen si vurdering:	41


1. INNLEIING

Myklebustvatnet naturreservat i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke vart freda ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 med heimel i naturvernlova. Føremålet med fredinga er ”å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.”

Direktoratet for naturforvaltning har 12.04.2013 gjort ei mindre grenseendring og retta opp eigedomslista for naturreservatet. Den juridisk gjeldande grensa for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:4.000 datert Direktoratet for naturforvaltning april 2013. Merkinga av vernegrensa i terrenget vart gjort av fylkesmannen med GPS-utstyr etter dei grensene som vart vedtekne i kongeleg resolusjonskartet. Grenseendringa er ikkje målt inn pr. 01.11.2013.

Det faglege grunnlaget for vernet er utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke frå 1982 med førearbeida til denne. Dette er første generasjon forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat.

Denne planen skal vere eit hjelpemiddel i forvaltninga av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon. Planen skal òg utdjupe og konkretisere vernereglane for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og forvaltning av verneområdet. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltingsplanen syner til den vedtekne forskrifta for Myklebustvatnet naturreservat (*kursiv skrift*).



Figur 1 Myklebustvatnet naturreservat og nærliggande verneområde i Herøy og Ulstein

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gir all natur og alle arter ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Myklebustvatnet er eit lite område i areal, men er eit viktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter og for fugl under trekk og overvintring.

Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som naturreservat etter naturvernlova (no den nye naturmangfaldlova, forkorta NML) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.

2. NATURGRUNNLAGET

2.1 Områdeskildring

Myklebustvatnet naturreservat dekkjer eit areal på ca. 309 dekar. Av dette er rundt 47 dekar vatn. Resten av arealet har ca. 44 daa skog på impediment, 21 daa myr og 34 daa dyrka mark og beite. Anna jorddekt fastmark utgjer 114 daa, grunnlendt mark litt over 44 daa og myr ca. 45 da.

Topografisk ligg naturreservatet sentralt på Bergsøya på 2-10 meter over havet. Myklebustvatnet er avgrensa av bygningar på alle kantar, med skolar og idrettsanlegg i nord, bustader i vest og aust, og verkstader og forretningar i sør.


Bergartene rundt heile reservatet består av ulike gneisar og granittutformingar. Begge desse bergartsgruppene forvitrar seint, er næringsfattige og har relativ lav pH. Av lausmassar finn vi moreneavsettingar og restar av marin strandavsettingar. Mykje av lausmassane er erodert bort, og det er stadvis svært tynt lausmassedekke. Mindre område med myr og torvmark grensar òg inn til vatna.

I området er det eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter som er typisk for kysten her i regionen. I Herøy ligg temperaturen på 2,0 °C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er ca. 14 °C. Herøy har ein årsnedbør på rundt 1300 mm.

2.2 Eigedomsforhold

I følge den justerte verneforskrifta omfattar naturreservatet følgjande gnr/bnr: 29/2, 9, 14, 18, 21, 38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 4, 21, 32; 37/2, 3, 5, 6, 9, 12, 26, 40, 67, 100, 171, 229, 270, 273, 314, 318, 323, 396, 409 og 412.

Vi tek atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn. Den vedtekne vernegrensa er merka i terrenget etter kart som følgde vernevedtaket i 1988. På enkelte stader er det manglande samsvar mellom dei nedsette grensemerka og det juridisk bindande vernekartet frå 1988. Dette vart retta opp ved grenseendringa i 2013.




Figur 2 Myklebustvatnet naturreservat med ny grense frå april 2013

2.3 Historisk bruk av området

Historisk har Myklebustvatnet naturreservat med omkringliggjande areal vore i bruk av menneske som naturressurs i uminnelege tider. Det har vore husdyr på beite på holmane ute i vatnet, og det er dyrka areal både på vest- og sør-austsida av reservatet. Det var fleire småbruk i drift rundt vatnet tidlegare tider, jf. også biletet på figur 3.

Tidlegare har det gått sjøaure opp i vatnet, men dette er no hindra av gjengroinga og fylling/kum i utløpsområdet.



Figur 3 Vestre del av Myklebustvatnet på 60-talet. Vatna og terrenget rundt var opnare. Foto: Fotograf ukjent.

2.4 Naturfaglege verdier

2.4.1 Naturtypar

Den naturfaglege skildringa i planen er stort sett henta frå forarbeida til vernet, kartlegginga av biologisk mangfald i Herøy (Jordal & Grimstad, 2001) og einskildundersøkingar utarbeidd i etterkant av vernet. Vi har òg supplert med informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap. Myklebustvatnet er som prioritert naturtype verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eitt av dei mest velutvikla næringsrike låglandsvatna i fylket, med rik flora og fauna.

Aktuelle naturtypar etter DN handbok nr. 13 er; Fragment av kystmyr A08, Rik kulturlandskapssjø E08 og Kystlynghei D07.

2.4.2 Vegetasjon

Vatnet er som nemnt eitt av dei få næringsrike låglandsvatna i fylket, og det har ein variert vegetasjon med omgjevande knausar, kystlynghei og myr. I sjølve vatnet er det store areal med høgstorrsump, mindre opne vassflater med flytebladvegetasjon, langskotvegetasjon og kortskotvegetasjon (Vegetasjonstypane O3, P1, P2, P3, P4).

Artsfunn: Folkestad (1976a) har karplanteliste for vatnet. Flytebladvegetasjonen inneheld tjønnaks, kysttjønnaks, grastjønnaks, rusttjønnaks, småtjønnaks, og truleg bendeltjønnaks, vidare flotgras, andmat og småpiggnopp. Det har ikkje lukkast å finna att bendeltjønnaks i

2000, men det var ei ulempe at ein ikkje hadde tilgang på båt, berre dregg. Denne arten har vore rekna som utrydda i Noreg, men er no kjent frå nye lokalitetar. Elles er det kjent tusenblad, hesterumpe, klovasshår, storblærerot, gytjebærerot og småblærerot. I 2000 vart det også funne ein steril kransalge som anten er *Nitella flexilis* eller *N. opaca* (bestemt av A. Langangen). Den første av desse står på raudlista. Det vart elles funne stor mosekantarell (*Arrhenia lobata*), ein sopp som veks på mosar i myr- og sumpvegetasjonen, dette er 2. funn i fylket. På ein av holmane er det funne lodnebregne, den einaste kjende funnstaden i Herøy. Andre interessante artar i området er hagtorn, vårmarihand, sverd Lilje og purpurlyng.

Fragment av kystmyr A08

Rundt vatna finn vi restar av myr i ulike gjengroingsfasar. I følgje Skog og landskap sin markslagstatistikk utgjer myr 21 dekar av det verna området. Myrane er i hovudsak jordvassmyr. Mange artar i vår flora og fauna har desse myrane som sin einaste levestad i heile eller delar av året.

Rik kulturlandskapssjø E08

Denne naturtypen omfattar innsjøar i kulturlandskapet og vert kjenneteikna av relativt næringsrikt vatn. Mykje av næringsrikdomen i Myklebustvatnet kjem frå avrenning frå kulturlandskapet og tidlegare tiders utslepp av kloakk. Naturtypen er viktig fordi den er av dei mest artsrike ferskvassførekomstane våre og er viktig leveområde for næringskrevjande planter og dyr i ferskvatn.

Kystlynghei D07

Naturtypen er resultatet av kulturpåverknad ved at skog vart hogd og brent saman med lyng, og så har husdyrbeite og gjenteken lyngbrenning skapt ei lynghei med i hovudsak ung røsslyng. I Myklebustvatnet finn vi denne naturtypen på dei høgste haugane der det ikkje er våtmark. Kystlyngheia er i tilbakegang pga. manglande beite og gjengroing med sitkagran og andre treslag.

Truslar

Rike kulturlandskapssjøar er utsette for ei rekkje truslar. Overgjødsling i form av tilsig av næringsstoff frå landbruk, kloakk m.v. kan føre til algeoppblomstring, attgroing i vatnet og oksygenvikt som igjen har negative konsekvensar særleg for botnlevande dyr og planter. Tilsig av anna forureina vatn som t.d. oljehaldig avløpsvatn er òg ein generell trussel mot vassdrag.

Driftsformene i jordbruket har endra seg radikalt dei siste 50 åra. Mellom anna er beite av husdyr som storfe og sau slutt i Myklebustvatnet. Dette fører til attgroing og endra samansetting av planteartar spesielt i opne landskap som kystlynghei og myr. Innføring av utanlandske treslag som sitkagran er òg med på å endre vegetasjonsbiletet, det tørkar opp grunnen, og gjev grunnlag for gjengroing med lauvtre og andre naturleg førekommande artar.

Andre framande planteartar er i ferd med å etablere seg i og inntil Myklebustvatnet. Dette er gjerne hageplantar som spreier seg ved uttømming av hageavfall eller naturleg spreing. Både

parkslirekne og rynkerose er observert, og også hagelupin vil kunne etablere seg i dei tørraste delane av reservatet.

Seinking av vasstanden i nedre del av reservatet gjev også vegetasjonsendringar. Vegetasjon i opne vassflater vert erstatta med sumpvegetasjon, som for sin del kan bli utkonkurrert av fastmarksvegetasjon i ytterkantane.

2.4.3 Fauna


Vatnet er særleg av interesse som hekkelokalitet, men for enkelte arter og som trekklokalitet og eventuelt overvintringsplass. Etter dei kriteria som er nytta, er førekomsten av 4 arter (alle hekkande) vurdert å vere av regional interesse og 16 arter (15 hekkande) av nasjonal interesse. Dette, saman med den sers tette hekkebestanden av mange arter og stor artsvariasjon av vassfugl, gjev lokaliteten spesielt høg, nasjonal verneverdi. Fuglefaunaen representerer eit typisk, næringskrevjande slettesjøsamfunn, med dei fleste, sørlege, kravfulle våtmarksarter i Noreg representert, bl.a. 8 hekkande andearter av 15 andefuglartar påviste, samtlege norske riksefuglartar regelmessig i hekketida, 12 vadefuglartar, ein heller stor fiskemåsekoloni og ein god bestand av fleire våtmarksavhengige småfuglartar, m. a. sivsongar. Det er kjent padde, stingsild, ål og aure i vatnet (Folkestad 1976a, Fylkesmannen i MR 1982).

Ei enkel kartlegging i 2013 av Ingar Bringsvor (upubl.) har påvist ein sivsongar, men ingen nattsongarar eller rikser. Her var hekkande grågås, minst 5 par fiskemåse, stokkand og ei knekkand. Det er påvist vassrikse i 2012 og myrrikse i 2011 (artsobservasjoner.no).

Av større pattedyr beiter hjort i området.



Figur 4 Sivspurv hekkar i reservatet Foto: Jens Nygård



Figur 5 Vassnymfe, hann Foto: Fylkesmannen

Truslar

Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og varierer frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadene/truslane langt utanfor grensene til verneområdet. Enkelte fugleartar krev opne areal for å hekke og for å føle seg trygge under søk etter næring. Slik sett er den tiltakande gjengroinga av Myklebustvatnet negativ. Minken utgjør òg ein trussel i enkelte lokalmiljø. For å halde bestanden av mink lågast mogleg bør ein stimulere til fangst av denne arten.

Myklebustvatnet er eit lite naturreservat, og det er bygd inntil reservatet på alle kantar. Dette utgjør ein risiko for forstyrring av sårbare fugleartar, og særleg negativt kan dette vere i hekketida.

2.5 Bevaringsmål

Formålet med Myklebustvatnet naturreservat er etter forskrifta kap. III, å *«ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.»*

Verneforskrifta skal konkretiserast mellom anna gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for naturreservatet. Bevaringsmåla viser i hovudsak kva naturtypar/kvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet. I denne planen er naturtypane for Myklebustvatnet delt i tre kategoriar. Det er definert seks bevaringsmål for reservatet, sjå tabell 1 og tilhøyrande kart. For alle vatn som er verna er det naturleg å sjå på kjelder som påverkar vasskvaliteten, sjølv om desse ligg utanfor det verna området. Fylkesmannen som forvaltingsstyresmakt for verneområdet har inga myndigheit utanom det området som er verna, men kan oppmode andre forvaltingsorgan, kommunen og grunneigarar til å ta den totale belastinga til vatnet og føre var prinsippet i den daglege forvaltinga. For Myklebustvatnet er det viktig for verneformålet å ha open vassflate og halde dei andre areala nær vatnet opne.

For å kunne definere gode og målbare bevaringsmål, må ein ha kunnskap om naturkvalitetane ein ønskjer å bevare. Ein må òg ha kunnskap om utviklinga av dei ulike naturtypane over tid.



Figur 6 Brunnakkepar Foto: Fylkesmannen

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

Naturen er i endring både med og utan menneska sin påverknad. Eit forvaltingsmål bør derfor vere å auke kunnskapen om naturkvalitetane i det verna området. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk naturforvaltning. Bevaringsmåla i denne planen kan verte justert når arbeidet med nasjonale standardar for bevaringsmål for ulike naturkvalitetar er ferdig.

Forklaringar på uttrykk som går igjen i planen:

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar. Naturtypane er kartlagt etter nærare rettleiarar, som DN-Handbok nr. 13 eller Naturtypar i Norge (NiN-systemet).

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

Retningsliner


Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til brukarinteressene i eit verneområde. Slike mål er knytt opp mot friluftsliv, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

Bevaringsmål for Myklebustvatnet naturreservat

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Rik kultur-landskapssjø E08	Hekkende ender	Årleg hekking av krikkand, stokkand, brunnakke og toppand	Feltobservasjon av SNO/ornitologar	Middels	Unngå inngrep og forstyrningar, halde stor nok open vassflate
2	Rik kultur-landskapssjø E08	Overvintrande sangsvanar	Sangsvanar skal beite årleg	Feltobservasjon av SNO/ornitologar	Middels	Unngå inngrep og forstyrningar, halde stor nok open vassflate
3	Rik kultur-landskapssjø E08	Førekost av myrrikse og vassrikse	Årleg førekost av myrrikse og vassrikse, og sannsynleg hekking	Feltobservasjon av SNO/ornitologar	Ukjent	Unngå inngrep og forstyrningar
4	Blanda kulturlandskap	Hekking av kravfulle sangarar	Hekking av grashoppesongar, tornsongar og sivsongar	Feltobservasjon av SNO/ornitologar	Middels grunna gryande attgroing	Unngå inngrep og forstyrningar
5	Randsoner	Innslag av rynkerose, hagelupin og parkslirekne	Det skal ikkje finnast rynkerose, hagelupin eller parkslirekne i reservatet	Feltobservasjonar etter gjennomført tiltak	Middels grunna eksisterande førekomst	Fjerne etablerte bestand, og hindre oppslag av nye plantar.
6	Kystlynghei D07	Innslag av framande treslag, gjengroing	Det skal ikkje finnast sitkagran i reservatet, kystlyngheia skal vere open	Fotodokumentasjon, flybilete	Middels	Fjerne treoppslag og gjenvekst

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat



Figur 7 Bevaringsmål for Myklebustvatnet naturreservat

3. BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteressene

Verneforskrifta er grunnlaget for kva som er tillate innafor Myklebustvatnet naturreservat. I dette kapittelet og kapittel 5 vil dei aktuelle reglane i verneforskriftene bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene. For kvart tema er det sett opp eit sett med retningsliner for aktivitetar og forvaltingspraksis.

Verneforskriftene er bygd opp slik at kapittel IV i forskrifta gjev eit oversikt/opplisting over kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor verneområdet. I kapittel V går det fram kva for aktivitetar som er unnateke frå forboda i kapittel IV, mens det i kapittel VI er ei oversikt over kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode etter kapittel IV, og ikkje nemnt i kapittel V eller gitt løyve til etter kapittel VI, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel etter søknad gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldlova. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Landbruk

I nedslagsfeltet til reservatet er det i dag ikkje lenger aktiv jordbruksdrift, og alt husdyrbeite er opphøyr. Det er gamle beite- og slåttemarkar i gjengroing i vestkanten av reservatet. Det er planta sitkagran i nordre delar av reservatet. Nye tre veks opp andre stader i reservatet.

Verneforskrifta for Myklebustvatnet kapittel IV, nr. 1 fastslår at: «*All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging*».

For landbruket er det avgjerande at verneforskrifta i følge kapittel V, ikkje er til hinder for:

- *Drift av dei jordbruksareal som fell innafor reservatet*
- *Vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmaktene er varsla.*

Dersom ein skal setje opp nye faste eller flyttbare gjerde må det søkjast om dispensasjon etter § 48 i den nye NML. Dette gjeld òg for elektriske gjerde. Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til beiting for å halde nede vegetasjonen, og det vil normalt kunne påreknast at det vert gjeve løyve til gjerding som ikkje skader andre interesser i reservatet.

Framande plantearter for landsdelen kan på sikt øydeleggje den naturlege vegetasjonen i delar av verneområdet, og kan utgjere ein trussel mot leveområdet til fuglane og stadeigen vegetasjon dersom dei får setje frø og spreie seg.

Retningslinjer for landbruket

- Ein vil stimulere til beiting rundt vatnet for å halde landskapet ope.
- Det er eit mål å halde reservatet mest mogleg ope for trevegetasjon.
- Fjerne enkeltførekomstar av framande treslag inne i verneområdet.

3.3 Friluftsliv og rekreasjon

Delar av områda rundt vatnet er mykje nytta til rekreasjon på sommartid (bar mark). Vatnet blir òg nytta til å gå på skeiser på i vintrar med trygg is.

Området er ikkje eigna til fiske, og for det er forbod mot jakt i naturreservatet, jf. kap. IV, punkt 2: «*Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf. § 3 i viltlova. Jakt, fangst, bruk av skytevåpen er forbode. Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate.*» Vi gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i NML av 01.07.2009. Det kan opnast for fangst av mink med slagfeller som eit skjøtselstiltak for å hindre predasjon på fugl og fugleungar.

Det er ferdselsforbod til fots i Myklebustvatnet naturreservat i perioden 1. mars – 31. oktober. Ein vil her presisere at det er bandtvang på hund heile året inne i verneområdet. Elles gjeld friluftslova med sine rettar og plikter i det verna området.

Det er eit lokalt ønskje om å lage ein universelt utforma tursti rundt Myklebustvatnet. Denne er delvis tenkt lagt inne i reservatet. Ein slik sti må ta omsyn til faren for å forstyrre fuglelivet, og difor bør ein utnytte eksisterande gangvegar og gater med liten trafikk. Det kan vurderast å legge ein enkel sti på delar av vestsida av naturreservatet.

Retningslinjer for friluftsliv og rekreasjon

- Det er ferdselsforbod i tida 1. mars – 31. oktober
- Ut over dette skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel og ved behov kan ferdsel kanaliseras bort frå dei mest sårbare områda
- Jakt er forbode
- Det er heilårs bandtvang for hundar

3.4 Undervisning, formidling og forskning

Informasjonstavler er utarbeidd. Ei er sett opp på sørsida ved Statoil-stasjonen, medan ei anna vert sett opp på nordsida når anleggsarbeida nord for reservatet er fullførte. På nordsida vil tavla stå nær mange anlegg og institusjonar som grunnskole, vidaregåande skole, badeland og idrettsstadion. Det skulle liggje til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet. Faglege tema finst både i vegetasjon, ferskvatn, fugleliv, anna dyreliv og lokalhistorie. Skulen kan kombinere ekskursjonar med bruk av informasjon om området på nett. Undervisninga må tilpassast ferdselsforbodet i tida 01.03 – 31.10.

Ein framtidig tursti rundt Myklebustvatnet kan brukast i informasjonssamanheng. Det kan etablerast enkelte utkikkspunkt med informasjon.

Fagstoff om Myklebustvatnet naturreservat finn ein mellom anna på naturfaglege internettsider som; www.miljodirektoratet.no, www.artsdatabanken.no, www.fylkesmannen.no og www.miljostatus.no.

Retningslinjer for undervisning, formidling og forskning

- Det skal setjast opp informasjonstavle på eigna plassar rundt det verna området.
- Det kan leggjast til rette for undervisning og formidling innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformålet.

3.5 Bygg og tekniske inngrep

3.5.1 Leidningsnett

Myklebustvatnet ligg nedstraums mange bustader, offentlege bygg og næringsbygg, og det går mange ulike vassleidningar i og inntil reservatet. Vi vil vise til vedlegg 6 for detaljar. Det er ønskeleg at mest mogeleg vatn vert ført til naturreservatet, og difor vert overvassleidningar ført dit. Det er 2 overvassleidningar frå tette flater i nord, frå parkeringsareal ved badeanlegget og idrettsbanane, som vert ført ut i nordre vatnet etter reinsing i oljeutskiljar. Tilsvarende vert ei overvassleidning frå bustadområda vest for reservatet ført ut i sør-vestre vatnet. Spillvassleidningar for kloakk vert ført vekk frå vatnet og til reinseanlegg utanfor feltet. Det går leidningar inne i reservatet på vestsida og langs grensa i sør.



Figur 8 Det går spillvass- og overvassleidningar langs grensa i sør

3.5.2 Utløpskummen

Myklebustvatnet har berre eitt utløp. Dette ligg i austre del av vatnet og renn over ein utløpskum og vidare i kulvert under fylkesveg 654. Det er lekkasjar rundt overløpet, og vatnet er seinka om lag 0,5 meter her i periodar med normal til låg vassføring. Dette medfører fare for igjengroing i nedre del av vatnet, og at det vert dårlegare eigna for vassfugl.

Det er også mistanke om lekkasje gjennom vegfyllinga. Her har det vorte gjort forsøk på å tette mot gangvegfyllinga.

Det vert utgreidd eit prosjekt med å tette rundt overløpskummen. Evt. lekkasjar i vegfyllinga vil måtte vurderast seinare.



Figur 9 Det er store lekkasjar rundt overløpskummen, og nedre del av vatnet er seinka minst 50 cm pga. dette.

3.5.3 Bygg og inngrep i randsonene utanfor reservatet

Myklebustvatnet ligg som tidlegare nemnt svært nær store bygningsmassar, vegar og andre tekniske anlegg. Dette kan gje uheldige verknader på naturreservatet ved forstyrring, støy, forureining og fysiske endringar. Dersom ein skal ta vare på Myklebustvatnet naturreservat på ein god måte, må ein ta omsyn til dette også ved aktivitetar og tiltak utanfor. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil oppmode grunneigarar, Herøy kommune og andre styresmakter til å vise varsemnd også i randsona og nedslagsfeltet til det verna området. Vi syner òg her særskild til naturmangfaldlova § 49 *“utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde”*. Plan og bygningslova gir òg signal om å vise varsemnd i randsona til verna område gjennom PBL § 11-8 omsynssoner og § 12-6 omsynssoner i reguleringsplan.

I april 2013 vart det gjort ei grenseendring i nord-vestre del av reservatet for å kunne få plass til ei omlegging av fylkesveg 654 med ei ny rundkøyring og gangveg langs denne. Dette medfører fylling ut i det som tidlegare var naturreservat, og meir menneskeleg ferdsel langs

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

randsona. Det er behov for avbøtande tiltak her ved støyskjerm og etablering av avskjermande vegetasjon.

Ei vanleg utfordring nær bygningar er at det oppstår overskottsmassar, avfall eller eit arealbehov for å plassere ulike installasjonar og gjenstandar. Når reservatet ligg så nær, kan dette medføre at dette vert plassert i dette. Ved synfaringar er det påvist at det er plassert hageavfall, overskottsmassar av jord, betong og asfalt, leikeapparat m.v. i reservatet. Det er også opparbeidd delar av eigedommar inne i reservatet.

Det er viktig å informere om kor grensene går, og kva som er tillate inne i reservatet. Det er behov for å fjerne slike mindre påverknader, og dette må skje i eit tett samarbeid med grunneigarane.

Retningsliner for bygningar og tekniske anlegg

- Nye bygningar og anlegg skal ikkje oppførast i verneområdet.
- Det skal ikkje sleppast ut forureina avløpsvatn til reservatet.
- Overvatn frå det naturlege nedslagsfeltet skal førast inn i reservatet etter evt. oljeavskiljing.
- Utløpskummen skal tettast slik at vasstanden blir heva og alt vatn går ut via overløpet.
- Det skal ikkje plasserast overskottsmassar, hageavfall eller gjenstandar i reservatet, og eksisterande bør fjernast.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Oppsyn

4.1.1 Status og utfordringar

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at vernebestemmingane og vilkåra i eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsynet i verneområda i Noreg.

SNO har oppsynsstyresmakt i medhald i lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn og politistyresmakt etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdsellova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeføva og delar av forureiningsføva). SNO-Molde har ansvaret for oppsynet i reservatet. I tillegg til kontrolloppgåvene etter disse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, overvaking og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen og er nærare presentert i denne planen.

4.1.2 Tiltak

- 1) SNO besøker området årleg, jf. bestillingsdialogen.
- 2) Infotavlene og andre skilt skal haldast i stand til ei kvar tid.

4.2 Skjøtsel og restaurering

4.2.1 Status og utfordringar

Myklebustvatnet naturreservat står i fare for gjengroing. Det er planta framande bartre fleire steder i reservatet, i hovudsak sitkagran. Også stadeigen lauvskog brer seg pga. manglande beitetrykk.

Vassstanden er endra ved at det er lekkasjar rundt overløpskummen, og vatnet er seinka med ca. 0,5 m ved denne. Dette gjev vegetasjonsendringar i det nedste bassenget.

4.2.2 Mål

Mål ved ulike skjøtels- og restaureringstiltak kan oppsummerast slik:

- 1) Sikre og bevare artsmangfaldet og landskapsbildet i vatna og sump- og heiområda inntil.
- 2) Reetablere ein vasstand tilsvarande den før overløpet og vegfyllinga nedstraums vatna vart bygd.
- 3) Unngå gjengroing i landdelen av naturreservatet med framande artar og naturleg førekommande lauvskog og kratt.

4.2.3 Retningslinjer

- 1) Alle skjøtels- og restaureringstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO.
- 2) Aktive tiltak som krev inngrep i felt bør skje utanfor hekketida.
- 3) Tilbod om gjennomføring av skjøtsel og restaurering skal om mogeleg tilbydast grunneigarane og lokale organisasjonar, jf. naturmangfaldlova § 47.

4.2.4 Tiltak

- 1) Fylkesmannen er ansvarlig for fjerning av framande planteartar, og skal samarbeide med grunneigarane. Arbeidet bør startast raskast mogeleg.
- 2) Fylkesmannen er ansvarleg for å restaurere vatna og heve vasstanden. Dette bør startast seinast i 2015.



Figur 10 Tiltakande gjengroing med rynkerose

4.3 Overvaking

4.3.1 Status og utfordringar

Tidligere var det store verdier knytt til fuglelivet i naturreservatet. Det har skjedd endringar i samansetnaden i fuglelivet, utan at det er gjennomført systematiske undersøkingar som dokumenterer tilstanden. Det vil bli bygd ei ny rundkøyning med gangveg på fylkesveg 654 i

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

nord-vestre del av reservatet. Det er behov for overvaking for å fange opp langtidsendringar og dokumentere effekten av ny vegbygging.

Området gror att, og dette trugar naturlege førekommande planteartar i lyngheiene. Ein art som purpurlyng (NT) vil vere sårbar for gjengroing. Det krevst difor overvaking av plantelivet.

4.3.2 Mål

- 1) Registreringer i Myklebustvatnet naturreservat skal gje nødvendig kunnskap for å definere operative bevaringsmål og treffe nødvendige skjøtselstiltak for å nå målsettingane.
- 2) Overvaking av fugle- og plantebestandene i Myklebustvatnet naturreservat skal gje kunnskap om utviklinga til artane.

4.3.3 Retningslinjer

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for å etablere overvaking av naturkvalitetane i Myklebustvatnet naturreservat, og sett arbeidet bort til Statens naturoppsyn, eigna firma eller kompetent organisasjon.
- 2) Resultata av overvakinga skal rapporterast til Fylkesmannen årleg.
- 3) Utviklinga og tilstanden til naturkvalitetane skal evaluerast, slik at bevaringsmål kan tilpassast eit betre kunnskapsgrunnlag.

4.3.4 Tiltak

- 1) Fylkesmannen skal i løpet av 2014 sette i gang registrering av fuglebestanden i reservatet. Registreringa skal spesielt dekke hekkesesong og vintersesong.
- 2) Vegetasjonen i Myklebustvatnet skal kartleggast seinast frå 2015 av. Dette er særleg viktig for å registrere effekten av skjøtselstiltak.

4.4 Informasjon og formidling

4.4.1 Status og utfordringar

Det er satt opp ytterligere 2 informasjonstavler på andre steder i reservatet. Ut over denne er det grensemerker eller verneskilt flere steder.

Naturreservatet ligger rett ved tettstaden Fosnavåg som har bystatus. Her er betydelig ferdsel til alle årstider, og mange er ute etter å oppleve hav og kystnatur. Ein vil finne mange i målgruppa potensielle besøkande i Myklebustvatnet.

Naturreservat har eit stort potensiale for bruk i undervisning. Det er grunnskole og vidaregåande skole eit steinkast frå reservatet, og det ligg difor godt til rette for å basere naturfagundervisninga på element fra Myklebustvatnet.

4.4.2 Mål

- 1) Informasjonsplakaten skal til ei kvar tid ha korrekte opplysningar om naturverdiane eller naturkvalitetane.
- 2) Besøkande til området skal få god informasjon om vernekvalitetane.
- 3) Skoleverket skal kunne bruke naturreservatet til naturfagundervisning .

4.4.3 Retningslinjer

- 1) Informasjonsmaterialet skal utarbeidast av Fylkesmannen eller av den han utpeikar til å gjere arbeidet. Det skal likevel kvalitetssikrast av Fylkesmannen.
- 2) Det skal vere eit godt samarbeid med andre instansar.
- 3) Informasjonen skal ikkje medføre auka belastning på naturreservatet og fare for brot på ferdselsforbodet.

4.4.4 Tiltak

- 1) Informasjonstavlene skal haldast oppdaterte og i god stand.
- 2) Det skal etablerast eigna utkikkspunkt til reservatet med informasjon.
- 3) Fylkesmannen kan bidra til å lage eigna undervisningsmateriell om reservatet og verdiar ein finner der.
- 4) Det skal informerast om Myklebustvatnet på naturbase.no og andre eigna nettstader.



Figur 11 Infotavle Foto: Statens naturoppsyn

Sjå vedlegg 5 med alle prioriterte tiltak i planperioden.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltningsstyresmakter

Ansvar for forvaltninga av Myklebustvatnet naturreservat involverer følgjande styresmakter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakta for miljøforvaltninga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedtatt blir gjennomført. MD er overordna styresmakt for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldlova.
- 2) **Miljødirektoratet (MID)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova. MID avgjer kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for det enkelte verneområdet. MID er klageinstans for vedtak som forvaltningsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. Miljødirektoratet skal også rettleie forvaltningsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsstyresmakt for Myklebustvatnet naturreservat.
- 4) **Herøy kommune** er styresmakt på fleire av dei andre lovverka som kan få verknad innan fredingsområdet, eksempelvis plan- og bygningslova og motorferdsellova.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta for Myklebustvatnet naturreservat ligg vedlagt i kapittel 8.1. Sjølv om den generelle dispensasjonsheimelen i forskrifta kap. VIII no er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, slår overgangsbestemmingane i § 77 fast at eldre vernevedtak fortsatt gjeld inntil Kongen måtte bestemme noko anna. Miljødirektoratet har utarbeidd eit rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter» (DN 2010) som vert lagt til grunn for saksbehandlinga.

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredings-tidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i forhold til verneformålet, og viss verneverdiane blir forringa, er det Fylkesmannen sitt ansvar at nødvendige tiltak blir igangsett. Forvaltninga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen. Forvaltningsplanen for Myklebustvatnet naturreservat er planlagt å rullerast kvart 10. år for å kunne fange opp eventuelle endringar i verneområdet (jf. kapittel 6).

5.2.2 Naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg styresmakt, og det skal framgå av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga.

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

Prinsippa skal brukast også ved forvaltning av eksisterande verneområde, her under utarbeiding av forvaltingsplaner.

Etter § 8 i naturmangfaldlova skal offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimelig, bygge på vitenskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, naturtypane si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonars erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast. Det er opp gjennom åra gjennomført ulike naturfaglege undersøkingar i Myklebustvatnet naturreservat, og det føreligg fleire rapporter som dokumenterer naturkvalitetane. Dette kunnskapsgrunnlaget er lagt til grunn i forvaltingsplanen. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, bl.a. i samband med vurdering av skjøtselstiltak.

Ut frå dagens kunnskap, vil tiltaka som blir foreslått og den forvaltningspraksisen som er skissert i forvaltingsplanen, neppe ha nokon særleg negativ innverknad på artane og naturtypane som ein ønskjer ivareteke gjennom vernet. Tvert imot vil aktive skjøtelses- og restaureringstiltak forbetre situasjonen for naturtypane myr, kystlynghei og rik kulturlandskapsjø. Heving av vasstanden i nedre del vil også kunne tilbakeføre situasjonen i retning naturtilstanden. Forvaltingsplanen er utarbeidd innafor ramma av dei restriksjonane som er sett i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltingsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsynlegheit vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Den føreliggjande kunnskapen om artene sin bestandssituasjon, naturtypane si utbreiing og økologisk tilstand i denne saka, blir vurdert å vere tilstrekkeleg for å utarbeide den føreliggjande forvaltingsplanen, og retningslina om kunnskapsgrunnlaget i § 8 vert sett på som oppfylt. Føre-var-prinsippet vert difor tillagt lita vekt i denne saken, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltingsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere svært relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltingsplanen er det utarbeidet nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gje eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, får ingen særleg verknad, ettersom verneforskrifta som forvaltingsplanen bygger på legg vesentlege avgrensingar på kva tiltak som kan gjerast i området. Dei tiltaka som vil kunne gjennomførast vert vurdert til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem.

Prinsippa i § 12 vert vurdert til å vere relevante. Prinsippet om beste tilgjengelige teknikkar og driftsmetodar blir vurdert som aktuelt bl.a. i samband med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering blir vurdert som relevant i ved m.a. behandling av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gjevast og eventuelt kva

vilkår som bør setjast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å vere best mogeleg tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta vere på. Gjennom den overvakinga av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. gjere korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

5.2.3 Forholdet til andre lovverk

Det strengaste lovverket er gjeldande for området. Det er viktig å merke seg at andre lover og forskrifter gjelder i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldlova, noko som medfører at det kan vere behov for å innhente løyve frå f.eks. kommunen. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i de fleste tilfelle vere nødvendig med både dispensasjon frå motorferdsellova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare bestemmingar vedrørande bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er derfor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova avgrensar ikkje rådigheitsutøvinga utanfor verneområdet, ut over at naturmangfaldlova § 49 fastset at ein skal ta omsyn til verneområdet i løyve for tiltak som kan innverke på verneverdiane.

5.2.4 Ferdselsforbodet

I verneforskrifta pkt IV, 4, fjerde ledd, vert fastsett eit ferdselsforbod i området i perioden 1. mars til 31. oktober. Dette ferdselsforbodet gjelder likevel ikkje drift av jordbruksareal og vedlikehald av grøfteutlaup og teleliner/kablar. Dette er ikkje berre knytt til grunneigarane personleg, men også andre som opptrer pva. grunneigaren under næringsdrift. Eit eksempel på dette kan være tilsette eller firma som grunneigaren har hyra til næringsdrifta.

5.2.5 Tolking og detaljering av unntaksreglane i verneforskrifta

I kapittel V i verneforskrifta er det lista opp ei rekke aktivitetar som kan utførast utan spesielt løyve eller dispensasjon frå forvaltningsstyresmakta. For å sikre ei mest mogeleg konsekvent forvaltning og klåre rammevilkår for ulike brukarinteresser kan det være ønskjeleg å omtale desse litt nærare og konkretisere innhaldet i de tilfella det kan oppstå tvil om korleis dei skal forståast:

- Nr. 1 slår fast at forbodsbestemmingane i kapittel IV ikkje er til hinder for militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtels- og forvaltningsformål. Dette er ei standardformulering som med nyansar er innteke i forskriftene for alle verneområde i Noreg. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd for dei aktuelle formåla og det er viktig å presisere at ingen privatpersoner på eiga hand kan utføre aktivitet i medhald av denne bestemminga.

- Nr. 2 gir rett til slått, beiting og annen etablert jordbruksdrift i og inntil det freda området. Beiting er et ønskelig skjøtselstiltak, og dette treng ikkje løyve. Oppføring av alle typar gjerde er derimot søknadspliktig.
- Nr. 3 opnar for vedlikehald av grøfteutløp som er tatt tidligare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal. Før slikt vedlikehald skal forvaltningsmyndigheten varslast og kan sette nærare vilkår for dette arbeidet dersom det er ønskeleg ut frå verneomsyn. Slik varsling kan skje på e-post eller telefonisk der det haster å få gjennomført tiltaket. Normalt bør dette varslast minst ei veke før tiltaket skal startast.
- Nr. 4 gir høve til å vedlikehalde eksisterande teleliner/kablar. Vi er ikkje kjent med at det går slike i naturreservatet.

5.2.6 Omtale av dei spesielle dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta

I kapittel VI finst ein del spesifiserte aktivitetar og føremål som forvaltningsstyresmakta kan tillate etter søknad. Ved behandling av slike søknader vil det med utgangspunkt i prinsippa i naturmangfaldlova, bli lagt særleg vekt på verknaden av tiltaket på verneformålet.

- Nr. 1 har heimel for å tillate kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som nødvendig for å hindre bestandsmessige misforhold mellom ulike artar eller i forholdet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar. Denne bestemminga kan brukast for å ta ut introduserte artar som villmink og kanadagås, elles kjenner vi ikkje til slike forhold. Den kan ikkje brukast til å heimle uttak av skadegjerande grågås eller andre naturleg førekommande andefuglartar.
- Nr. 2 opnar for å kunne tillate etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Det må også søkast om bruk av gravemaskin til slikt arbeid.
- Nr. 3 har heimel for å tillate oppføring av gjerde m.v. Dette vil særleg vere aktuelt for inngjerding av beitedyr.

5.2.7 Skjøtsel

Kapittel VII i verneforskrifta opnar for at forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med verneføremålet. Dette vil kunne gjelde beiting, uttak av framande planteartar og uttak av skog og kratt som ein del av skjøtselen av naturreservatet, jf. naturmangfaldlovas § 47. Dette gjeld også restaurering og tilbakeføring av vasstanden til situasjonen på vernetidspunktet.

5.2.8 Generelle dispensasjonsbestemmingar

Kapittel VIII i verneforskrifta inneheld den generelle unntaksparagrafen. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 – 12 (sjå kapittel 8.3). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsbestemminga i kapittel VIII i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsføremål vidareført i naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.»

Dispensasjon i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med vernet gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er veldig viktig for søkar og ikkje i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Myklebustvatnet naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne bestemminga.

Dispensasjon for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi gjeld for tiltak som ikkje blei vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gjevast under heilt særskilte forhold av nasjonal betydning. Det vil normalt ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gje dispensasjon med bakgrunn i denne bestemminga i saker som berre har lokal eller regional betydning.

5.2.9 Generelle retningslinjer for saksbehandling

Retningslinjer for behandling av saker som angår de ulike brukarinteressene er presentert i kapittel 3. Punkta under viser dei generelle retningslinjene for all saksbehandling som omhandlar Myklebustvatnet naturreservat.

- 1) Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskrifta skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2) Normalt vil verneforskrifta ha strengare bestemmingar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader blir difor først vurdert etter verneforskrifta før de eventuelt blir vurdert etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av annet lovverk.
- 3) Nærare retningslinjer for saksbehandling er gjeve under dei enkelte brukarinteressene. Det er viktig at det i all saksbehandling blir gjort ei samlet vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
- 4) Desse instansene skal ha kopi av alle vedtak: Herøy kommune, Statens Naturoppsyn og Miljødirektoratet.
- 5) Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningslova. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ein eventuell klage på vedtak skal sendast Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen gjer førebuande klagebehandling og vurderer innhaldet i klagen. Fylkesmannen kan etter dette endre sitt opphavlege vedtak. Dersom fylkesmannen

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

oppretheld vedtaket sitt, skal klagen oversendast Miljødirektoratet for endeleg behandling og vedtak.

6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Myklebustvatnet naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for rullering/revidering av planen, dette bør skje etter 10 år, første rullering innan år 2023. Fylkesmannen kan rullere planen før om det skulle syne seg naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



Figur 12 Når vassriksa trivst er kvalitetane i og rundt vatnet gode for andre artar Foto: Rune S. Karlsen

7 KJELDER

Trykte dokument

Direktoratet for naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave på Internett sommeren 2007.

Direktoratet for naturforvaltning 2008. Områdevern og forvaltning. DN-håndbok 17.

Direktoratet for naturforvaltning 2010. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, revidert februar 2010.

Elven, R. (red.), Lid, J. & Lid, D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Folkestad, Alv Ottar, 1978. Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarker i Norge. Miljøverndepartementet

Fremstad, E. 1997a. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. 1997b. Fremmede planter i Norge. Rynkerose - Rosa rugosa. Blyttia 55:115-121.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga 1982. Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. 224 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Gjershaug, J. O., Thingstad, P. G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. Norsk fugleatlas. Hekkefuglens utbredelse og bestandsstatus i Norge. Norsk Ornitologisk Forening. Klæbu. 552 s.

Gaarder, G. & Jordal, J. B. 2003. Regionalt sjeldne og truede plantearter i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2003:01. 70 s.

Jordal, J. B. & Grimstad, K.J., 2001. Kartlegging av biologisk mangfold i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport 123 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A. 1998. Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.

Nettsteder

Artsdatabanken. www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2

Fylkesmannen i Møre og Romsdal <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>

Lovdata, 2009. www.lovdata.no

Miljødirektoratet, 2013. Naturbase. www.miljodirektoratet.no

Miljøstatus i Norge. www.miljostatus.no/

Vedlegg 1 - Verneforskrifta

Forskrift om vern av Myklebustvatnet naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra av Direktoratet for naturforvaltning 12. april 2013 med heimel i naturmangfaldlova § 77, kgl.res 3.juli 1987 nr 572 om delegering av mynde etter naturvernlova m.v til Miljøverndepartementet for fredningsvedtak, og delegasjonsbrev frå Miljøverndepartementet av 3.november 1988.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde i Myklebustvatnet i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Myklebustvatnet naturreservat.

II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

29/2, 9, 14, 18, 21, 38, 181, 183, 184, 186, 188; 31/1, 4, 21, 32; 37/2, 3, 5, 6, 9, 12, 26, 40, 67, 100, 171, 229, 270, 273, 314, 318, 323, 396, 409 og 412.

Reservatet dekkjer eit areal på ca 309 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:4.000, datert Direktoratet for naturforvaltning april 2013. Kartet og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf. likevel punkta V – VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar,

Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

drenering og anna form for t rrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utf ring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilf rslar, dumping av avfall, gj dsling og bruk av kjemiske plantevernmidde.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt l gtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellb tar og modellfly er forbode.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

I tida f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. oktober er all ferdsel i reservatet forbode.

V

F resegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomf ring av milit r, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skj tsels- og forvaltings yemed.
2. Drift av dei jordbruksareal som fell innaf r reservatet.
3. Vedlikehald av gr fteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje l yve til:

1. Kontrollert felling av vilt n r dette blir sett p  som naudsynt for   hindre bestandsmessige mistilh ve mellom ulike artar eller i tilh vet art/milj  p  grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye gr fteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Oppf ring av gjerde m.m.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomf re skj tselstiltak i samsvar med fredingsf rem let. Det kan utarbeidast skj tselsplan, som skal innehalde n rre retningsliner for gjennomf ring av skj tselstiltaka.

VIII (NB: Dette kap. g r ut og blir erstatta av § 48 i naturmangfaldlova)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak fr  fredingsf resegnene n r f rem let med fredinga krev det, samt for vitenskaplege unders kingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot f rem let med fredinga.

IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

X

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks. Samstundes blir Miljøverndepartementet sitt vedtak frå 30. mars 1977 om midlertidig vern oppheva.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde ved Myklebustvatnet i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke, freda ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Myklebustvatnet naturreservat.

Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova

Nokre viktige bestemmelser i naturmangfaldlova

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillattelse både etter verneforskrifta og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillattelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskrifta eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg 3 - Flybilette frå 2005 Foto: Øivind Leren



Vedlegg 4: Leidningskart Herøy kommune ved Myklebustvatnet



Forvaltingsplan for Myklebustvatnet naturreservat

Vedlegg 5: Tiltak i Myklebustvatnet naturreservat i planperioden 2014 - 2018.

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Kostnad	Finansiering	Frist	Merknad/vurdering
Tette vasslekkasje i vegfylling	1	Kommune, entreprenør	200 ´		2014	
Opne vasspegel nedre vatn	2	Entreprenør	500 ´			Ikkje utgreidd endå
Fjerne avrenning med oljehaldig og anna forureina vatn	3	Herøy kommune	-			Kommunen er styresmakt
Fjerne framande treslag	4	SNO, entreprenør	200 ´			Sitkagran spreier seg i reservatet
Fjerne andre framande planter	5	SNO	50 ´			Finst parkslirekne, rynkerose og lupinar i reservatet
Fjerne søppel i vatn og på land	6	SNO, org.	30 ´			Eigna som dugnadsarbeid
Fjerne utfyllingar, tippar og hageavfallsdeponi	7	SNO, FM	20 ´			
Stelle kulturlandskapet, fjerne gjengroing	8	Organisasjon, grunneigarar	10 ´		Årleg	Samarbeid med grunneigar
Skilte mot laushundar, ferdselsforbodet	9	SNO	10 ´			
Etablere utkikkspunkt	10	FM, kommune	100 ´			
Skjerme mot ny rundkøyning	11	Fylkeskommunen				Dekt av vegmidlar
Overvake fuglelivet	12	SNO, org.			Årleg	
Vegetasjonskartlegging	13	Organisasjon			Kvart 5. år	
Fjerne mink	14	SNO, org.				Samarbeid om fellefangst

Vedlegg 6: Saksbehandling av forvaltingsplanen for Myklebustvatnet naturreservat

Høyring:

Forvaltingsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltningsorgan i tida 09.11 – 20.12.2013.

(høyringane vert oppsummert)

Fylkesmannen si vurdering:

(vert skrive etter høyringa)



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/32
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/14	Formannskapet	15.01.2014

REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Tilråding:

Formannskapet stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, planprogram for reguleringsplan for Huldal aust, sist revidert 25.11.2013.

Vedtak om stadfesting av planprogram er eit prosessleiande vedtak og kan ikkje påklagast etter forvaltningslova.

Særutskrift:

- | | | |
|---|------------------|-----------------|
| • Sporstøl Arkitekter AS | Postboks 301 | 6067 Ulsteinvik |
| • Bergsøy Idrettslag v/ Hallvard Ulfstein | | 6090 Fosnavåg |
| • Statens Vegvesen Region Midt | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| • Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| • Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| • Noregs vassdrags- og energidirektorat | Postboks 53 | 6801 Førde |
| • Søre Sunnmøre Landbrukskontor | Dragsund | 6080 Gurskøy |
| • Huldal barnehage | Nedre Huldalsveg | 6090 Fosnavåg |
| • Robert Kvalsvik | Huldalsvegen 7 | 6090 Fosnavåg |
| • Fosnavåg Velforening | Postboks 98 | 6090 Fosnavåg |
| • Anleggs- og driftsavdelinga | Her | |
| • Utviklingsavdelinga | Her | |

Vedlegg:

- 01 – Planprogram for Huldal aust, sist revidert 25.11. 2013
- 02 - Vedlegg 1 til planprogram (Innspel til 2.gongs høyring)
- 03 - Vedlegg 2 til planprogram (Plankonsulent sin behandling av innspel)
- 04 - Vedlegg 3 til planprogram (Innspel til 1.gongs høyring)
- 05 - 3D- illustrasjonar og skisse for mogleg utnytting av området

Saksopplysningar:

Formannskapet har tidlegare handsama planprogram for planarbeidet og vedtok samstundes at det kunne startast opp arbeid med privat reguleringsplan for eit avgrensa område i Huldalen. Konsulent gjennomførte oppstartsvarsling og planprogrammet blei lagt ut til 1.gongs offentleg ettersyn og sendt på høyring til regionale instansar, grunneigarar og naboar.

Med bakgrunn i dei innspela som blei motteke og i etterkant av høyringsperioden, har det vore gjennomført møte mellom Utviklingsavdelinga, Sporstøl Arkitekter AS (plankonsulent) og Bergsøy I.L (tiltakshavar). I møte blei ein samde om å gå vidare med planarbeidet, med mål om å utarbeide ein privat detaljreguleringsplan for eit avgrensa område i Huldalen.

Etter innspel til planarbeidet frå 1.gongs høyringsperiode, og då med særskilt omsyn til innspelet frå dei regionale og statlege instansar, blei det vurdert som naudsynt å utarbeide eit revidert planprogram med sikte på ny politisk behandling og 2.gongs høyring til regionale instansar og berørte partar for å sikre medverknad i planarbeidet.

Som ein del av varsel om oppstart av planarbeid og 2.gongs høyring av planprogram, blei det gjennomførte eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Herøy rådhus den 25.09.2013, for å sikre medverknad og deltaking i planarbeidet. Hovudmomenta frå møtet er oppsummert i eit notat utarbeidd av plankonsulent Sporstøl Arkitekter AS, som følgjer saka. Det ligg ikkje føre endringar i tidlegare varsla plangrense. Denne er på 39.3 daa som vist i vedlegg 2.

Vedlagt planprogram har no vore gjennom ei høyringsperioden og blitt justert som følgjer av skriftlege innspel og tilbakemeldingar i medverknadsmøte.

Planprogram skal no vere utarbeidd etter reglane i PBL § 4-1 og er klart for stadfesting av Formannskapet. Planprogrammet skal legge rammer for det vidare planarbeidet med utarbeiding av privat detaljreguleringsplan for Huldal aust.

Vurdering

Plankonsulent har i sin oversending av merknader gjort ei tilfredstillande vurdering av dei innspela som er kome til både 1. og 2.gongs høyring av planprogrammet. Rådmannen sluttar seg i hovudsak til desse vurderingane og ser ikkje grunnlag for å gå nærare inn i desse. Ein vil likevel, på generelt grunnlag, peike på nokre av dei moment som ein meiner bør gjevast særskilt merksemd i det vidare planarbeidet og arbeidet med KU-vurderingar.

I møte med Ordførar og Assisterande Rådmann vart det frå Administrasjonen si side lagt fram eit anslag på rutemeterpris for opparbeid bustadareal. Eg finn det fullstendig urimeleg at prisen pr rutemeter for gjenkjøp skal jamstillast med ein pris pr rutemeter i 2013, der kostnaden av å opparbeide dei regulerte tomtene vert sett på som "fasit". I praksis vil eg då verte påtvungen ein prisauke på nesten 780% pr rutemeter direkte grunna 5 års saksbehandling frå Administrasjonen si side, dette kan eg ikkje akseptere (Rutemeterpris 2008 justert for KPI vs anslått pris 2013 v/Ida Marie Herre).

Slik saka var diskutert i Formannskapet vart mitt argument om erstatningstomt etter likheitsprinsippet teke hensyn til, og eg kan då ikkje på nokon måte sjå at den totale opparbeidde prisen pr rutemeter vil være å rekne for minneleg i ei sak som skulle ha vore fullstendig avgjort i 2008 utan ein slik rammefaktor.

3 Konklusjon

Med bakgrunn i mitt krav frå 2008 om gjenkjøp av erstatningstomt på likheitsprinsippet, og Formannskapet sin diskusjon og vedtak i saka 14.mai 2013, er mitt tilbod til minneleg løysing å betale kr 50,- pr rutemeter, samt vederlagsfritt overdrage parsell på ca 300 rutemeter til Herøy Kommune (ref pkt 2.2).

Eg set min lit til at Formannskapet vurderer både sakshistorikk og faktorane i sammanheng med likheitsprinsippet for ei sak som har vore til stor belastning for meg som grunneigar dei siste 30 åra.

Mvh


Ragnar P Leine

Anslag m^2 -pris tomter Leine bustadfelt, Skuletomta.


Kontraktsum Frantzen Maskinstasjon AS	2 137 166,-
Endringar	+339 880,-
Anleggsbidrag Tussa	-170 000,-
Anleggsbidrag Herøy Vasslag	-190 000,-
Riving av gamle Leine skule (ca. pris)	+800 000,-
Sum eks. mva	2 917 046,-
Sum inkl. mva (25%)	3 646 307,50-

Det er 9080 m^2 som er satt av til nye tomter (inkl. skuletomta). Dette gir ein pris på **401,58 kr pr. m^2 bustadareal.**

Viss ikkje rivinga av gamle Leine skule skal vere med i dette anslaget, vert prisen pr. m^2 bustadareal 291,44 kr.

MVH

Ida Marie Herre



FS1

A=8.4 daa

BYA maks=30%

FS2

A=3.8 daa

BYA maks=30%


L.p

A=1.3 daa

KS

A=1.1 daa

BYA maks=50%



HERØY KOMMUNE

07.10.2013 1:500

Det kan forekomme feil i kartet





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/589
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/13	Formannskapet	14.05.2013

RAGNAR LEINE. SPØRSMÅL OM TOMT PÅ LEINE.

Tilråding:

1. Formannskapet viser til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekomme kravet frå Ragnar Leine om erstatningstomt i bustadfeltet Leine Ytre.
2. Formannskapet vil likevel etter ei samla vurdering sjå positivt på at born av Ragnar Leine får fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet, men då på vanlege kommunale vilkår. Slik fortrinnsrett må i så fall gjerast gjeldande innan 01.09.2013.

Møtebehandling:

Herøy AP v/Olaug Andreassen kom med slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet ber ordførar og administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.

Framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet ber ordførar og administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.

Vedlegg:

- Brev frå advokat Lars E. Sande datert 03.05.2013.
- Brev frå Ragnar Leine datert 27.02.2013.
- Kart datert 2209.2010.

Saksopplysningar:

I brev frå Ragnar Leine av 27.02.2013 krev han få kjøpe valfritt ei av tomtene i bustadfeltet Leine Ytre for den opphavlege salssummen pr m2 som kommunen kjøpte arealet for, men indeksregulert for perioden 1995-2012. Han krev vidare at tomta vert skøytt over på han og at han kan disponere tomta på lik linje med annan privat eigedom/grunn.

Representantar for kommunen hadde møte med Ragnar Leine og sonen Endre P. Leine 18. april for ein gjennomgang av saka. I møtet meinte grunneigaren at han ut frå eit likskaps- og rettferdsomsyn burde ha

1. Fortrinnsrett til ei av tomtene i bustadfeltet.
2. Rett til å kjøpe tilbake tomta til prisen for råtomtegrunn, indeksregulert frå 1995.
3. Rett til å disponere tomta på lik linje med anna privat eigedom/grunn.

Representantane frå kommunen bad om at han kom tilbake med eit tilleggskriv der han uttdjupa grunngjevinga for dette kravet.

Advokat Lars E. Sande svarar på vegne av grunneigaren i brev av 03.05.2013. I brevet skriv han følgjande om likskaps- og rettferdsprinsippet:

«I forbindelse med regulering til bustadfelt/skuleområde på Leine og påfølgande skjøn, fekk grunneigarane for ein stor del rett til å behalde tomter i område som var regulert til bustader, til utbygging i privat regi.

For Ragnar Leine var dette ikkje ei aktuell problemstilling fordi eigedomen hans i det alt vesentlege var regulert til off. institusjonar/skule. Han var såleis den einaste grunneigaren på Ytre Leine som ikkje fekk frådelt tomt til sine born.»

Vurdering og konklusjon:

Saka har diverre teke altfor lang tid å avklare, jfr korrespondansen som går fram av vedlegga.

Slik eg oppfattar saka meiner grunneigaren at det er i strid med likskaps- og rettferdsprinsippet at han er den einaste grunneigaren som ikkje har fått frådelt tomt til sine born. Men i dette tilfelle er det ikkje Endre P. Leine som søkjer om fortrinnsrett til ei tomt, men faren Ragnar Leine. I tillegg skriv Ragnar Leine i brev av 27.02.2013 at han krev at tomta vert overskøytt på han og skal kunne disponere tomta på lik linje med annan privat eigedom/grunn. Dette tolkar eg slik at han skal ha rett til å selje tomta på den frie marknaden.

Vidare går det fram av brevet frå advokat Sande at dei andre grunneigarane som har fått rett til å behalde tomter i bustadfeltet, har bygd ut tomtene i privat regi. Den tomta som

Ragnar Leine krev å få fortrinnsrett til for prisen for råtomtegrunn, er ei tomt der kommunen no kostar veg, vatn og avløp. Grunneigaren har fått erstatning for grunnen han har avstått til bustadfeltet, og eg kan ikkje sjå at det er grunnlag for at han skal få fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet til ein lågare pris enn andre tomtekjøparar (350 kr pr m2).

På dette grunnlaget finn eg ikkje å kunne imøtekome kravet frå Ragnar Leine om erstatningstomt i bustadfeltet Leine Ytre.

Eg vil likevel etter ei samla vurdering sjå positivt på at born av Ragnar Leine får fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet, men då på vanlege kommunale vilkår. Slik fortrinnsrett må i så fall gjerast gjeldande innan 01.09.2013.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 04.05.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

ADVOKAT
LARS E. SANDE

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/589	Saksbeh. EM
- 3 MAI 2013	
Ark kode P	611
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr. 2
Kassasjon	

Herøy kommune
v/ordføreren

6090 FOSNAVÅG

Volda, 03.05.2013

RAGNAR LEINE - SPØRSMÅL OM TOMT PÅ LEINE

Ragnar Leine har kontakta meg i samband med spørsmålet om tildeling av tomt på det tidlegare regulerte skuleområdet på Leine.

Ragnar Leine har fleire gonger vendt seg til Herøy kommune om dette spørsmålet, jfr. hans brev av 16.06.2008, 12.11.2008, 15.01.2010 og 27.02.13 og også samtalar med sakshandsamarar ved eigedomsavdelinga. Den einaste tilbakemeldinga han har fått er brev datert 01.12.2008 frå kommunen, der det er gitt uttrykk for at kommunen vil kome tilbake til saka når reguleringsplanen er godkjende, og prisen for dei "nye" tomtene er fastsett.

Ragnar Leine sitt ønske om å få tilbake tomtegrunn som han i si tid selde til kommunen som skuletomt, er tufta på likheits- og rettferdsprinsipp.

I forbindelse med regulering til bustadfelt/skuleområde på Leine og påfølgande skjøn, fekk grunneigarane for ein stor del rett til å behalde tomter i område som vart regulert til bustader, til utbygging i privat regi.

For Ragnar Leine var dette ikkje ei aktuell problemstilling fordi eigedomen hans i det alt vesentlege var regulert til off.institusjonar/skule. Han var såleis den einaste grunneigaren på Leine Ytre som ikkje fekk frådelt tomt til sine born.

Som kjent vart reguleringsføremålet off.institusjonar/skule, ikkje realisert i og med at det ikkje vart bygd skule slik reguleringsplanen i si tid la til grunn. I staden er no området regulert til bustadføremål.

Det blir sjølvsagt å spekulere i fakta, men det er likevel all grunn til å tru at Ragnar Leine til liks med dei andre grunneigarane, hadde fått behalde bustadtomt på eigen grunn dersom ikkje heile området vart kjøpt av kommunen til eit føremål som viste seg ikkje å verte gjennomført.

Det følast derfor rett og rimeleg at Ragnar Leine no får førsteretten til å overta ei av tomtene som er innregulert på hans tidlegare eigedom. Vilåra for overtaking, må ein i tilfelle kunne kome tilbake til.

Med helsing

Lars E. Sande

Postadresse:

Postboks 58
6101 Volda

E-post:

post@advokatsande.no

Telefon:

70 07 74 00

Helmeside:

www.advokatsande.no

Telefaks:

70 07 67 53

Kontoradresse:

Halkjølgata 1 (2. etg. Nordea bank)
6100 Volda

Organisasjonsnr.:

871 465 142 MVA

Til
Herøy Kommune
Pb 274
v/Eigedomsavdelinga

2013

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		Side 1 av 1
Dato	27.02.2013	Saksbeh.
Kopi til	Endre Leine	- 1 MARS 2013
	Vågsholmveien	
	6090 Fosnavåg	
Ark kode P	611	
Ark kode S		
J nr		Dok.nr. 1

Grunngjeving for krav om erstatningstomt vedrørende Reguleringsplan for Leine Ytre, K-sak 156/09

1 Bakgrunn

Visar til tidlegare korrespondanse i denne saka i sept 2010, januar 2011, møte med Leiar i Eigedomsavdelinga 22.sept 2010, samt telefonsamtale mellom min son (Endre P Leine) og Robert Myklebust 25.okt 2012

2 Drøfting

Grunngjevinga for å kreve ei erstatningstomt blant dei 9 regulerte tomtene for eineboligar i det tidlegare skuleområdet er tufta på følgjande hovedmoment:

- 1) Mi jord var underlagt eit Byggje- og deleforbod som var lagt ned av Herøy Kommune på heile Leine Ytre frå 1977. Byggje- og Deleforbodet vart oppretthalde lovleg i 2 år, og vidare ulovleg dei påfølgjande 13 åra¹ inntil fleire grunneigarar stilte spørsmål til denne praksisen til Fylkesmannen²
- 2) I etterkant av at vart kjent at det nemnte byggje- og deleforbodet var ugyldig, vart mi jord regulert og grunnen kjøpt til skuleformål i 1994, bygging skulle ta til i 1995. I denne samanheng avsto eg frå å skilje ut tomta som «Gamlehuset» på garden sto på, sidan grunnen skulle kjøpast til skuleområde, og eg ville ikkje setje ein stoppar for ny skule med å krevje utskilt grunn i det planlagte skuleområdet.
- 3) I 1997 var planlegging og bygging framleis ikkje kome i gang, og arbeidstilsynet slo fast at drift av skulen ikkje var i samsvar med gjeldande regelverk³
- 4) Same haust vart eg kontakta av Kommunen for å signere på eit nabovarsel som gav samtykke til at paviljongar kunne settast opp i bakkant av skulen for å betre skulesituasjonen. Eg og fleire av naboane til skulen ville gå med på dette under føresetnad av at desse skulle stå i eit avgrensa tidsrom (2 år) og at planlegging/bygging av ny skule skulle være starta innan same periode. Dette ville ikkje kommunen gå med på og brukte til dels media for å setje press på meg som grunneigar for å gå med på den mellombelse løysinga⁴.
- 5) Felles skule for Leinøy var på same tidspunkt allereie eit tema for debatt, og saka enda som kjent med vedtak om bygging av noverande Einedalen skule, med påfølgjande omregulering av skuleområdet til boligformål. Det vart kommunisert frå fleire hald at ny skule på Leine ikkje var eit realistisk utfall, og at grunnen vart kjøpt meir som ei «nødløysing» frå kommunen sin side for å ikkje misse grunnen til private utbyggjarar.

3 Konklusjon

Med bakgrunn i nevnte møte(r), korrespondanse i saka, samt sakshistorikk allereie frå 1978, krev eg å få tilbakeført ei tomt frå det tidlegare skulearealet, som no er omregulert til bustadformål. Sidan eg ikkje vil stå til hinder for den godkjende reguleringsplanen ser eg vekk frå den opphavelige gamlehuset tomta til fordel for å få kjøpe attende valfritt ei av dei andre tomtene som låg på min grunn for den opphavelige salssummen pr m2, men indeksregulert ift 1995-2012. Tomta vert skjøta over på meg og skal vidare kunne disponerast på lik linje med annan privat eigedom/grunn.

Eg har og tidlegare skissert moglegheiter for eit makebyte som kan mogleggjere nok ei kommunal tomt på Leine Ytre, dette tilbodet står ved lag dersom det kan være av interesse for å løyse situasjonen og auke antalet tilgjengelige tomter for sal på Leine Ytre.

Mvh

Ragnar P Leine

¹ Søknad om forlenging og avslag frå Fylkesmannen 1979

² Utklipp frå Sunnmørsposten 3.juni 1992

³ Utklipp frå Vestlandsnytt 7.november 1997

⁴ Utklipp frå Vestlandsnytt og Sunnmørsposten



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/853
		Arkiv:	082

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
11/14	Formannskapet	15.01.2014
	Valnemnd	
	Kommunestyret	30.01.2014

MØTEGODTGJERSLE. BRUKARREPRESENTANT I BYGGENEMNDA.

Tilråding frå rådmannen:

Janne R. Endresen vert valt som medlem (brukarrepresentant) i byggenemnda for prosjekta Bustad unge funksjonshemma og Utbygging Herøy Produksjon og skal ha godtgjersle etter reglementet.

Særutskrift:

- Janne R. Endresen
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Fellessekretariatet.

Vedlegg:

- Reglement for plan- og byggenemnd.
- F-sak 141/13.

Saksopplysninger:

I F-sak 141/13 vart det gjort slikt vedtak:

«Formannskapet utset saka og ber administrasjonen sjå på saka på nytt».

I pkt. 3 i reglementet for plan- og byggenemnda heiter det m.a.:

«Til nemnda vert for heile valbolken valt 5 faste politiske medlemmer med personlege varamenn. Til kvart prosjekt kan kommunestyret velje to andre medlemmer med personlege varamenn.»

Vurdering og konklusjon:

Eg viser til F-sak 141/13 og reglementet for plan- og byggenemnda og legg saka fram på nytt med same tilråding som i F-sak 141/13.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 12.12.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

REGLEMENT FOR PLAN- OG BYGGENEMND(K-sak 79/12)

1. Kommunestyret vel fast plan og byggenemnd for perioden.
2. Nemnda skal stå føre planlegging og oppføring av kommunale bygg. Nemnda vert valt av kommunestyret, og får oppdrag frå formannskap/kommunestyret. Nemnda skal gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades. Ved likt røystetal avgjer formannen med dobbeltstemme.
3. Til nemnda vert for heile valbolken valt 5 faste politiske medlemmer med personlege varamenn. Til kvart prosjekt kan kommunestyret velje to andre medlemmer med personlege varamenn. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i valperioden. Også dei faste medlemene held fram til prosjektet er ferdig. Dei nyvalde går såleis berre inn i nye prosjekt. Kommunestyret kan av særlege grunnar skifte ut medlemmer og varamedlemmer.
4. Med tale- og forslagsrett kan desse møte:

Ordførar
Rådmann eller dei som møter for rådmannen
Verneombod for vedkomande verneområde.
Andre med rett til å møte eller som vert oppnemnde til å møte.
5. Det skal førast protokoll frå møta. Protokoll skal sendast alle med møterett. Formannskapet og kommunerevisjopen skal og ha utskrift. Av protokollen må det gå klart fram kva som er endeleg vedtak og kva som er tilrådingar andsynes andre organ. Fellessekretariatet syter for nødvendig ekspedering.
6. Anlegg- og driftsavdelinga skal vere sekretariat for nemnda. Leiaren for avdelinga skal peike ut sekretær. Sekretæren vert sakshandsamar og prosjektleiar. Sekretæren skal halde leiaren for nemnda og leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga løpande orienterte om tilhøva for dei einskilde prosjekta, og syte for at nødvendige endringar (tillegg eller frådrag) vert avklara og godkjende før dei vert sette i verk. I samråd med leiaren av Anlegg- og driftsavdelinga skal sekretæren på førehand utarbeide sakspapir og framlegg til vedtak for alle viktige saker. Saksutgreiingane og tilrådingane skal signerast av sekretæren og leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga. Sakspapira skal sendast til alle med møterett.
7. Nemnda held møte når leiaren for nemnda eller 2 av medlemene finn det nødvendig. Ordføraren kan og be om at nemnda vert kalla inn. Sekretæren varslar leiaren for nemnda når det etter han si meining er trong for møte. Leiaren for nemnda kan delegere til leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga å kalle inn til møte.
8. Utgangspunkt for utarbeiding av prosjektdokument, for innhenting av tilbod m.m. skal vere gjeldande Norsk Standard og gjeldande lover, forskrifter og reglar på området. Formannskapet kan gje nærare reglar, slik at sakene ikkje får meir omstendelig sakshandsaming enn nødvendig.

20. Rekningar skal attesterast av sekretæren/prosjektleiar i byggenemnda. Rekningane skal tilvisast av den som har tilvisingsrett på det aktuelle budsjettområdet.
21. Det skal førast eige byggerekneskap. Økonomiavdelinga fører denne rekneskapen som skal reviderast på vanleg måte.
22. Nemnda legg fram sluttrekneskapen til godkjenning i kommunestyret.



HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/853
		Arkiv:	082

Utvaksaknr	Utval	Møtedato
141/13	Formannskapet	20.08.2013

MØTEGODTGJERSLE. BRUKARREPRESENTANT I BYGGENEMNDA.

Tilråding:

Janne R. Endresen vert valt som medlem (brukarrepresentant) i byggenemnda for prosjekta Bustader unge funksjonshemma og Utbygging Herøy Produksjon og skal ha godtgjersle etter reglementet.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 20.08.2013

Formannskapet utset saka og ber administrasjonen sjå på saka på nytt.

Særutskrift:

- Janne R. Endresen
- Anlegg- og driftsavdelinga
- Fellessekretariatet

Saksopplysninger:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde slik tilråding i sak 11/13:

«RFF ber om at Janne R. Endresen vert oppnemnd som brukarrepresentant i:

- Byggenemnda for prosjekt bustader unge funksjonshemma
- Utbygging Herøy Produksjon»

I K-sak 158/11: Leiar og møtegodtgjersle for kommunale ombod i styre, råd og utval 2011-2015 vart det m.a. gjort slikt vedtak i pkt. 2:

«Medlemer av styre, råd, utval, nemder og komitèar oppretta og/eller vald av kommunestyret eller formannskapet skal ha ei **møtegodtgjersle** på kr. 600 per møte og reisegodtgjersle. Dette gjeld ikkje der andre selskap betaler honorar eller reisegodtgjersle.»

Vurdering og konklusjon:

Eg legg til grunn at det er viktig å ha med brukarrepresentant i dei to prosjekta og rår til at Janne R. Endresen vert valt som medlem (brukarrepresentant) i byggenemnda for prosjekta Bustader unge funksjonshemma og Utbygging Herøy Produksjon og at ho får godtgjersle etter reglementet.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 26.06.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2013/1369
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Formannskapet	15.01.2014
	Kommunestyret	30.01.2014

MARKERING AV GRUNNLOVSJUBILEET 2014 I HERØY KOMMUNE

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret tek orientering om tiltak og arrangement til vitande.
2. Kommunestyret støttar vedlagt «Forslag til uttale om grunnlovfesting av det lokale folkestyret» og ber om at kommunen si uttale vert sendt stortinget/stortingsrepresentantane.

Særutskrift:
Rådmann
Skuleleiar
Dagleg leiar Herøy Frivilligsentral

Vedlegg:

- 1 Måldokument for grunnlovsjubileet 2014
- 2 KS - Markør grunnlovens 200-årsjubileum
- 3 Det lokale folkestyrets rolle i fremveksten av det norske demokratiet
- 4 Grunnlovsjubileet 2014 - gave til kommunene
- 5 Forslag til uttale om grunnlovsfesting av det lokale folkestyret
- 6 Meir informasjon

Saksopplysningar:



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

Den norske Grunnlova av 17. mai 1814 har danna sjølve fundamentet for utviklinga av folkestyret i Noreg. Grunnlovsjubileet i 2014 skal styrkja medvitet om kva Grunnlova har å seia i dag, og kva rolle ho skal spela i demokratiet for framtida. Grunnlova er levande, dagsaktuell og avgjerande for Noregs identitet og utvikling som liberalt demokrati. Skal Grunnlova halda fram med å ha denne rolla, må ho formidlast på nytt til kvar ny generasjon. Dei som veks opp i Noreg i dag, må ta henne til seg og gjeva henne meining på eigne premisser. Like mykje som ei feiring av fortida bør jubileet vera ei investering for framtida.

200-årsjubileet for Grunnlova har difor tre overordna mål for feiringa:

- Byggja meir kunnskap om Grunnlova og kva ho har å seia.
- Skapa auka deltaking og engasjement i demokratiske prosessar.
- Vera ein brei og inkluderande folkefest i heile landet.

I samband med markering av «Grunnlovsjubileet 2014» i Herøy, ser ein føre seg fylgjande kommunal deltaking:

Dato:	Arrangement:	Kommunal deltaking:	Merknad:
14.1-14.2	Utstillinga Kaldt Hav – heite spørsmål	Ordførar deltek. Formannskap og Ungdomsråd er invitert til den offisielle opninga. Alle grunnskulane i Herøy besøker utstillinga.	Utstillinga er ein del av det nasjonale, offisielle programmet for Grunnlovsjubileet 2014.
23.2 el. 3.3	Gudsteneste i Herøy kyrkje med markering av Grunnlovsjubileet	Ordførar deltek.	Kyrkja ynskjer at grunnlovsjubileet skal gje kunnskap om vår nasjon og kyrkja si felles historie, og peike på kyrkjans ansvar for å tale og handle der

			menneskerettar er trua. Den norske kyrkja si programerklæring for grunnlovsjubileet er: Fri til å tale, tru og tene.
17.5	Grunnlovsdagen	Politikarar deltek.	Kransenedlegging, evt. anna. I forkant av dagen vil ein gjere kjend jubileums-songen, samt utarbeide eit notat om demokrati-utviklinga i Herøy til bruk i ulike arrangement.
Oktober	Off. opning av Fosnavåg konserthus og kino	Politikarar deltek.	

Andre planlagde arrangement i Herøy:

Dato:	Arrangement:	Merknad:
16.2	Vardebrenning.	Herøy Frivilligsentral tek initiativ, og det opp til dei enkelte bygdene å gjennomføre. Blir bl.a. gjennomført i Ulstein, samt i kommunene i Ålesundsområdet.

Andre element knytt til markeringa:

- Det er utarbeidd plakett til dei kyrkjene/sokna som var med å valde menn som igjen skulle velje utsendingane til Eidsvoll i 1814. For Herøy sin del så var Leikanger kyrkje, då ho stod på Ørskog, ei slik kyrkje, og vil mota plakett vedkomande dette. Vidare var det slik at Herøy sokn/den gamle kyrkja på Herøy også valde slike menn. Ref. vedlegg 2b.
- Det er utarbeidd eit felles nasjonalt profilprogram for markeringa som kommunen vil nytte.

Det lokale folkestyret er fråverande i «Grunnloven». KS, som også tidlegare har tatt til orde for grunnlovsfesting av kommunalt sjølvstyre/lokaldemokrati, meiner grunnlovsjubileet gir høve til på nytt å markere at lokalt folkestyre bør inn i «Grunnloven». Derfor oppmodar hovudstyret i KS kommunane om å fatte vedtak med sterk oppmoding til stortingsrepresentantane om å inkludere det lokale folkestyret i «Grunnloven» ved å vedta vedlagte framlegg til uttale. Ref. vedlegg 2c og 3.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaka blir vurdert som gode for folkehelsearbeidet gjennom sosialt fellesskap, inkludering og fysisk aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over det som allereie er planlagt for 2014.

Fosnavåg, 02.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Eileen Gjerde
Avd.leiar



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014



MÅLDOKUMENT

FOR GRUNNLOVSJUBILEET 2014

Den norske Grunnlova av 17. mai 1814 har danna sjølve fundamentet for utviklinga av folkestyret i Noreg. Ho har vist seg å vera meir levedyktig enn andre konstitusjonar som vart utforma i Europa på den tida. Som den eldste i Europa og den nest eldste gjeldande konstitusjonen i verda blant dei moderne revolusjonsforfatningane, er Grunnlova i dag eit samlande symbol for fridom, sjølvstende og demokrati.

Grunnlovsjubileet i 2014 skal styrkja medvitet om kva Grunnlova har å seia i dag, og kva rolle ho skal spela i demokratiet for framtida.

Grunnlova er levande, dagsaktuell og avgjerande for Noregs identitet og utvikling som liberalt demokrati. Skal Grunnlova halda fram med å ha denne rolla, må ho formidlast på nytt til kvar ny generasjon. Dei som veks opp i Noreg i dag, må ta henne til seg og gjeva henne meining på eigne premisser. Like mykje som ei feiring av fortida bør jubileet vera ei investering for framtida.

200-årsjubileet for Grunnlova har difor tre overordna mål for feiringa:

- Byggja meir kunnskap om Grunnlova og kva ho har å seia.
- Skapa auka deltaking og engasjement i demokratiske prosessar.
- Vera ein brei og inkluderande folkefest i heile landet.

I dette måldokumentet presenterer Hovudkomiteen visjonen sin og kva for nokre mål og tema som bør leggjast vekt på ved jubileet.

VISJON

FOR GRUNNLOVSJUBILEET 2014

Skapa ei engasjerande grunnlovsfeiring som gjev auka forståing for utviklinga av folkestyret gjennom 200 år, kva Grunnlova har å seia i dag og framtidige utfordringar for demokratiet i Noreg.

Auka kunnskap skal styrkja grunnlaget for deltaking i demokratiske prosessar.

MÅL

FOR GRUNNLOVSJUBILEET

Grunnlova har heilt sidan 1814 vore byggjande og samlande for Noreg, og ho er eit av dei viktigaste symbola i samfunnet vårt. Noreg har ein av dei lengste samanhengande tradisjonane for nasjonaldagsfeiring. Oppslutnaden om den norske 17. mai-feiringa er massiv og har borna i sentrum.

Grunnlova har spela ei avgjerande rolle i utviklinga av folkestyret. Noreg er eit av få land i Europa som – med unnatak av krigen 1940–1945, då Grunnlova og vårt demokratiske system vart sett ut av kraft – ikkje har opplevd eit brot i den demokratiske utviklinga. Det liberale demokratiet i Noreg vart i 1920- og 30-åra utfordra av autoritære og til dels totalitære krefter, frå både venstre og høgre, men den konstitusjonelle utviklinga fekk ingen atterslag i autoritær lei.

I takt med framvokstene av folkestyret er Grunnlova gradvis vorten endra. Ho symboliserer difor fornying og aktualitet, som er viktig for tillitstilhøvet mellom folket og dei folkevalde.

Føresegnene i Grunnlova er sprungne ut av ulike tidsepokar. Utviklinga hennar speglar dimed òg problematiske drag ved det norske samfunnet gjennom 200 år. Direkte ved den opphavlege føresegna i Grunnlova om å stengja mellom andre jødar ute frå riket, og i breiare forstand gjennom assimilasjonspolitikken andsynes andre nasjonale minoritetar og samane som urfolk.

Feiringa av 200-årsjubileet for Grunnlova i 2014 vil ha desse hovudmåla:

- Auka den alminnelege kunnskapen om det som hende i 1814, Grunnlova og den vidare utviklinga av demokratiet gjennom styrkt formidlingsarbeid og forskning.
- Skapa debatt om framtidige hovudutfordringar for folkestyret og stimulera til refleksjon, engasjement og deltaking i demokratiske prosessar.
- Gjennomføra ei brei og inkluderande feiring med folkefest på nasjonaldagen som høgdepunktet i alle kommunane i landet. Jubileet skal vera kunnskapsfremjande og bidra til opplevingar for alle.



JUBILEET
SKAL VERA
KUNNSKAPS-
FREMJANDE



MÅLGRUPPER

Grunnlovjubileet vil retta seg mot heile den norske folkesetnaden. Alle kommunar og fylkeskommunar vert oppmoda om å engasjera seg, både ved feiringa av 17. mai 2014 og gjennom ulike aktivitetar i jubileumsåret.

Born og unge er den viktigaste målgruppa ved jubileet. Prosjekt rette mot born og unge skal vera eit av hovudelementa ved jubileet. Det skal særleg leggjast vekt på tiltak som kan skapa deltaking, medverknad og engasjement hjå born og unge.

SENTRALE TEMA

VED FEIRING AV GRUNNLOVSJUBILEET

Det styrande temaet for grunnlovsjubileet skal vera kva demokratiet har å seia, kva utfordringar det har i samfunnet vårt og kor viktig breitt engasjement og deltaking er i heile speketet av demokratiske institusjonar, ”Demokratiprojektet”, jfr. mandatet, Innst. S. nr. 162 (2008-2009).

Desse temaa er lagde til grunn for feiringa av jubileet:

- Grunnlovsjubileet skal setja søkkeljos på utviklinga av folkestyret – med vekt på representasjon, deltaking, medbestemming og menneskerettar. Jubileet skal visa korleis styrkinga av demokratiet skjedde gjennom politisk kamp der folkelege rørsler, organisasjonar og einskildmenneske stod sentralt.
- Grunnlovsjubileet skal leggja vekt på forskning om kva Grunnlova har å seia for utviklinga av Noreg som demokratisk stat og framtidige utfordringar for folkestyret. Det vert vist til mandatet for forskingssatsinga: www.forskningsradet.no/no/Utllysning/GRUNNLOV/1253961571689
- Jubileet skal formidla kunnskap om, skapa medvit om og leggja til rette for debatt om dei verdiane og prinsippa som det liberale demokratiet byggjer på.
- Jubileet skal utviklast som eit inkluderingsprosjekt med vekt på kunnskap, verdimedvit, deltaking og formidling. Jubileet skal ha ein tydeleg fleirkulturell profil. Det skal bidra til å klargjera utfordringar og moglegheiter i spenningsfeltet mellom kulturelt mangfald og universelle menneskerettar i eit liberalt demokrati.

- Grunnlovsjubileet bør bidra til innsikt om det norske demokratiet i møte med det totalitære samfunnssystemet til okkupasjonsmakta i krigsåra 1940–1945, og andre alvorlege samfunnstrugsmål, som terroraksjonane 22. juli 2011.
- Jubileet skal ha eit internasjonalt perspektiv og skal bidra til auka medvit om korleis nasjonen Noreg og det moderne Norden voks fram innanfor ein europeisk kontekst. Kunnskap om historia vår kan vera med og skapa forståing for samtida vår og korleis nasjonalstatar vert påverka av globaliseringa.
- Jubileet skal setja søkkeljos på den tidlege etableringa av representasjonsordningar i Noreg og framvokstene av det lokale sjølvstyret frå 1837 (formannskapslovene) og utfordringane for lokaldemokratiet i dag.
- Jubileet skal setja søkkeljoset på rolla til minoritetar, og deira vilkår og status i det norske samfunnet, spesielt i eit demokrati- og rettsperspektiv.
- Jubileet skal mobilisera til auka medvit om og innsats mot diskriminering, rasisme og ekstremisme.
- Kultur kan bidra til å formidla den kulturarven som er knytt til jubileet. Kulturen og kunsten har spela ei viktig rolle i utviklinga av samfunnet i Noreg og kan medverka til å skapa forståing, integrasjon og oppleving.



BORN OG UNGE ER
DEN VIRTIGASTE
MALGRUPPA VED
JUBILEET





GRUNNLOVS-
JUBILEET
SKAL SETJA
SØKJELJOS PÅ
UTVIKLINGA AV
FOLKESTYRET



PROFILEN TIL JUBILEET

Desse føringane er lagde til grunn for hovudprofilen til jubileet:

- Jubileet skal ha ein tydeleg bodskap med utgangspunkt i dei historiske merkedagane og dei sentrale arenaene i 1814. 17. mai-tradisjonen har ei hovudforteljing med ein innarbeidd dramaturgi som gjev den naturlege ramma for jubileet.
- Jubileet skal kombinera det nasjonale og det lokale i pakt med den årlege 17. mai-feiringa. Det offisielle programmet og aktivitetar knytte til grunnlovsjubileet generelt vil leggja stor vekt på ei regional og lokal forankring. Det skal utviklast større publikumsarrangement som kan knytast tydeleg til 17. mai-tradisjonen.
- Både det offisielle programmet for jubileet og tiltak knytte til jubileet skal ha ei open og inkluderande tilnærming som gjev rom for mangfald, refleksjon, kritikk og debatt.



MANGFALD,
REFLEKSJON,
KRITIKK OG
DEBATT.

MANDATET

FOR HOVUDKOMITEEN

Stortinget har oppnemnt Hovudkomiteen for Grunnlovas 200-årsjubileum i 2014. Hovudkomiteen er leidd av Stortingets president. Hovudkomiteen skal ha det overordna styrings- og planleggingsansvaret for den offisielle markeringa og feiringa av Noregs 200 års grunnlovsjubileum i 2014, Innst. S. nr. 162 (2008-2009).

Komiteen skal:

- Utarbeida ei programfråsegn (måldokument) med hovudprinsipp og berande element for jubileet.
- Initiera og koordinera offisielle tiltak, prosjekt og arrangement på nasjonalt plan som kan skapa merksemd og engasjement om jubileet fram mot 2014.
- Søkja breiast mogleg kontakt og koordinering med andre tiltak, prosjekt og arrangement, nasjonalt og internasjonalt, som er relevante for feiringa av jubileet.

Måldokumentet vil leggja rammene for den offisielle feiringa av jubileet og dimed vera styrande for vidare planlegging av program og aktivitetar i regi av Hovudkomiteen.

ORGANISERING

Det er lagt til grunn at Hovudkomiteen vil ivareta nokre fellestiltak ved grunnlovsjubileet:

- Utarbeiding av det offisielle programmet for jubileet.
- Nettside for jubileet og formidling av informasjon om arrangement og tiltak.
- Jubileumsidentitet/-logo/designprogram.
- Koordinering og samarbeid med tiltak og prosjekt som er relevante for jubileet.
- Kontaktpunkt for og rettleiing til arrangørar.
- Mediekontakt.
- Dokumentasjon og evaluering.

Det er etablert eit sekretariat som skal hjelpa Hovudkomiteen i arbeidet med grunnlovsjubileet.



JUBILEET SKAL HA EIN TYDELEG BODSKAP MED UTGANGSPUNKT I DEI HISTORISKE MERKEDAGANE

Stortinget har lagt til grunn at offentleg finansiering eller delfinansiering av jubileumsaktivitetar skal ivaretakast gjennom dei ordinære budsjettprosessane (sektorprinsippet), Innst. S. nr. 162 (2008-2009).

Det er ein føresetnad at Hovudkomiteen disponerer dei budsjettmidlane som trengst for å dekkja verksemda i Hovudkomiteen og eventuelle jubileumsaktivitetar i regi av komiteen.



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

WWW.GRUNNLOVEN200.NO



Trykk: Stortingets hustrykkeri - Bilde: Kinn Statosid



Alle landets ordførere og fylkesordførere

Vår referanse: 09/00837-45
Arkivkode: 033
Saksbehandler: Sigrid Stokstad
Deres referanse:
Dato: 26.04.2013

MARKÉR GRUNNLOVENS 200-ÅRSJUBILEUM

I 2014 blir Grunnlovens 200-årsjubileum markert med en rekke arrangementer landet over. Jeg er kjent med og glad for at mange kommuner og fylkeskommuner allerede har engasjert seg i dette.

På Kommunalpolitisk toppmøte 24. april 2013 inviterte stortingspresidenten kommunene og fylkeskommunene til å delta aktivt i feiringen. Hovedstyret i KS drøftet medvirkning fra kommunesektoren i grunnlovsjubileet 6. mars 2013, og anbefalte kommunene og fylkeskommunene å delta aktivt gjennom:

- særskilte arrangementer eller markeringer rundt 25. februar, da de lokale valgene til grunnlovsforsamlingen på Eidsvoll i 1814 foregikk.
- å vedta en sterk henstilling til Stortinget om å grunnlovfeste det lokale folkestyret.
- å framheve demokratiet – det nasjonale og lokale – før, nå og framover, på skolene, på 17. mai og i sitt øvrige arbeid.

Nasjonal feiring og representasjon fra kommunesektoren

Den offisielle åpningen av jubileumsåret skjer på Eidsvoll 16. februar 2014 med overlevering av nyrestaurert Eidsvollsbygning, taler, internasjonale hilsener og bred mediedekning. Arrangør er Stortinget i samarbeid med Eidsvoll 1814. Hovedstyret i KS blir ventelig invitert til åpningen.

Lokale og regionale arrangementer er viktige for den nasjonale dugnaden som feiringen skal være. Jeg setter stor pris på at Stortingets hovedkomite for Grunnlovens 200-årsjubileum legger opp til at fylkesstyrelederne i KS vil bli invitert til de offisielle arrangementene regionalt.

Hovedkomiteen vil lansere sitt offisielle program for jubileet 15. mai 2013. Kommuner og fylkeskommuner kan melde inn sine arrangementer til grunnlovsjubileets arrangementskalender, og de kan eventuelt også søke om å få bli del av det offisielle programmet for jubileet.

Særskilt arrangement ifm. de lokale valgene til grunnlovsforsamlingen

Det nasjonale demokratiet henter støtte fra bred demokratisk deltakelse på lokalplanet. Også grunnlovsforsamlingen på Eidsvoll ble satt sammen med grunnlag i lokale valg. Disse valgene begynte på en ekstraordinær bededag 25. februar 1814 og fortsatte etter hvert som melding om valgene nådde ut. Lokalbefolkningen avga en selvstendighetsed og valgte valgmenn i soknekirkene, og disse valgmennene utpekte representanter fra amtene (fylkene) til grunnlovsforsamlingen.

Dette var et første skritt mot det moderne demokratiet i Norge, der datidens lokale og regionale enheter, sognene og amtene, var helt sentrale. **KS oppfordrer kommunene til å markere dette med et særskilt arrangement.** Dette er også en del av Stortingets målsetting med jubileet. Et slikt arrangement kan gjerne finne sted søndag 23. februar 2014, som er søndagen nærmest datoen da det lokale valget startet, eller da det lokale valget fant sted i den enkelte kommune.

Den norske kirke har bedt bispedømmene ta opp markering av de lokale valgene med menighetene, og mange er godt i gang med planlegging. Det vil være naturlig at kommunens arrangement eller markering skjer sammen med eller i kontakt med kirken – og med historielag, frivillige organisasjoner eller andre samarbeidspartnere – fortrinnsvis med kommunen i førersetet. Mer informasjon og materiell kan dere få fra Hovedkomiteen eller KS, se vedlegg.

Riksarkivet har tilbudt menigheter reproduksjoner av fullmaktene som ble utstedt ved det lokale valget og som representantene hadde med seg til Eidsvoll. Menighetenes mottakelse av fullmaktene koordineres av bispedømmerådene. Kommunene kan imidlertid også få disse fullmaktene, som for eksempel kan henges opp i rådhuset/kommunehuset. Jeg er glad for denne muligheten til å bringe «fullmaktene tilbake til folket», og vil oppfordre kommunene til å bestille disse fullmaktene, og at presentasjon og markering samordnes med kirken.

Kommuner som ønsker slike reproduksjoner, må bestille fra Riksarkivet innen **1. juli 2013**. Mer informasjon om disse fullmaktene fra Riksarkivet er vedlagt.

Oppmerksomhet og debatt om det lokale folkestyret

Grunnloven av 1814 åpnet vei for en rivende utvikling av det norske demokratiet. Denne utviklingen var sterkt knyttet til lokalt engasjement og etablering av lokale representative organer fra vedtakelsen av **formannskapslovene i 1837**.

Grunnlovsjubileet gir en fin anledning til å løfte fram kunnskap om hvordan det lokale folkestyret utviklet seg. Jeg vil i den forbindelse vise til at universiteter og høyskoler stiller fagkompetanse til rådighet i jubileumsåret.

Samtidig oppfordrer Stortinget gjennom grunnlovsjubileet oss til å ta opp hvordan det norske folkestyret virker i dag. Lokalt engasjement og deltakelse ved valg og mellom valg er viktig, og jeg vil oppfordre kommunesektoren særskilt til å fremme debatt om det lokale folkestyrets betingelser i dag. Dette kan gjøres på arrangementet som markerer de lokale valgene til grunnlovsforsamlingen eller arrangementer senere utover våren.

Tid for grunnlovfesting av det lokale folkestyret

Det lokale folkestyret er fraværende i Grunnloven. **Det er tid for å tette dette hullet.** Stortinget skal i neste stortingsperiode stemme over tre ulike grunnlovsforslag om kommunalt selvstyre/lokaldemokrati. KS har også tidligere tatt til orde for grunnlovfesting, og har et sterkt ønske om at ett av disse forslagene skal oppnå nødvendig flertall. Grunnlovsjubileet gir anledning til på nytt å markere at lokalt folkestyre bør inn i Grunnloven.

Hovedstyret i KS har derfor vedtatt å anbefale alle kommunestyrer og fylkesting å fatte vedtak med sterk henstilling til stortingsrepresentantene om å inkludere det lokale folkestyret i Grunnloven ved å vedta et av de foreliggende forslagene. Vedtakene kan sendes til Kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget og stortingsrepresentantene fra eget fylke, gjerne med kopi til KS. Vedlagt er et utkast til uttalelse om grunnlovfesting av det lokale folkestyret som eventuelt kan brukes som grunnlag. Jeg anbefaler å sende inn slike vedtak i perioden februar til mai 2014, slik at kommunesektorens syn kommer fram på en samlet og tydelig måte.

Med hilsen



Gunn Marit Helgesen
leder

Vedlegg:

1. Det lokale folkestyrets rolle i framveksten av det norske demokratiet
2. Brev fra Riksarkivet om Grunnlovsjubileet 2014
3. Forslag til uttalelse om grunnlovfesting av det lokale folkestyret
4. Lenker til mer informasjon

Kopi:

KS i regionene
Fylkestyrene i KS
Rådmannsutvalgene
Hovedstyret i KS
Landsstyret i KS

Det lokale folkestyrets rolle i framveksten av det norske demokratiet

Samspill mellom lokalt og nasjonalt demokrati

Det nasjonale demokratiet er vanskelig å tenke seg uten et lokalt demokratisk fundament. Forholdet mellom det nasjonale og det lokale demokratiet har vært skiftende og flersidig, men et folkestyre forutsetter at folket engasjerer seg der de er. Det norske demokratiet har funnet sin moderne form i et samspill mellom demokratisk deltakelse nasjonalt og lokalt.

Det norske samfunnet gjennomgikk en dyptgripende demokratiseringsprosess fra 1814 og framover. Utviklingen skjedde på flere hold. Parlamentarisme, utvidelse av stemmerett, framvekst av partier og lekfolks tilgang til offentlige embeter var viktige elementer i demokratiseringen. Kommunene spilte en sentral rolle i denne utviklingen.

Grunnlovens lokale fundament

Det var ikke den jevne mann og kvinne i Norge som tok initiativ til Grunnloven eller vedtok den, men historien viser at også Grunnloven av 1814 hadde en demokratisk forankring med et klart lokalt innslag.

Etter Kielfreden den 14. januar 1814, der den danske kong Frederik VI avsto Norge til Sverige, stilte prins Christian Frederik seg i spissen for en motstand mot Kieltraktaten og for en selvstendig norsk stat. I stormannsmøtet på Eidsvoll den 16. februar 1814 (Notabelmøtet) ble det bestemt at dette skulle skje ved etablering av et konstitusjonelt styre i medhold av folkesuverenitetsprinsippet. På denne måten ble den eneviddige kongemakten tatt tilbake til folket, og folket skulle bruke den til å utforme en grunnlov ved hjelp av en folkevalgt forsamling. Christian Frederik forordnet at folket skulle avgi en troskapsed til selvstendigheten og velge grunnlovsforsamling. Edsavleggelse og valg skulle skje i «soknene», som dermed ble valgkretsene. Valgene av representanter til riksforsamlingen i 1814 representerer Norges første skritt mot demokratiet vi har i dag.

En politisk offentlighet vokser fram i hele landet

Den norske grunnloven var radikal og sikret omtrent 40 prosent av den voksne, mannlige befolkningen stemmerett. På Stortinget møtte nå representanter fra alle landets stender – embetsmenn, byborgere og bønder. Bøndene deltok for første gang i en nasjonal lovgivende forsamling, med samme rettigheter som andre aktører. 1814 ble et vendepunkt i norsk politisk historie, og i kjølvannet av Grunnloven kom en sterk demokratisering og politisering av nye grupper i samfunnet. I tillegg til at bøndene ble mobilisert, fikk vi også en sterk politisk aktivisering av underklassegrupper som ikke hadde fått stemmerett. De som ikke hadde stemmerett, deltok i diskusjoner i skjenkestuer, på kirkebakken og på de lokale tingene.

Lokale representative organer fra 1837

Grunnloven etablerte representativt demokrati på nasjonalt plan. Med formannskapslovene av 14. januar 1837 ble de demokratiske prinsippene fra Grunnloven også gjort gjeldende i lokalt styre og stell. Dette ga grunnlag for en sterk videreutvikling av det norske folkestyret.

Selv om det hadde vært innslag av lokal styring også før 1837, særlig i byene, fikk vi med formannskapslovene en ny politisk arena for folket. Blant annet fikk grupper som manglet kunnskap og politisk erfaring mulighet til å lære dette lokalt, slik at de i neste omgang kunne velges inn på Stortinget.

Utvidelser av stemmeretten – kommunene ledet an

Kommunene spilte en viktig rolle i prosessen mot allmenn stemmerett. Kvinnenes stemmerett ble først innført ved tilsynsutvalg for skolene fra 1885, ved lokale folkeavstemninger om brennevinssamlag fra 1895 og ved kommunevalg i 1910. De største endringene i stemmerettsreglene ved stortingsvalg skjedde i en kort periode rundt forrige århundreskifte. Det begynte med noen mindre justeringer i Grunnloven i 1884 og sluttet med innføringen av allmenn stemmerett også for kvinner i 1913. Kommunene har vært viktige for å integrere stadig større deler av befolkningen i samfunnsfellesskapet gjennom demokratisk deltakelse som det nasjonale demokratiet ikke har åpnet for. I våre dager gjelder dette særlig innvandrere som ikke er norske statsborgere.

Demokrati mellom valg

Kommunesektoren gir økt mulighet til politisk deltakelse ved at det blir flere demokratiske beslutningsarenaer og mer nærhet mellom folket og de styrende organene. Kommunesektoren har åpne møter og offentlige sakslister. På denne måten inviteres alle til debatt. Når politiske beslutninger treffes på denne måten, åpnes muligheten for en offentlig prøving av de ulike synspunktene. På denne måten sikres både demokratisk deltakelse og gode beslutninger. Slik bidrar kommuner og fylkeskommuner til demokratisk deltakelse også mellom valg, og muligheten til slik deltakelse utvides kraftig hvis vi sammenligner med muligheten til å delta i det nasjonale demokratiet.

Fortsatt hviler det nasjonale demokratiet på lokal demokratisk deltakelse.




Grunnlovsjubileet 2014 - gave til kommunene

Våre første nasjonale valg

Valgene av representanter til riksforsamlingen i 1814 representerer Norges første skritt mot demokratiet vi har i dag. Noe lignende hadde aldri funnet sted tidligere, og tiden var knapp. Hvordan kunne prinsregent Christian Fredrik organisere lokalbefolkning landet rundt til valg med de avstandene og den geografien vi har? Løsningen ble kirken i Norge. Sognekirkene ble valglokaler, og presteskapet valgarrangører. Rammen rundt var en spesiell bededagsgudstjeneste, og fra hvert valg skulle det utformes en *fullmakt* til de valgte - stilet til prinsen selv, undertegnet av menighetens ansette menn. Menighetene utgjorde det vi i dag kaller valgkretser.

Fullmaktene er dokumenter som kaster lys over demokratiets fødsel i Norge. Hver kirke og hvert lokalsamfunn der det ble holdt valg, spilte en rolle i 1814. De originale fullmaktene eies i dag av Arkivverket, og til grunnlovsjubileet i 2014 ønsker Riksarkivaren å gi vakre reproduksjoner av dem som gave til kirker og kommuner der det ble holdt valg i 1814. Det enkelte lokalsamfunn kan da få øye på sin historiske betydning, og knytte egen tråd til 1814.

Fullmaktene er unike



Fullmakter fra Glemmen menighet i Østfold, Nøtterøy i Vestfold og Edøy i Møre og Romsdal

Fullmaktene ble utformet av menighetens prest. De er derfor ikke like. Noen er forseggjorte og prydet med segl, andre er enkle og hverdagslige skriv. Du kan se fullmakten fra ditt lokalsamfunn og lese mer her: <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/Fullmakter-fra-valgene>

Patriotisme og deltakelse over hele landet


Nord-Norge var ikke representert på Eidsvoll. Lokalvalg ble holdt her som i resten av landet, og Finnmarkens amt (Troms og Finnmark) valgte også representanter. Det hele skjedde likevel for sent til at noen fra nord kunne delta i grunnlovsforhandlingene. Fullmakten fra *Tranøy og Dyrøy* i Senja vitner like fullt om klar forståelse av den høytidelige begivenheten:



”... at antage for Riget Norge en Regjeringsform, som fuldkommen og for bestandig kan betrygge Folkets Frihed og Statens Tarv.”

Gaven fra Riksarkivaren

De fleste fullmaktene er i tilnærmet A4-format. Mange har tekst bare på forsiden, og for disse består gaven av denne forsiden reproduisert. En del av fullmaktene har tekst over to eller flere sider. Da velger Riksarkivaren ut to sider til trykking, og gaven består av begge sidene. Enkelte fullmakter er praktskriv i større format. Ved å gå inn på nettadressen ovenfor, ser du hvilken type fullmakt din kommune kan få. Vi gjør oppmerksom på at ikke alle dagens kommuner er representert på ”valgkartet” fra 1814.



Montering og plassering

Fullmaktene har kulturhistorisk verdi. Derfor ber Riksarkivaren om at den enkelte kommune gir sin reproduksjon en god og hensiktsmessig plassering. Reproduksjonen sendes ut uinnrammet. Vi anbefaler innramming i passepartout, med en kort, forklarende tekst på denne. Forslag til slik tekst vil følge med reproduksjonen, sammen med en laminert QR-kode som kan plasseres ved siden av innrammet dokument. Koden åpner til Arkivverkets nettside, der fullmaktene er presentert, og valgprosessen i 1814 beskrevet. Her kan fullmaktene også leses i vanlig trykkskrift.

Fullmakten til venstre er fra *Overhalla* (Ranem), Nord-Trøndelag

Bestilling

Fullmaktene bestilles hos Riksarkivet så snart kommunen har bestemt seg for å takke ja til gaven, og *senest innen 1. juli 2013*. Kontaktperson: *Bente Engelsen*, tel. 22 02 27 03, beneng@arkivverket.no

Forslag til uttalelse om grunnlovfesting av det lokale folkestyret:

«Til stortingsrepresentantene

Det lokale folkestyret er en grunnstein i et levende og aktivt demokrati.

Grunnloven av 1814 ivaretok ikke hensynet til at et fullverdig nasjonalt demokrati også må komme til uttrykk på det lokale planet. Manglende regulering av lokaldemokratiet står fortsatt som et hull i konstitusjonen. Forslag om grunnlovfesting har tidligere vært foreslått av representanter fra alle partiene på Stortinget, men hittil har ingen fått nødvendig flertall. Ved markeringen av Grunnlovens 200-årsjubileum er det på tide å tette dette hullet.

Stortinget skal nå stemme over tre ulike forslag om grunnlovfesting av kommunalt selvstyre/lokaldemokrati. (Dokument 12:5 (2011–2012), Dokument 12:19 (2011–2012) og Dokument 12:26 (2011–2012))

Vi oppfordrer stortingsrepresentantene på det sterkeste til at det nå blir et nødvendig flertall for et av disse forslagene.»

Mer informasjon

Stortingets markering av grunnlovsjubileet

<http://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Grunnlovsjubileet/>

Grunnlovsjubileet – Liste over relevante UiO-forskere

<http://www.uio.no/om/aktuelt/ekspertlister/grunnlovsjubileum.html>

1814 sett nedenfra

http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Kategori:1814_sett_nedenfra

Digital læringsressurs – Min stemme

<http://iktsenteret.no/prosjekter/min-stemme>

Levende lokaldemokrati og stat og kommune

www.ks.no



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2013/411
		Arkiv:	Q05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/14	Formannskapet	15.01.2014
	Kommunestyret	30.01.2014

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2013. ØKONOMISK AVSLUTNING.

Tilråding frå rådmannen:

Meirforbruket kr 11.208,- vert dekkja av frie finansieringsmidlar for 2012.

Særutskrift: Anleggs- og driftsavdelinga
Økonomi

Vedlegg: Asfaltering av grusveggar – prioritering
Kopi av saksprotokoll MTK-sak 49/13
Kopi av utskrift øk.rapport

Bakgrunn for saka:

I budsjettet for 2013 var det løyvt kr 1.000.000,- til asfaltering av grusveggar. Maritim og teknisk komite godkjende i MTK-sak 49/13 oppsett liste «Asfaltering av grusveggar 2013. Prioritering av strekningar» og vedtok at løyvinga vart nytta i henhold til denne lista så langt som midlane måtte rekke (jfr. vedlegg nr 1 og 2).

Denne saka gjeld rapportering om bruken av midlane med økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:

Etter asfalteringa i 2013 har antalet kommunale vegar med grusdekke blitt vesentleg redusert. Det står no til rest ca 10 km veg som framleis har grusdekke.

Kostnadene med asfaltering av kommunale grusveggar i 2013 fordeler seg som vist nedanfor. Kostnadene er inkl. mva då nylegging på grus er definert som investering

Asfaltering av grusveggar 2013

Objekt 51311

Strekning	Lengde	Kostnad forarbeid	Kostnad asfaltdekke	Type asfalt	Antal tonn	Sum strekning
Veg til Igesund	525 m	Kr 47.903,-	Kr 216.240,-	Agb 11	204	Kr 264.143,-
Ædane (veg øvre Myrvåg)	500 m	Kr 8.841,-	Kr 206.256,-	Ma 16	208	Kr 216.097,-
Nygjerde (Moltustranda)	500 m	Kr 86.076,-	Kr 200.970,-	Ma 16	203	Kr 287.046,-

Sum alle strekningar (forarbeid + asfaltering)	Kr 767.286,-
Kostnad materialer (grus, singel, vegarmering, fiberduk mv.)	« 168.325,-
Eigne ressursar (lastebil, traktor, mannskap)	« <u>75.597,-</u>
– Sum totalforbruk asfaltering av grusveggar 2013	Kr 1.011.208,-
Løyving asfaltering av grusveggar 2013	« <u>1.000.000,-</u>
Meirforbruk	<u>Kr 11.208,-</u>

Vurdering og konklusjon:

Meirforbruket vert tilrådd dekkja ved bruk av frie finansieringsmidlar for 2012.

Fosnavåg, 06.12.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Asfaltering av grusvegar 2013 Prioritering av strekningar

Strekning	Lengde	Kostnadsoverslag (inkl. merverdiavgift)
Veg til Igesund	525 m	kr 240.000,-
Ædane (veg øvre Myrvåg)	500 m	" 225.000,-
Nygjerde (Moltustranda)	500 m	" 250.000,- *)
Jøsokbakkane	655 m	" 285.000,- **)
Lengde totalt	2.285 m	kr 1.000.000,-

*) Inkl. rør gjennom vegen for planlagt kryssande veite i samband med regulering av Myrabekken.

***) Så langt midlane rekker.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2013/411
		Arkiv:	Q05

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
49/13	Maritim og teknisk komite	21.05.2013

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2013 - PRIORITERING.

Tilråding:

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusveggar 2013. Prioritering av strekningar»
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering av grusveggar i 2013 vert nytta slik det framgår av denne lista så langt som midlane rekker.

Møtebehandling:

Leiar for anlegg og driftsavd. Jon Rune Våge orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.05.2013

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusveggar 2013. Prioritering av strekningar»
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering av grusveggar i 2013 vert nytta slik det framgår av denne lista så langt som midlane rekker.

Konto	Konto (T)	Ansvar	Inksj?	Prosjekt (T)	Beløp	Budsjett m/endr.
02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	5111	333	51311	ASFALTERING AV GRUSVEGA	1 000 000,00
02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	5122	332	51311	ASFALTERING AV GRUSVEGA	0,00
04290	Merverdiavgift som gir rett til momsk	5122	332	51311	ASFALTERING AV GRUSVEGA	0,00
09100	Bruk av lån	5111	333	51311	ASFALTERING AV GRUSVEGA	0,00
					1 011 207,99	1 000 000,00



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2012/2082
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/14	Formannskapet	15.01.2014
	Kommunestyret	30.01.2014

SLUTTHANDSAMING UTBYGGINGSAVTALE MED FOSNAVÅG VEKST AS

Tilråding frå rådmannen:

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Vekst AS vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

Særutskrift:

Anlegg- og driftsavdelinga, her

Fosnavåg Vekst as, Postboks 234, 6099 FOSNAVÅG

Vedlegg:

Prenta:

F-sak 105/13

Revidert utkast til utbyggingsavtale, datert 7.1.2014

Bakgrunn

I reguleringsplanen for området ved hotellet som er under bygging er det innregulert ulike offentlege areal. Det har vorte gjennomført ein prosess etter gjeldande regelverk med sikte på ein utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og utbygger, Fosnavåg Vekst AS.

Framforhandla utkast til utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Vekst AS har vore utlagt til offentlig ettersyn. Denne saka gjeld godkjenning av utbyggingsavtalen.

Saksopplysningar:

Generelt om utbyggingsavtalar

Utgangspunktet for ein utbyggingsavtale er at det i reguleringsplanen for eit privat areal er innregulert offentlege område og/eller infrastruktur. Privat utbygger av desse areala/infrastrukturen kan i slike høve be/søkje kommunen om at det vert skrive ein utbyggingsavtale. Ein slik avtale vil normalt innebere at

- Privat utbygger står for og kostar utbygginga/opparbeidinga fullt ut
- Kommunen overtek, vederlagsfritt, ferdig opparbeidde anlegg for framtidig drift og vedlikehald. Dette inneber også vederlagsfri overtaking av eigedomsretten, eller varig rett til bruk, av areala.

Sakshandsaming

Det vart i F-sak 105/13 18.6.2013 gjort følgjande vedtak:

«1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentlig ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.»

Utkast til utbyggingsavtale vart lagt ut til offentlig ettersyn i perioda 27.6.2013 – 16.8.2013. Det er ikkje kome merknadar til utkastet i denne perioda, men det kom merknad frå utbygger rett i forkant av handsaming i Formannskapet.

Innspel frå utbygger var til punkt 1.3.2 og 1.4 i avtaleutkastet:

«Pkt 1.4 og Pkt 1.3.2 Avgrensing av driftsansvar.

Som vi uttrykte på møte 05 april der dette temaet var drøfta så er Fosnavåg Vekst vel kjent med at Herøy kommune set av begrensa midlar til utandørs forskjøning og til parkvesenet.

Mange parker og park liknande areal i sentrum og elles rundt omkring på bygdene ville nyte godt av meir merksemd og stell. Fosnavåg Vekst er likevel ueinige i Herøy komme i ein utbyggingsavtale skal skrive bort ansvaret som kommuna har for dei offentlige områda. Dermed vil der aldri bli satt av midlar til god drift av desse.

Fosnavåg Vekst er ueinige i at ansvar for drift av offentlige område skal belastast private aktørar – i dette tilfelle Fosnavåg Vekst.

Pkt 1.4 Skade på takkonstruksjonar eller lekkasje.

Fosnavåg Vekst er ueinige i at Herøy kommune får blanko fritak for skader som blir påført tak konstruksjon uansett årsak. Der bør være samheng mellom ansvar og årsak.»

Administrasjonen sine merknadar:

Punkt 1.3.2 er eit vedlegg som syner avgrensing av driftansvaret til Herøy kommune. Vedlegget syner grensene slik dei har vore diskutert med representant frå utbygger og inkluderar det meste av utomhusareal. Kommunen tek med denne utbyggingsavtalen allereie på seg å drifte meir enn det areal som er regulert til offentlig areal i reguleringsplanen. Dei areala som gjenstår meiner vi, som signalisert til utbygger, at ikkje vil få den standard av drift og vedlikehald ein forventar for eit inngongsparti ved eit hotell. Dette er no akseptert av utbygger.

Punkt 1.4. «Geografisk avgrensing og omfang av tiltak» lyder slik i utkastet:

«Avtalen gjeld innanfor område vist på vedlegg 2. For takareal m.a. over planlagt simulatorsenter har kommunen ikkje ansvar for takkonstruksjonar. Kommunen har heller ikkje ansvar for eventuelle lekkasjer som måtte oppstå i levetida til anlegget.

Det er utbygger som står for planlegging av og opparbeiding av utomhusplanen slik den framgår av vedlegg 3 og 4.»

Utbygger peikar på at kommunen med ei slik formulering gir seg sjølv fritak for skader uansett årsak. Vi er samde i at formuleringa er uheldig og det har ikkje vore intensjonen at kommunen skal fritakast for ansvar dersom arbeid kommunen utfører skulle føre til skade. Det vert derfor føreslått ei slik omformulering av punkt 1.4: «Avtalen gjeld innanfor område vist på vedlegg 2. For takareal m.a. over planlagt simulatorsenter har kommunen ikkje ansvaret for takkonstruksjonar. Kommunen har heller ikkje ansvar for eventuelle skadar/lekkasjer som måtte oppstå i levetida til anlegget, med anna skade/lekkasje skjer med bakgrunn i arbeid kommunen utfører.

Det er utbygger som står for planlegging og opparbeiding av utomhusplanen slik den framgår av vedlegg 3 og 4»

Utbygger har akseptert ny formulering for punkt 1.4.

Revisjon av teikningar

Etter at utkast til avtale var til offentlig ettersyn har utbygger levert ny revisjon av teikningar for uteområdet. Dette med bakgrunn i at det no er planlagt meir detaljert og spesielt med omsyn til høgder vart utkastet noko endra. Det er siste revisjon av teikningar som no er lagt ved utkast til utbyggingsavtale.

Økonomi

I reglane for søknad om tilskot av «Tettstadsmidlar» er det ein føresetnad at det ligg føre ein utbyggingsavtale mellom ein privat utbygger og kommunen.

«Tettstadsmidlar» vert gitt etter særskilde reglar med inntil 1/3 av kostnaden. Det er vanleg at det er 3 partar som deler likt kostnaden ved søknad om tettstadsmidlar. Dei 3 partane er utbygger, kommunen og Fylket. Det vert m.a. ikkje gitt tilskot til grunnkjøp, tunge underliggende konstruksjonar, generell infrastruktur og asfaltering. Midlane skal i utgangspunktet gå til tiltak som kan gi auka kvalitet på utføring for

m.a. å opprette nye møteplassar i tettstadar. Kommunen har signalisert at det kan vere naturleg at kommunen er med på å yte tilskot på lik linje med fylket.

Utbygger er byggherre for heile prosjektet og har ansvaret for finansiering og gjennomføring av prosjektet. Utbygger har fått opplyst at dei må søkje om støtte til prosjektet for at kommunen skal yte tilskot. Ein slik begrunna søknad er pr. dags dato ikkje motteken.

Kommunen har budsjettert med 6 mill. kroner i tilskot til prosjektet. Bakgrunnen for denne løyvinga var eit tidleg kostnadsoverslag på 18 mill. kroner, vedkomande m.a. uteområdet, før detaljplanlegginga vart starta. Beløpet skulle vere kommunen sin 3. del av opparbeidinga av uteområdet i følge reglane om Tettstadsmidlar. Etter detaljplanlegging av uteområdet er kostnadsoverslaget frå utbygger på 28,9 mill. kr.

Kva som vert samla grunnlag for evt. tilskot av Tettstadsmidlar som skal delast på dei 3 partane vert først klart etter at søknad om Tettstadsmidlar er handsama av Fylket.

Godkjenning av utbyggingsavtalen medfører ikkje at kommunen låser seg opp i forhold til evt. tilskot/bidrag til utbygger. Evt. tilskot/bidrag må handsamast i eiga sak etter søknad frå utbygger.

Vurdering og konklusjon:

Avtaleutkastet slik det no ligg føre legg til rette for at kommunen tek over anlegg til framtidig drift og vedlikehald.

Tilskot til prosjektet vert å handsame når ein søknad om tilskot ligg føre og vert derfor ikkje utdjupa nærare i denne saka.

Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing tilrår rådmannen at avtalen vert godkjent slik den framkjem av vedlagt utkast til utbyggingsavtale.

Konsekvensar for folkehelse:

Utbygginga omfattar ei forlenging av gangforbindelse/pomenaden som startar på Vågsplassen. Det vert også forbindelse opp til Gerhard Voldnes veg for vidare gangforbindelsar. Ein håpar at ein ved å leggje til rette for samlingsplassar med benkar og installasjonar for born kan bidra til meir aktivitet og trivsel i sentrum, noko som igjen er positivt for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Frå Almenningen vil promenaden fungere som tilkomst for utrykkingskjøretøy og vil elles vere stengt for køyrande trafikk.

Konsekvensar for drift:

Sidan kommunen har ikkje egne reelle erfaringstal frå drift av uteområde i sentrum og utbygger ikkje har levert overslag av slike kostadar, har ein ikkje noko utrekna kostnadskonsekvens for drift av uteområdet.

Eit område av ein slik storleik vil ha konsekvensar for drifta, både økonomisk og ved kapasiteten til Anleggs- og driftsavdelinga alt etter standarden ein vel å legge seg på. Ein må ma. pårekne årleg reingjering av promenade/fortau, vekentleg

avfallstøming, tilsyn med sikringstiltak, plantar, ulike installasjonar, fending, lysanlegg og vintervedlikehald i form av snørydding og evt. strøing.

Fosnavåg, 03.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



Fosnavåg Vekst AS

Pb 229

6099 FOSNAVÅG

Saksnr
2012/2082

Arkiv
611

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / HS

Dato
24.06.2013

F-SAK 105/13. HOTELL I FOSNAVÅG - UTEOMRÅDET. UTLEGGING AV UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Vedlagt følger F-sak 105/13.

Formannskapet handsama saka i møte 18.06.13 og gjorde slikt vedtak:

1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentlig ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

Hilde Bringsvor Skinnnes
e.f.

Kopi:

Anlegg og driftsavd. her

Utviklingsavd. her

Eigedomsavd. her

Økonomiavd. her



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2012/2082
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
105/13	Formannskapet	18.06.2013

HOTELL I FOSNAVÅG - UTEOMRÅDET. UTLEGGING AV UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

1. Herøy formannskap vedtek

Alt. A)

Før arbeidet vert sett i gang skal utbygger levere til kommunen bankgaranti tilsvarende 10 % av dei totale opparbeidingskostnadane for anlegga som skal overtakast til kommunalt eige og vedlikehald. Garanti kan delast opp etappevis dersom utbygginga er det. Bankgarantien skal være gyldig fram til anlegget er godkjent og overteke av kommunen. Elles gjeld reglane i NS 8405 om sikkerheitsstilling så langt dei passar.

Alt. B)

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentlig ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

Møtebehandling:

Olav Arntsen frå Fosnavåg Vekst AS og Frode Pedersen frå Smedvik AS orienterte.

Prosjektleder anlegg og driftsavd. Lene H. Søyvik møtte.

Rådmannen si tilråding alternativ B vart samrøystes vedteken:

1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentleg ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

Vedtak i Formannskapet - 18.06.2013

1. Herøy formannskap vedtek

Utbygger stiller ikkje garanti til kommunen

som tekst til punkt 8.1 i utkast til utbyggingsavtale.

2. Utkast til utbyggingsavtale med Fosnavåg Vekst AS vert lagt ut til offentleg ettersyn i 30 dagar. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §17-4.

Særutskrift:

Fosnavåg Vekst as, pb 229, 6099 Fosnavåg

Anleggs- og driftsavdelinga, her

Utviklingsavdelinga, her

Eigedomsavdelinga, her

Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. Utkast til utbyggingsavtale revidert 28.05.2013 inkl. vedlegg
2. Utbygger sine kommentarer til punkt 8.1 i avtaleutkastet datert 27.05.2013

Bakgrunn:

I samsvar med gjeldande retningslinjer for utbyggingsavtalar har det vorte gjennomført forhandlingar med utbygger Fosnavåg Vekst as og utarbeidd utkast til utbyggingsavtale. Denne saka gjeld utlegging av utkast til utbyggingsavtale til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Reguleringsplan 1515201201 hotell og konsertsal Fosnavåg sentrum vart godkjent av kommunestyret i K-sak 9/12 den 26.01.2012.

Kunngjering om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale vart gjort oktober 2007. Forhandlingar er no gjennomførte og utkast til utbyggingsavtale følgjer vedlagt.

Etter §17-4 i Plan- og bygningslova skal utkast til utbyggingsavtale leggjast ut til offentlig ettersyn med 30 dagars frist for merknadar.

Utkastet til utbyggingsavtale omfattar uteareal inkludert installasjonar som utbygger skal opparbeide og som kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald. Eigeomsretten til areala skal overdragast vederlagsfritt til kommunen. Eventuelt skal det ligge føre avtale om varig bruksrett.

Etter at utkastet til utbyggingsavtale har vore til offentleg ettersyn og justert i forhold til evt. merknadar vil avtale bli lagt fram for ny handsaming og endeleg vedtak.

Garanti

Administrasjonen og utbygger er samde om avtaleutkastet slik det føreligg, med unntak av punkt 8.1 *Garanti i opparbeidingstida*.

Administrasjonen ønskjer at det vert stilt 10% garanti (bankgaranti) i opparbeidingstida, medan utbygger ikkje vil stille garanti. Administrasjonen meiner dette er eit viktig punkt og at dette bør avgjerast politisk då manglande garanti i verste fall kan få ein økonomisk konsekvens for kommunen. Denne saka vert difor lagt fram med to ulike alternativ for punkt 8.1.

Utbygger sine argument (sjå vedlegg 2):

- Utbygger har ikkje 10% bankgaranti frå utførande entreprenør. Dei betalar ut siste 7,5% av kontraktssum når anlegget er ferdig overlevert og meiner dette er god nok garanti for gjennomføring.
- Dersom utbygger må stille garanti vil eit beløp tilsvarande bank garantien vil bli trekt frå byggelånsramma og avsett som sikkerheit for garantien og utbygger står dermed utan byggelån for eit tilsvarande beløp. Dette meiner utbygger vil utgjere ei betydelig utfordring.
- Utbygger nemner også at i motsetning til for eksempel byggefelt som vanlegvis går over mange år har vi her med eit prosjekt som strekker seg til hausten 2014 og at det er i alle si interesse å få prosjektet ferdig før hotellåpning. Dette gjeld både Veidekke (utførande entreprenør) og ikkje minst Fosnavåg Vekst as.

Administrasjonen sin argumentasjon:

- Det har vore vanleg praksis at utbyggarar har stilt 10% garanti i opparbeidingstida. Prosenten er satt etter Norsk Standard som er vanlig å nytte i byggeprosjekt.
- Bakgrunnen for at det er naudsynt med garanti i byggeperioden er at kommunen skal kunne ferdigstille/avslutte arbeida som er oppstarta dersom utbyggar ikkje kan oppfylle sine plikter etter avtalen, t.d. ved ein konkurs. Tilsvarande garanti krev kommunen i alle sine kontraktar med utførande entreprenørar.
- Ein kan vise til førre utbyggingsavtale som er inngått (Kvalsund og Teige bustadfelt), der er det levert bankgaranti på 10%.
- Kommunen har tidlegare hatt negative erfaringar når garanti har mangla, t.d. utbygginga i Vike/Toftedal.
- I kommunen sine retningslinjer for utbyggingsavtalar er det i punkt 7 «Innhaldet i utbyggingsavtalen» tatt med at garanti for gjennomføring skal vurderast og evt. inngå i utbyggingsavtalen.

Økonomisk støtte

Sjølve utbyggingsavtalen omfattar ikkje noko kostander for kommunen utover kostnaden med framtidig drift og vedlikehald.

Gjennom prosessen med å utarbeide utanomhusplanen har utbyggar hatt nær dialog med kommunen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er intensjonar om å søkje fylkeskommunen om tettstadsmidlar til prosjektet. Tilskot i form av tettstadsmidlar krev at det ligg føre ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggar. Det er vidare ein føresetnad at det er ei tredeling av kostnadene mellom kommunen, utbyggar og staten.

Utbyggar vil truleg søkje kommunen om økonomisk støtte ut over det som er omfatta av tredelinga i samband med evt. tilskot i form av tettstadsmidlar. Søknad(er) om tilskot vert å handsame politisk etter at utbyggingsavtalen er endeleg godkjent.

Utbyggar har ikkje levert kostnadsoverslag som syner kva opparbeidinga av uteområdet vil koste og kva ein må pårekne i årlege drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vurdering og konklusjon:

Det er pr. i dag avsett svært avgrensa midlar til vedlikehald av offentlege område i sentrum. Med dei nye områda som evt. kjem til i samband med denne utbyggingsavtalen må løyvingane til slikt vedlikehald aukast monaleg.

Ein vurderer det slik at det reelt sett er to alternative tekstar til punkt 8.1 *Garanti i opparbeidingstida*:

Alt. A)

Før arbeidet vert sett i gang skal utbyggar levere til kommunen bankgaranti tilsvarande 10 % av dei totale opparbeidingskostnadane for anlegga som skal overtakast til kommunalt eige og vedlikehald. Garanti kan delast opp etappevis dersom utbygginga er det. Bankgarantien skal være gyldig fram til anlegget er

godkjent og overteke av kommunen. Elles gjeld reglane i NS 8405 om sikkerheitsstilling så langt dei passar.

Alt. B)

Utbyggar stiller ikkje garanti til kommunen.

Ein har forståing for utbyggar sine synspunkt og dei kostnader garanti medfører. **Konsekvensen for kommunen, dersom ein går på utbyggars forslag, er imidlertid at kommunen i realiteten ikkje har nokon garanti. Dersom alt. B vert vedteke vil det kunne danne presedens for seinare utbyggingsavtalar. Prinsipielt vert det også feil i forhold til andre utbyggarar som har stilt garanti tidlegare. Opparbeiding av utearealet ved hotellet er svært viktig for heile Fosnavåg sentrum og det bør derfor ikkje vere noko usikkerheit med omsyn til ferdigstilling.**

På bakgrunn av ovanstående saksutgreiing og vedlagt utkast til utbyggingsavtale inkludert vedlegg vil rådmannen tilrå at utbyggingsavtalen vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med gjeldande regelverk.

Konsekvensar for folkehelse:

- Uteområdet inneheld ei vidareføring av promenaden som startar frå Vågsplassen og kan vidareførast seinare. Det er forbindelse opp til Gerhard Voldnesveg for vidare gangforbindelsar. Ein håpar at ein ved og leggje til rette for samlingsplassar med benkar og innstallasjonar for born kan bidra til meir aktivitet og trivsel i sentrum, noko som igjen er positivt for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

- Promenaden skal fungere som tilkomst for utrykkingskjøretøy. Området vert difor åpe.

Konsekvensar for drift:

- Sidan kommunen har ikkje eigne reelle erfaringstal frå drift av uteområde i sentrum og utbyggar ikkje har levert overslag av slike kostadar, har ein ikkje noko utrekna kostnadskonsekvens for drift av uteområdet. Eit område av ein slik storleik vi ha konsekvensar for drifta, både økonomisk og vedrørande kapasitet på Anleggs- og driftsavdelinga.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

UTKAST til
UTBYGGINGSAVTALE

mellom

Fosnavåg Vekst AS org. nr. 991 026 592

og

Herøy kommune org. nr. 964 978 840

vedkomande

utbygging av offentlege areal kring hotell og konserthus i
Fosnavåg

1 Generelt

1.1 Partane i saka

Mellom Fosnavåg Vekst AS, heretter kalla utbyggjar, og Herøy Kommune, heretter kalla kommunen, er det inngått avtale om utbygging av dei offentlege areala kring hotell og konserthus i Fosnavåg.

1.2 Formål

Formålet med denne avtalen er å regulere rettar og plikter mellom partane, og sikre offentlege og felles interesser samt gjennomføring.

Overordna denne avtalen gjeld reguleringsplanen 1515201201 hotell og konsertsal Fosnavåg sentrum med tilhøyrande reguleringsføresegner. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter i Herøy kommune.

1.3 Vedlegg

Føljande er vedlagt denne avtalen:

1. Reguleringsplan med føresegner godkjent i K-sak 9/12 26.01.2012
2. Avgrensing av driftsansvar 4.06.2013
3. Utanomhusplan "Landskapsplan oversiktsplan" datert 9.7.2013.
4. Detaljteikningar datert 9.7.2013
5. Funksjonsbeskrivelse av utanomhusplanen datert 15.05.2013
6. Framdriftsplan for utbygginga datert 27.05.2013

1.4 Geografisk avgrensing og omfang av tiltak

Avtalen gjeld innanfor område vist på vedlegg 2. For takareal m.a. over planlagt simulatorsenter har kommunen ikkje ansvaret for takkonstruksjonar. Kommunen har heller ikkje ansvar for eventuelle skadar/lekkasjar som måtte oppstå i levetida til anlegget, med anna skade/lekkasje skjer med bakgrunn i arbeid kommunen utfører.

Det er utbyggjar som står for planlegging og opparbeiding av utanomhusplanen slik den framgår av vedlegg 3 og 4.

1.5 Gyldigheit

Denne utbyggingsavtalen gjeld frå den er vedteken av kommunestyret og så lenge reguleringsplan er gyldig etter reglane i Plan- og bygningslova. Evt. ved ferdigstilling av alle anlegg som er omfatta av avtalen innafor gyldigheitsperioden for reguleringsplanane.

Dersom utbygginga ikkje er oppstarta innan 5 år skal avtalen reforhandlast i samband med evt. søknad om forlenga gyldigheitsperiode for reguleringsplanane.

2 Tekniske planar

Vedlagte detaljteikningar og funksjonsbeskrivelse nemnt i punkt 1.3 dannar grunnlag for opparbeiding av uteområdet. Materialar og konstruksjonar skal ha gode, varige kvalitetar som medfører minst mogleg drift- og vedlikehald.

Om det under opparbeidinga vert behov for å gjere endringar i høve vedlagte tekniske planar, skal kommunen varslast før endringa vert gjort. Representant frå kommunen skal ha høve til å vere med på byggjemøter som omhandlar areala i denne avtalen.

Detaljplanar for utføring skal utarbeidast av utbygger og godkjennast av kommunen ved Anleggs- og driftsavdelinga før utføring.

3 Rekkefølge og vilkår for utbygging

- Krav om rekkjefølgje som er stilt i tilhøyrande reguleringsføresegnar må stettast.
- Det skal leverast "som bygd dokumentasjon". Offentlege kummer/leidningstrasear (også trekkerør) skal innmålast og koordinatfestast. Dersom det er kummar skal det takast bilete og lagast kumskisse. Det skal utførast spyling og videokontroll av leidningar. Dokumentasjonen skal inngå i FDV-dokumentasjonen for heile området.
- Dersom det skal leggjast fram vassleidning skal denne desinfiserast.
- Utbyggjar skal ved kommunal overtaking av området overlevere FDV-dokumentasjon (Forvaltning, drift og vedlikehald) for material og installasjonar som inngår i utenomhusplanen.

4 Eventuelt kommunalt bidrag til utbygginga

Økonomisk bidrag til utbygginga frå kommunen vert å handsame i eiga politisk sak etter søknad frå utbygger.

Det er lagt føringar for og søkje midlar frå Tettstadsprogrammet.

5 Grunnerverv

Grunn til offentlege område som kommunen skal overta for framtidig drift og vedlikehald, vert overdrage vederlagsfritt og fritt for hefte til Herøy kommune. Eventuelt skal kommunen sikrast varig bruksrett av areala gjennom ein tinglyst avtale. Utbygger dekkjer kostnader knytt til tinglysing. Alle skøyteformular/avtaletekstar skal godkjennast av kommunen før tinglysing for å sikre rettar slik disse går fram av avtalen.

6 Framdrift

Utbygger skal lage framdriftsplan som skal følgje avtalen som eige vedlegg. Framdriftsplanen skal omfatte opparbeiding etter utenomhusplanen og den skal detaljerast før opparbeiding.

Utbygger skal rapportere 1 gong pr. år til kommunen ihht. framdriftsplan. Endringar i framdrift skal meldast til kommunen.

Ved oppstart av opparbeidinga skal det haldast eit oppstartsmøte der begge partane er tilstades og oppstartsdato vert protokollført.

7 Overtaking

Drift og vedlikehald av dei framtidige kommunale anlegga er utbygger sitt ansvar fram til kommunal overtaking.

Det skal haldast formell overtakingsforretning med protokoll som, for kommunen sin del, skal endeleg godkjennast av Formannskapet.

8 Garanti

8.1 Garanti i opparbeidingstida

Utbygger stiller ikkje garanti.

8.2 Garanti i reklamasjonstida

Som føresetnad for kommunal overtaking skal kommunen for reklamasjonstida, som er tre år rekna frå dato for kommunal overtaking, ha motteke frå utbygger bankgaranti for anlegg som vert overtekne til kommunalt eige og vedlikehald. Garantien skal svare til 3 % av opparbeidingskostnadene første året 2% andre året og 1 % tredje året.

Dersom det vert utført reklamasjonsarbeid etter reklamasjonstida si utløp eller er gjort ansvar gjeldande mot utbygger som kan verte kravd dekt av garantien, skal garantiane gjelde til reklamasjonsarbeida er utførte og godkjende. Alle garantiane vert utløyste ved mislighald av kontraktforpliktingane, så som manglar ved utføring og ved betalingsudugleik hos utbygger.

Elles gjeld reglane i NS 8405 om sikkerheitsstilling så langt dei passer.

9 Tvistar



Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje let seg løyse ved forhandlingar, skal løysast av dei ordinære domstolane. Eigedomens verneting vert avtalt som tvistens verneting.

Dato

Dato

.....
Utbygger

.....
Herøy kommune



TEKNOFORKLARING

1. BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)
 Næring/fjernesfyring

2. SAMF. ANLEGG OG TEKN. INFR. STRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)
 Veg
 Fortau
 Gangveg/gangareal/gågate
 Annen veggrunn - tekniske anlegg
 Kombinerte tekniske infrastrukturtraseer

3. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL §12-5 NR.6)
 Havneområde i sjø
 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag


Juridiske linjer og punkt
 Regulerings- og bebyggelsesplanområde
 Planens begrensning
 Formålsgrense
 Målelinje/Avstandslinje



Eierform:
 o_ = Offentleg formål
 f_ = Felles privat formål

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Kartopplysninger
 Kilde for basiskart: FKB Herøy
 Dato for basiskart: Jan 2012
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
 Høydegrunnlag: NN 1954



DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3
Hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Areaplan-ID: 201201
 Forslagstiller: Herøy kommune
 Kartprodusent: Geovekst

Revisjon av plankart		DATO	SIGN.
A			
B			
C			

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN			
Kommunestyrets vedtak:	SAK	DATO	SIGN.
2. gongs behandling i Formannskapet	9/12	26.01.12	AT
Offentlig ettersyn fra 23.11.2011 til 02.01.2012	15/12	17.01.11	AT
1. gongs behandling i Formannskapet	309/11	22.11.11	AT
Kunngjøring av oppstart planarbeidet	PLANNR. 12/20	06.06.11	AT
PLANEN UTARBEIDET AV:	TEGNNR. SAKSBEH.		AT/MM
	12/20		AT/MM



REGULERINGSFØRESEGNER
HOTELL OG KONSERTSAL I FOSNAVÅG SENTRUM
PlanID: 201201

§1 GENERELT

- 1.1 Reguleringsføresegna gjeld området vist med reguleringsgrense på plankart, datert **28.10.2011**.
- 1.2 Reguleringsføresegna kjem i tillegg til plan- og bygningslova med vedtekter for Herøy kommune. Det er ikkje tillate å opprette privatrettslege avtalar i strid med reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner.
- 1.3 Herøy kommune kan gje dispensasjon frå plan- og bygningslova innanfor rammer i plan- og bygningslova med vedtekter.
- 1.4 Arealet innanfor planens avgrensingslinjer er regulert til følgjande føremål i medhald av plan- og bygningslova § 12-5:

§ 12-5 nr 1: BEBYGGELSE OG ANLEGG

Rp-kode 1824: Næring / Tjenesteyting (TN1 og TN2)

§ 12-5 nr 2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Rp-kode 2010: a_V2 og o_V1 (Gerhard Voldnes veg)

Rp-kode 2012: Fortau

Rp-kode 2016: Sentrumspassasje, SP1

Rp-kode 2018: Annen veggrunn – tekniske anlegg

Rp-kode 2800: Kombinert formål infrastrukturtrasee (K/T) – promenade

§ 12-5 nr 6: BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Rp-kode 6220: Hamneområde i sjø (trafikkområde)

Rp-kode 6730: Småbåtanlegg i sjø

§2 FELLESBESTEMMELSER

- 2.1 Bebyggelsens plassering

Bebyggelse skal plasserast innanfor dei viste formålsgransene. Juridiske linjer som angir grense for plassering av ny bebyggelse.

- 2.2 Bebyggelsens utnyttingsgrad og høgde

Tillate bebygd areal (%BYA) vert definert etter TEK (Teknisk forskrift). Bebyggelsens maksimale tillate høgde er angitt på plankartet. Det vert tillate med utkraga fasade over 2.etasje.

2.3 Parkering

Funksjonane innanfor planområdet skal nytte seg av parkeringsareal som ligg utanfor planområdet.

Det vert tillate at nyttekøyretøy som har direkte tilknytning til Hotellet / konsertsal / Næringsarealet kan parker innanfor formålsgrrensa.

2.4 Tekniske anlegg

Innafor planområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg skal tilpassast omgjevnadane. Slik innretningar skal godkjennast av Herøy kommune.

2.5 Bebyggelsens utforming og dokumentasjonskrav

Det skal vektleggast å gje bebyggelse og utomhusanlegg ein heilskapeleg og tiltalande utforming, som er tilpassa omkringliggjande sentrumsstruktur. Utadvente funksjonar som servering, besøks- og formindlingsfunksjonar og liknande bør i størst mogleg grad leggast til på nivå med kai / torgarealet (promenade) i nord eller mot Gerhard Voldnes veg i sør.

Ved søknad om rammeløyve skal bebyggelsens arkitektoniske samanheng med omgjevnadane dokumenterast skriftleg og ved perspektivteikningar.

Det skal leggjast sterk vekt på å gje bygningar og utomhusareal høg estetisk kvalitet med tanke på utforming og materialbruk.

2.6 Universell utforming

Området skal utformast etter retningslinjer for universell utforming gjeldande på søknadstidspunktet.

§ 3 BEBYGGELSE OG ANLEGG

3.1 Næring / tenesteyting (TN1, Rp-kode 1824)

I området vert det tillate med hotellverksemd med tilhøyrande funksjonar. Det vert også tillate med næringsverksemd i 1.etg og 2.etg. I 2.etg skal det leggast til rette for av- og påstingslomme for kollektivtrafikken mot Gerhard Voldnes veg. Det skal vidare kunne opparbeidast tilkomst frå 2.etg til utområda rundt 1.etg. Det vert tillate med etablering av kino i 2. etg.

For området TN1 er % BYA = 100%. Det kan etablerast hotell og næring med tilhøyrande funksjonar. Det vert tillate med etablering av konferansesenter. Bygningar skal ha ei maksimal byggehøgde på kote + 23.5 som tilsvarar 5.etasjer. Høgdena kan variere mellom ulike delane av bygningsmassen. Mindre konstruksjonar (t.d ventilasjonsanlegg) kan overstige den maksimale byggehøgda som vist på plankartet inntil kote + 24.5.

Vedlagt situasjonsplan viser maksimal kotehøgde for dei nye bygningsdelane. Dette vedlegget er ein del av føresegnene - juridisk bindande for avgrensing av byggjehøgder.

3.2 Næring / tjenesteyting (TN2, Rp-kode 1824)

Området TN2 skal nyttast til konsertsal med tilhøyrande anlegg. For området TN2 er %BYA = 100%. Det kan etablerast konsertsal med tilhøyrande funksjonar. Bygningar kan oppførast med ei maksimal byggjehøgde på kote + 15,0 meter som tilsvarar 2.etasjer. Vedlagt situasjonsplan viser maksimal kotehøgde for dei nye bygningsdelane. Dette vedlegget er ein del av føresegnene - juridisk bindande for avgrensing av byggjehøgder

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Gerhard Voldnesveg (Rp-kode: 2010)

Innanfor området kan det etablerast offentleg køyreveg med tilhøyrande anlegg. Det skal leggast til rette for gatestruktur med ei blanding av bilbruk og mjuke trafikantar. Det vert tillate med gjennomgangstrafikk.

4.2 a_V2 (Privat tilkomstveg, Rp-kode: 2010)

I området kan det etablerast privat tilkomst veg i tilknytning til området TN1. Vegen kan nyttast av dei som til ei kvar tid har vegrett. Vegen skal kunne nyttast til varelevering i høve hotellet. Vegen skal opparbeidast som vist på plankartet.

4.3 o_K/T (Kombinert formål infrastrukturtrasee - Promenade)

K/T området skal opparbeidast som ei urbant utforma offentleg kaipromenade / torg. Det vert tillate med svært begrensa biltrafikk i området, unnateke er utrykningskøyretøy. Området skal opparbeidast innfor grensene som er vist på plankartet. Det skal leggast sterk vekt på å gje området ei estetisk og funksjonell utforming. Området skal leggast til rette slik at det er attraktivt for born- og unge.

Prinsippa om universell utforming skal gjevast særskilt merksemd, slik at området kan nyttast av alle samfunnsgrupper. Det kan opparbeidast benkar og mindre innretningar som har ei direkte tilknytning til kaipromenaden.

Plan for opparbeiding av kaipromenaden skal godkjennast av Herøy kommune.

4.4 Fotau (Rp-kode: 2012)

Innafor området kan det etablerast fortou som vist på plankartet.

4.5 SP1 (sentrumspassasje - Rp-kode: 2016)

Innanfor området kan det etablerast sentrumspassasje som vist på plankartet. Området skal fungere som eit ope gangareal.

4.6 Anna veggrunn – tekniske anlegg (Rp-kode 2018)

Innanfor området kan det etablerast innretingar som er naudsynt i høve opparbeiding av tilgrensande vegareal.

§ 5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

5.1 o_Hamne- og trafikkområde i sjø (Rp-kode 6220)

Området er regulert for hamneområdet i sjø.

5.2 a_Småbåtanlegg i sjø (Rp-kode 6730)

Området er regulert til småbåtanlegg i sjø. Innanfor området vert det tillate å legge ut flytebrygger. Søknad om flytebrygger må godkjennast av vedkomande mynde etter hamne- og farevannslova.

§ 6 REKKEFØLGEKRAV

6.1 Utbyggingsavtale

Før det vert sett i gong tiltak innanfor planområdet, skal det vere inngått ein utbyggingsavtale med Herøy kommune vedkomande teknisk infrastruktur.

6.2 Promenade

Området o_K/T skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med området TN1 og TN2. Plan for opparbeiding av o_K/T området skal godkjennast av Herøy kommune.

6.3 Parkering

Nytt hotell og konsertsal må tilfredstille krav om antall parkeringsplassar i Herøy kommune sine parkeringsvedtekter i punkt 2, bokstav d og h. Deler av parkeringsanlegget som er godkjent i plan " FOSNAVÅG SENTRUM AUST – PARKERINGSANLEGG (I kraft 22.10.2009)" må difor vere opparbeidd og ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve / ferdigattest for tiltaka innafor dette planområdet.

FOSNAVÅG,


Arnulf Goksøyr
ordfører




Reguleringsplan med føresegner godkjend i K-sak 9/12, 26.01.2012 -

**VEDLEGG 1 – Situasjonsplan M 1:500 med kotehøgder på takflater
– JURIDISK BINDANDE VEDLEGG TIL DESSE FØRSEGNENE-**

— Avgrensning driftsansvar

4/6-13 henst. holdet




FORELØPIG TEGNING - ANBUUD

REV	VERSJON	DATE	SGN

SMEDS VIG
Landskapsarkitektur

FOSNAVÅG VEST
FOSNAVÅG HOTELL
LANDSKAPSPLAN - OVERSIKTSPLAN

SAK NR	TEGN NR	MÅLSTØKKE	TEGNET AV	KONTRE	DATE	REV
12.524	L60 10	A1=1:200	SK / TP	AS	15.05.2013	0



ARBEIDSTEGNING



1	ARBEIDSTEGNING	12.534	L70.10	A1=1:200	SK/JP	AS	09.07.2013	2
2	FOSNAVÅG VERGT / VEDEKKE							
3	FOSNAVÅG HOTEL OG KONSERTHUS							
4	LANDSKAPSPLAN - OVERSIKTSPLAN							
5	SMEDS VIG							
6	12.534	L70.10	A1=1:200	SK/JP	AS	09.07.2013	2	



TEGNFORKLARING

	1.000 BETONG
	2.000 RØDT LITTE BRICK
	3.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE
	4.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	5.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	6.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	7.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	8.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	9.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	10.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	11.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	12.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	13.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	14.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	15.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	16.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	17.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	18.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	19.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	20.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	21.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	22.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	23.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	24.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	25.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	26.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	27.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	28.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	29.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	30.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	31.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	32.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	33.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	34.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	35.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	36.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	37.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	38.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	39.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	40.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	41.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	42.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	43.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	44.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	45.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	46.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	47.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	48.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	49.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE
	50.000 RØDT LITTE BRICK MED MURTE OG VINDUE



ARBEJDSSTEGNING

1	TEGNER	12/2012	1:100	2
2	TEGNER	12/2012	1:100	2
3	TEGNER	12/2012	1:100	2
4	TEGNER	12/2012	1:100	2
5	TEGNER	12/2012	1:100	2
6	TEGNER	12/2012	1:100	2
7	TEGNER	12/2012	1:100	2
8	TEGNER	12/2012	1:100	2
9	TEGNER	12/2012	1:100	2
10	TEGNER	12/2012	1:100	2
11	TEGNER	12/2012	1:100	2
12	TEGNER	12/2012	1:100	2
13	TEGNER	12/2012	1:100	2
14	TEGNER	12/2012	1:100	2
15	TEGNER	12/2012	1:100	2
16	TEGNER	12/2012	1:100	2
17	TEGNER	12/2012	1:100	2
18	TEGNER	12/2012	1:100	2
19	TEGNER	12/2012	1:100	2
20	TEGNER	12/2012	1:100	2
21	TEGNER	12/2012	1:100	2
22	TEGNER	12/2012	1:100	2
23	TEGNER	12/2012	1:100	2
24	TEGNER	12/2012	1:100	2
25	TEGNER	12/2012	1:100	2
26	TEGNER	12/2012	1:100	2
27	TEGNER	12/2012	1:100	2
28	TEGNER	12/2012	1:100	2
29	TEGNER	12/2012	1:100	2
30	TEGNER	12/2012	1:100	2
31	TEGNER	12/2012	1:100	2
32	TEGNER	12/2012	1:100	2
33	TEGNER	12/2012	1:100	2
34	TEGNER	12/2012	1:100	2
35	TEGNER	12/2012	1:100	2
36	TEGNER	12/2012	1:100	2
37	TEGNER	12/2012	1:100	2
38	TEGNER	12/2012	1:100	2
39	TEGNER	12/2012	1:100	2
40	TEGNER	12/2012	1:100	2
41	TEGNER	12/2012	1:100	2
42	TEGNER	12/2012	1:100	2
43	TEGNER	12/2012	1:100	2
44	TEGNER	12/2012	1:100	2
45	TEGNER	12/2012	1:100	2
46	TEGNER	12/2012	1:100	2
47	TEGNER	12/2012	1:100	2
48	TEGNER	12/2012	1:100	2
49	TEGNER	12/2012	1:100	2
50	TEGNER	12/2012	1:100	2

SMEDS VIG
 ARKITEKTER
 FOSNAVÅG VEST / VEDERKE
 FOSNAVÅG HOTEL OG KONFERANS
 DELOMRÅDEPLAN 1

12/2012 1:100 2
 12/2012 1:100 2

7 Utendørs, generelt

Denne beskrivelsen er en generell overordnet ytelsesbeskrivelse for utomhusarbeider.

Beskrivelsen skal sees i sammenheng med det øvrige konkurransegrunnlaget. Alle arbeider omfatter komplett prosjektering, levering og opparbeidelse/montering.

Etterfølgende funksjonskrav er rammebetingelser og skal ikke oppfattes som komplette.

Totalentreprenøren er ansvarlig for å innhente alle relevante og nødvendige tilleggsopplysninger for å kunne gi et komplett tilbud.

Arbeidene skal utføres i henhold til alle gjeldende, relevante standarder, foreskrifter, vedtekter, offentlige krav, leverandørers anvisninger og dette dokument.

Hvor det i etterfølgende beskrivelse er forutsatt spesielle utførelser, står det totalentreprenøren fritt å velge alternative løsninger dersom disse tilfredstiller alle de funksjons- og kvalitetskrav som for øvrig er satt til de ulike konstruksjoner.

Totalentreprenøren skal foreta all nødvendig utstikking, utmåling og utsetting av høyder og koordinater for å kunne gjennomføre byggeprosjektet.

Utomhusplan og illustrasjoner i forprosjektet gir føringer for omfang, formingsintensjoner og materialvalg. Utomhusarbeidene skal inkludere bearbeiding av alle berørte deler av tomten med interne vegger, plasser, trapper, konstruksjoner og grøntanlegg på bakkeplan og på dekker.

Standarder og foreskrifter – overordnede krav

Utomhusarbeider skal utføres i henhold til plan- og bygningslovens krav samt tilhørende TEK, branntilkomstkra, helseforeskrifter, arbeidstilsynets bestemmelser, krav om universell utforming og kommunale vedtekter som vedrører byggearbeidene. Alle arbeider skal utføres i henhold til norske standarder, foreskrifter og relevante NBI-blad.

Utomhusarbeidene er delt inn i følgende delområder:

- 01.HAVNEPROMENADEN
02. GANGVEI/RAMPE
03. TAK-TERRASSEN
- 04.ADKOMSTPlass HOTELL

Beskrivelse refererer til følgende tegninger:

- L 60-10 Landskapsplan Oversiktsplan
- L 60-21 Delområdeplan 1 (gangvei/ rampe + takterrasse)
- L 60-22 Delområdeplan 2 (forplass og hovedingang sal)
- L 60-30 Planteplan
- L 60-40 til L 60-51 (snitt og detaljer)

01.HAVNEPROMENADEN

01.71 Bearbeidet terreng

Grunnarbeider for kai beskrives av RiB, her beskrives kun de øverste 200mm.

Det skal legges ut et 80mm pukklag som avrettes på hele arealet.

Plassen i kroken v/Kulturhuset bygges opp med løsmasser pukkk 32-64 parallelt med oppbygging av granitt-trinn.

01.72 Utendørs konstruksjoner

Konstruksjonen for havnepromenaden beskrives av RiB, her beskrives kun toppdekke på havnepromenaden innefor den prefabrikerte kaifronten.

01.722 Kanter, trapper og rampe av granitt

Plantefelt langs promenaden bygges av cortenstål 10mm tykt, med vishøyde over tilstøtende beleg/trinn min 50mm, og dybde for bed 300mm, slik at total høyde stålkant blir min.350mm. Trappetrinn av granittlementer, lys granitt tilsv. G341 eller tilsv i fallende lengder, prikkhugget, monteres i korning og fuges med Flowpoint eller tilsvarende.

Trappetrinn markeres forskriftsmessig for blinde og svaksynte, med en innfelt stripe av mørkere granitt som trappene. Stripen limes fast med steinlim, se tegning *L60-40*.

I topp og fot trapp skal det legges en varselindikator av støpejern. Mellom vange og trinn skal det legges en stripe/renne av granitt, bredde 100mm.

Trapp og rampe skal ha håndlister i syrefast stål. Håndlister i to høyder 90 og 70 cm. Håndlister monteres på begge sider av rampe. Håndlist for trapp monteres i midt trapp..

Sittetrinn utføres i tilsv.granitt med flammertopp og grovt gradhugget vertikale flater.

01.74 Utendørs elkraft

01.744 Utendørs lys.

På havnepromenaden skal prises følgende belysning: (kvalitet på nivå med ERCO / BEGA)

- Langs kaikant; 17 stk pullert-belysning type Rubbie fra Louis Poulsen
- Innfelt belysning; type orientering / markeringslys i trappetrinn, kanter og belegg m.m. 15 stk.

01.76 Veier og plasser

01.761 Kaidekke

Innefor den prefabrikerte kaifronten skal det støpes et lyst betongdekke med presis, kostet overflate. Se eksempel-foto nedenfor. Utseende skal være tilsv. som ved bruk av hvit sement.

Det legges inn ekspansjonsfuger type Peikko med cortenstål synlig i topp for ca. hver 5 til 6m. I tillegg skal det sages rissanvisere for hver ca.2 til 2.5m.


Dekkes skilles fra underlaget med et glideskikt av kraftig plastfolie.

Ferdig dekke impregneres med vannglass eller tilsv. fargeløs impregnering

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider

FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7


15.05.2013



Langs kaikant monteres kaifrontlist/hjulstopper av kraftig galvanisert og lakkert firkantstål, tilsv. eksisterende kaifrontlister i Fosnavåg. Denne skal festes med avstandsstykker ca 5cm over dekket, slik at det er mulig å stikke et tau under ved fortøyning.

Som sikring langs kai monteres for øvrig:

- Rednindstiger for hver 50m, Stigene skal være markert med refleksfelt i topp, og bjelle for varsling som kan nåes fra sjøen. 3 stk
- Redningsbøyer for hver 50m montert i vann- og strømskap/redningsbøyeskap plassert midt i mellom stigene. 3 stk
- Fortyningspullerter type BIG 10t, se foto nedenfor. 5 stk



Copyright 2006 Fenconor - All rights reserved | post@fenconor.no | tlf +47 64 90 67 50 | Design & Utvikling

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider**FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7**

15.05.2013

01.762 Plasser i granitt

Langs kaipromenaden skal anlegges to oppholdsplasser; en utenfor simulatorbygget som ligger i plan med kaien, og en i kroken v/ inngang kulturhuset fra kai, som bygges opp med granitt sittetrinn /gangtrinn og tilhørende rampe – alt i granitt.

Plassen v/simulatorbygget skal ha dekke av store granittheller (50x50x12) avgrenset mot kaidekket med en 200mm bred eikestokk som ligger i plan med dekket. Plassen utstyres med 2 stk. lange benker. Plantefelt som utsparring i dekket, med cortenstålkant, vis 5cm.

Plassen i kroken v/inngang kulturhuset fra kai, bygges opp av sittetrinn, gangtrapp og rampe alt utført i granitt med flammet topp og grovt gradhugget vertikale flater.

Foran inngang til hotell/kulturhus leveres og monteres fotskaperist m/støpt og drenert grube.

01.77 Parker og hager**01.772 Beplantning**

Det skal brukes ugrasfri jord med tykkelse 40cm under busker og stauder. Bed skal ha 5cm ugrasbekyttelse av grus på toppen av jordlaget.

Det skal brukes følgende beplantning i de 3 plantefeltene mot kaipromenaden: Stauder og prydgress.

01.773 Utstyr

Det skal leveres og monteres 2 stk. lange benker laget av lys betong. Lengde 4.2m. Rygg med lengde 1.8m og armlene monteres på benker. Se plassering på L60-21.



På sittetrinn ved inngang kulturhus. monteres det tre stk benkeseter + et tredekke som bølger seg opp og danner et skille mellom sittetrinn og granittflaten øverst med kafebord. Se detalj snitt.

Det leveres og monteres 1 stk serviceskap for vann- og strømforsyning til småbåter, type Havn fra Vestre aluminium lakkert gul – se <http://vestre.com/produkter/havn-serviceskap>.

Leveres med 1 stk NOHA slangetrommel type 110;30lm slange Ø19mm og slangeføring for utdragning i alle retninger. Det levers og monteres 2 stk trømmuttak i skapet; ett på hver kortside á 3stk kontakter.

Det leveres og monteres 2stk skap for redningsbøyer type Havn fra Vestre aluminium lakkert gul.

02. GANGVEI / RAMPE

02.71 Bearbeidet terreng

RiB beskriver opp til 200mm under ferdig terreng.

Her prises utlegging av 80mm bærelag og avrettingslag på hele arealet som underlag for plasstøpt betong.

02.72 Utendørs konstruksjoner

02.722 Kanter og trapper av granitt

Plantefelt langs rampen bygges av granittelerner, lys granitt tilsv. G341 eller tilsv i fallende lengder, prikkhugget. Hjørneelementer skal leveres i hele stykker m/ kurve. På utsiden av plantefelt og på yttersiden av hele lengden av rampen / gangveien, skal det lages en vannrenne av granitt, bredde 15cm, som fører til sluk punkt på kai, som kan føre vann til sjø.

Trappetrinn av granittelerner, lys granitt tilsv. G341 eller tilsv i fallende lengder, prikkhugget monteres i korning og fuges med Flowpoint eller tilsvarende.

Trappetrinn markeres forskriftsmessig for blinde og svaksynte, med en innfelt stripe av mørkere granitt. Stripen limes fast med steinlim. Se detalj.

I topp og fot trapp skal det legges en varselindikatorfelt av støpejern. Mellom vange og trinn skal det legges en stripe/renne av granitt, bredde 100mm.

Trapp og skal ha håndlister i syrefast stål, (i to høyder) montert på begge sider. Rampe skal ha håndlister i to høyder langs muren.

Forstøtningsmur for etablering av rampe / gangvei mot nabo i nordvest, i påvente av framtidig bygg utføres slik at OK mur følger OK tilgrensede rampe. Overflate glatt. Det leveres og monteres galvanisert og lakkert spilerekkverk fra Br.Midthaug el.tilsv, på muren.

02.74 Utendørs elkraft

02.744 Utendørs lys.

I gangvei/rampe skal prises følgende belysning. (kvalitet på nivå med ERCO / BEGA)

- Uplights og Wall Wash belysning i forbindelse med klatreplanter på wire langs fasaden og Eksisterende forstøtningsmur i betong. 9 stk. uplights og 6 stk. wallwash
- Innfelt belysning i granittkanter for belysning av overflaten til rampen. 17 stk.
- Markeringslys i trappetrinn. 23 stk

02.76 Veier og plasser

02.762 Plasser

Gangvei/rampe skal ha dekke av lyst plasstøpt betong, med presis, kostet overflate. Utseende skal være tilsv. som ved bruk av hvit sement.

Det legges inn 200mm brede eikestokker og ekspansjonsfuger for ca. hver 6m. I tillegg skal det sages rissanvisere for hver ca.2m.


Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider

FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7

15.05.2013

Dekkes skilles fra underlaget med et glideskikt av kraftig plastfolie.
Ferdig dekke impregneres med vanngalss eller tilsv. fargeløs impregnering.
Se tegning 524-L60-40 og L60-50

Eksiterende fortøtningsmur i betong. Muren skal renskes ved høytrykkspylling. Betong repareres der det er nødvendig. Flaten impregneres og grunnes. Deretter skal det males ved hjelp av fire klare farger, i to strøk, et forenklet motiv basert på Kittelsen sin tegning av et Troll. Se bilde. LARK leverer tegning av forenklet motiv i sammenheng med form av forstøtningsmur.



02.77 Parker og hager

02.772 Beplantning

Det skal brukes ugrasfri jord med tykkelse 40cm under busker og stauder. Bed skal ha 5cm ugrasbekyttelse av grus på toppen av jordlaget.

Det skal brukes følgende beplantning i de 3 plantefeltene mot kaipromenaden: Stauder og prydgress, og klatreplanter. Det skal festes wire til øverst på fasaden til en forankring som lages nederst i plantefeltet (for eksempel et armeringsnett eller jernbaneskinne)

02.773 Utstyr

Det er ingen benker eller annet utstyr i dette området.

03. TAKTERRASSEN

Denne beskrivelsen omfatter den delen av takterrassen som er offentlig tilgjengelig.
Takterrasen ligger i sin helhet på dekke over simulator.

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider

FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7

15.05.2013

03.71 Bearbeidet terreng

Løsmasser og oppbygging over membran er beskrevet her, mens membran, isolasjon og underliggende konstruksjon er beskrevet av RIB.

Det skal legges ut et ca. 50-100mm gruslag som avrettingslag/drenslag/bærelag for belegg på hele arealet som skal ha granittbelegg.

03.74 Utendørs elkraft

03.744 Utendørs lys.

På takterrassen skal prises følgende belysning. (kvalitet på nivå med ERCO / BEGA)

- I dekket BEGA type som vist nedenfor lys i 360 grader og Ø 270mm. 8 stk.

Description
Photo archive
Catalogue page

Surface-mounted luminaires for illuminating ground surfaces
Protection class IP 67
Pressure load 1000 kg
Die cast aluminium and stainless steel luminaire cover
Borosilicate glass - Reflector made of pure anodised aluminium
1,5 m connecting cable with water stop
Light output from two or four sectors

7069 - 7070 Safety class III - without power supply unit
A separate power supply unit is required to operate the luminaires.
7089 - 7090 Safety class I - with integral power supply unit

Anchorage units and connection housing are accessories and must be ordered separately.

Colour temperature 3000 K. Also available with 4000 K on request.
3000 K - article number
4000 K - article number + K4

back to circular in-ground luminaires

Light output 180°

Lamp	Lumen	A	B	Data sheet	Tender text	Instructions for use
7069 LED	1,3 W	105	-	ø 160	35	- 7069.TXT 7069.PDF
7089 LED	8,7 W	525	with psu	ø 270	55	- 7089.TXT 7089.PDF

Light output 360°

Lamp	Lumen	A	B	Data sheet	Tender text	Instructions for use
7070 LED	2,5 W	210	-	ø 160	35	- 7070.TXT 7070.PDF
7090 LED	13,4 W	1050	with psu	ø 270	55	- 7090.TXT 7090.PDF

Technical amendments reserved

- Upplights i forbindelse med vindpølse installasjon. 4 stk.

03.76 Veier og plasser

03.762 Plasser

Terrassen skal ha et dekke av granittstaver i 3 frargenyanser av granitt, se foto nedenfor, dim 50x150x300 mm.

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider**FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7**

15.05.2013



Deler av takterrassen skal ha dekke av impregnert kjerneved av furu, 148mm x 48mm bord lagt på spikerslag c/c 600mm av samme dimensjon. Bordene skal være av trekvalitet C30. Festes med syrefaste franske skruer som forsenkes. Fuge mellom bord - 5mm. Feltene rammes inn av et gjennomgående bord slik at endeved ikke møter tilstøtende belegg av granitt!

Plantefelt kantes av plantekasser i vfz og pulverlakkert stål, tykkelse 10mm og høyde 400mm. Stålkassene bygges som lukkede kasser, med åpen bunn, og sveises i fire hjørner. Kassene skal være horisontale i topp, settes på dreneringssystemet og vatres av. I bunn sveises det fast tilstrekkelig med føtter i form av stål plater for å minske trykket ned på dreneringssystemet. For å stive av kassen sveises det stag på tvers i kassen.

Overvann ledes til punktsluk (RiV beskriver sluk og kobling til nedløp.)

03.77 Parker og hager

03.772 Beplantning

Det skal legges fiberduk i plantekassene før de fylles med 40cm lett jord. Jorden må være tilstrekkelig lett for å lette belastningen på dekkene, ved. f.eks bruk av ZinCo systemmuld el.tilsv. Jorden skal bestå av følgende blanding eller tilsv. spesielt egnet for takterrasser:

- 25% knust tegl med vannoppsugning 23-28%
- 25% knust leca
- 25% kompost
- 25% støpesand (0-8mm)

Det skal brukes følgende beplantning i plantefeltene på takterrassen: Stauder og prydgress. Bed skal ha 5cm ugrasbekyttelse av grus på toppen av jordlaget.

03.773 Utstyr

Vindpølse installasjon. Det skal lages en samling med vindpølser i ulike farger med stativ i syrefast stål. 7 stk. Se bilde.



Sittegrupper med runde leskjermer. Det skal lages og monteres leskjermer som skal kunne flyttes på. Se detalj tegn. L60-51.

Treplattung i flere høyder med plantekasse og sklie ned til flate med gummi / sikkerhets belegg. Som vist på plan L60-22 er det på takterrassen et område mer orientert mot lek. Her er det sittetrinn som fører opp til en noe høyere flate laget av treplattung. Fra her er det mulighet til å skli ned på en sklie laget av syrefast stål (vist med blå farge i planen). Sklien fører ned til et område der det legges en flate med gummidekke som fungerer som fallunderlag for de apparatene som er etablert der. Det monteres en slackline fra Rampline AS (eller lignende). I tillegg monteres 4 stk balanse kuler fra samme firma.

For sittegruppene bak leveggene: 3 sittegrupper. Hver sittegruppe har et sirkulært bord og 4 stoler. Kvalitet

04. ADKOMSTPLASS HOTELL

04.71 Bearbeidet terreng

Grunnarbeider for adkomstplassen beskrives av RiB, her beskrives kun de øverste 200mm. Plassen ligger delvis over kjeller og delvis på grunn.

For den delen som ligger over kjeller skal det legges ut et ca. 50-100mm gruslag som avrettingslag/drenslag/bærelag for belegg på hele arealet som skal ha granittbelegg.

For den delen som ligger på grunn skal det legges ut et 80mm pukklag som avrettes på hele arealet.

04.74 Utendørs elkraft

04.744 Utendørs lys.

På adkomstplassen skal prises følgende belysning:

- Master: 2 stk skråmaster fra Escofet med 3-5 armaturer i hver mast
- Innfelt belysning: Under sitteflatene som går rundt fortøyningsbøye-bassenget. 10 stk

04.76 Veier og plasser

04.760 Veier og plasser

Dekket på adkomstsonen skal legges med granittstaver tilsvarende takterrassen, men som kjøresterkt dekke med tykkelse 120mm. Stavene skal legges i korning og fuges med Flowpoint eller tilsvarende. Se tegning L60-22

Kanstein mot Gerhard Voldnes veg skal være en standard granitkantstein 300x200mm montert i mørtel slik at vis mot vei blir 130mm.

Ledelinjer og varslingsfelt som er vist på planen L60 22 skal være i støpejern. Fotskraperisten ved inngangen har dimensjon 1.0x2.4m. Fotskraperist monteres på en grube som ikke har synlig betongkant i dagen. Tilgrensende granitt skal legges helt inn til galvanisert stålramme til fotskraperisten.

Foran hovedinngang leveres og monteres kjøresterk fotskraperist m/støpt og drenert grube.

04.77Parker og hager

04.772 Beplantning

Det skal brukes ugrasfri jord. Min 1m³ jord per tre.

Et tre skal plantes på forplassen. Det benyttes plantekum med kapasitet 1m³ med tregruberist av støpejern på toppen som flukter med tilgrensende beleg. Det etableres rotvennlig forsterkningslag i en 2 m sone rundt plantekum. Tre art: Agnbøk, *Carpinus betulus*, so 18-20. Bindes opp med 2 stokker.

04.773 Utstyr

Det monteres fast 6 stk stoler av type..... eller lignende. I samme møbelgruppe moteres det 3 stk syrefast stålbøyer, som kan benyttes til lek / sykkelparkering / henge på m.m. type Bøy fra vestre – se <http://vestre.com/produkter/by-sysselstativ>

Det skal lages et hevet basseng med fortøyningsbøyer. Se snitt. Rundt bassenget er det en treplating/ sitteflate med en myk kant på innsiden (mot fortøyningsbøyene). Fortøyningsbøyene er i forskjellige størrelse alt fra XXL til medium. (ca. Ø 100cm – 50cm). Bøyene festes i et armeringsnett som plasseres i bunn av bassenget. Bassenget skal ha 20cm med fall singel under

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider

FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7

15.05.2013

bøyene. Bøyene skal ligge tett i tett, og skal også være mulig å benytte som ryggene når man sitter på sittekantene.

Det skal leveres og monteres 3 stk flaggstenger av hvitlakkert aluminium, høyde 9m.

1.0 SAMMENDRAG KAP 7

01.HAVNEPROMENADEN

71. bearbeidet terreng kr

72 utendørs konstruksjoner kr

74 utendørs belysning kr

76 veier og plasser kr

77 parker og hager kr

02. GANGVEI/RAMPE

71. bearbeidet terreng kr

72 utendørs konstruksjoner kr

74 utendørs belysning kr

76 veier og plasser kr

77 parker og hager kr

03. TAKTERRASSEN

71. bearbeidet terreng kr

74 utendørs belysning kr

76 veier og plasser kr

77 parker og hager kr

04.ADKOMSTPlass HOTELL

71. bearbeidet terreng kr

74 utendørs belysning kr

76 veier og plasser kr

77 parker og hager kr

Sum kap 7 eks. mva. kr _____

Fosnavåg hotell - Landskapsarbeider
FUNKSJONSBESKRIVELSE KAP 7

15.05.2013

ENHETSPRISER

Toppdekket av lys kostet betong på havnepromenaden/gangvei	m2	_____
Granitt trinn	lm	_____
Granitt sittetrinn	lm	_____
Granittdekke 50mm tykkelse	m2	_____
Granittdekke 120mm tykkelse	m2	_____
Tredekke	m2	_____

Framdriftsplan for opparbeiding av uteområdet ved hotell i Fosnavåg

I tett dialog med Driftsavdelinga i Herøy kommune og representant frå Fylket fekk Fosnavåg Vekst løyve til å starte med grunnarbeid, peling og undderliggande betongstruktur samstundes med at tilsvarande arbeid foregikk på hotelltomta. Dette for spare kostnader og for halde opp ei god drift.

Dette arbeidet start tidleg på åren 2013 og er i det alt vesentlege fullført i medio mai 2013.

Arbeid som omfattar overflater og publikums retta tiltak vert ikkje oppstarta før dei er godkjende av kommunen. Ein håper dette kan være på plass i september/oktober 2013.


Arbeidet må være fullført til åpning av hotellet medio august 2014.

Detaljerte gjennomførings plan vil bli utarbeidd i samband med detaljprosjekteringa.

Fosnavåg 27/05 – 2013

For Fosnavåg Vekst as

Olav Arntsen





Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/2371
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/14	Formannskapet	15.01.2014
	Kommunestyret	30.01.2014

REVIDERT SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret godkjenner endringar i selskapsavtalen for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS når det gjeld § 12 Rammene for låneopptak og § 9 om styre og styresamansetting i samsvar med innstillinga frå representantskapen i Søre Sunnmøre IKS.

Særutskrift:

- SSR IKS
- Anlegg og drift
- Økonomi
- Revisjonen

Saksopplysningar:

I F-sak 224/13 den 03.12.2013 vart det gjort slik bokføring i saka:

«AP v/Per Kristian Furø kom med framlegg om å sende saka tilbake til administrasjonen for utgreiing om kva låneopptaket skal brukast til.

AP sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet – 03.12.2013.

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for utgreiing om kva låneopptaket skal brukast til.»

Representantskapet i SSR gjorde 7. november 2013 følgende vedtak:

- 1) I paragraf 12 i selskapsavtala blir rammene for låneopptak endra ut i frå saksframlegget. Det vil seie at styret får ei ramme på inntil 10 millionar kroner og at ramma for høgaste mulege samla låneopptak blir endra til 80 millionar kroner.
- 2) Representantskapet vedtar å velge 7 faste styremedlemmer (6 stk. + representant frå dei tilsette) til neste valg og at det ikkje blir valgt varamedlemmer til styret.
- 3) Representantskapet ber styret sende vedtaket over som saksframlegg til eigarkommunane for endeleg vedtak.

I følge lov om interkommunale selskap er ikkje dei to endringane i selskapsavtala innanfor dei krava som blir stilt til at dei skal godkjennast i kommunestyra. I følge nemnde lov kan representantskapet gjere vedtaket sjølv. Men representantskapet finn det naturleg at endringane blir sendt til eigarkommunene for endeleg godkjenning.

Vedtaket inneber at det er nødvendig med ei justering av eksisterande selskapsavtale:

- 1) Investeringsnivået framover gjer det nødvendig å justere rammene for låneopptak
- 2) Samansetting av styret

1. Selskapsavtala § 12 - Rammene for låneopptak:

Ut i frå investeringsnivået som det ligg an til framover, og for å sikre solid likviditet, må låneramma aukast til kr 80.000.000, ekskl. kassakredittramma. I dag er låneramma kr 40.000.000.

SSR opplyser at auka låneramme har samanheng med nytt hovudanlegg. Her er ulike alternativ under utgreiing, men alle alternativa vil truleg medføre store kostnader.

I tillegg må styret sin limit aukast til kr 10.000.000. Dette hovudsakleg for å kunne regulere kassakredittramma utan å måtte gå via representantskapet kvar gong denne skal vedtakast. Bankane brukar å godkjenne kassakredittramma for 1 – 1 ½ år av gongen, og då seier det seg sjølv at det blir mange vedtakssaker å ta opp i representantskapet.

Utviding av låneramma er tilpassa ei vurdering av kapitalbehovet for dei investeringane som skal gjennomførast. Alle investeringssaker over kr 10.000.000 skal opp som eigne vedtakssaker i representantskapet.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor blir det føreslått å endre § 12 - investeringar

frå å lyde:

«Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp lån på inntil 6 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 40 millionar kroner. Selskapet sine eigedomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

Selskapet sitt vedtak om å ta opp lån må godkjennast av departementet, jfr. lov om interkommunale selskap § 22, 4. ledd, jfr. forskrift av 17. desember 1999 nr. 6.»

til å lyde:

«Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp lån på inntil 10 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 80 millionar kroner. Selskapet sine eigedomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

Selskapet sitt vedtak om å ta opp lån må godkjennast av departementet, jfr. lov om interkommunale selskap § 22, 4. ledd, jfr. forskrift av 17. desember 1999 nr. 6.»

2. Styre og styresamansetting:

Ut i frå erfaringar har ein sett at det er vanskeleg å samle heile styret kvar gong ein skal ha eit styremøte. Ein ser vidare at det ofte er vanskeleg å få varamedlemmer til å stille på kort varsel når det kjem forfall frå faste medlemmer. Det kan også vere vanskeleg for varamedlemmer å sette seg inn i relativt tunge saker – som ofte krev både forkunnskap og tid til å sette seg grundig inn i sakene. I tillegg kjem også eit personleg ansvar for dei som møter i styret. Det blir difor føreslått å utvide styret til 7 medlemmer inkl. 1 frå dei tilsette, og at ein ved neste styrevalg i representantskapet ikkje peikar ut varamedlemmer. Ordlyden i paragrafen blir endra frå «minst 3» til «frå

3 til 7». Det er elles ikkje noko lovkrav om at styret i interkommunale selskap skal ha varamedlemmer.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor vil representantskapet føreslå at § 9 i selskapsavtala – Styret – blir endra

frå lyde:

"Selskapet skal ha eit styre på minst 3 medlemer som skal velgast av representantskapet, men slik at styret i selskapet skal minst ha ein medlem frå kvar medlemskommune og ein medlem frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigheit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.»

til å lyde:

«Selskapet skal ha eit styre på frå 3 til 7 medlemer som skal velgast av representantskapet. Kvar medlemskommune skal ha minst ein medlem og minst ein medlem skal kome frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigheit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.»

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at det vert gjort endringar i selskapsavtalen for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS når det gjeld § 12 Rammene for låneopptak og § 9 om styre og styresamansetting i samsvar med innstillinga frå representantskapen i Søre Sunnmøre IKS.

Låneramma vert auka til kr 80.000.000, ekskl. kassakredittramma. I dag er låneramma kr 40.000.000. I tillegg vert styret si fullmakt til å ta opp lån utan særskild godkjenning frå eigarkommunane auka frå 6 til 10 mill. kroner under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet

Det blir føreslått å utvide styret til 7 medlemmer inkl. 1 frå dei tilsette, og at ein ved neste styrevalg i representantskapet ikkje peikar ut varamedlemmer. Ordlyden i paragrafen blir endra frå «minst 3» til «frå 3 til 7».

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 06.01.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/14 Søknad om ambulerande løyve - Loge 113 Flåvær, Odd Fellow 05.12.2013 00:00:00

DS 2/14 Vedtak om kjøp av bustadtomt gnr 60 bnr 382 10.12.2013 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker

Fra: Anne Guri Aase [mailto:Anne.Guri.Aase@ulstein.kommune.no]

Sendt: 22. november 2013 10:48

Til: 'postmottak@fmmr.no'; 'post@mrfylke.no'; 'postmottak@hareid.kommune.no'; postmottak;
'sande.kommune@sande-mr.kommune.no'; 'postmottak@vanylven.kommune.no';
'postmottak@volda.kommune.no'; 'postmottak@orsta.kommune.no'; 'post@giske.kommune.no'

Emne: Planstrategi for Ulstein kommune 2014-2016

Til regionale høyringsinstansar og nabokommunar:

Vedlagt ligg fyrste utkast til *Planstrategi for Ulstein kommune 2014-2016*.

I tråd med pbl. §§ 3.3 og 10-1 ber no Ulstein kommune om innspel til planstrategien. Sjå vedlagt dokument.

Vedlegg:

- Oversendingsbrev
- Planstrategi for Ulstein kommune 2014-2016
- Vedtak om oppstart frå formannskapet, datert 07.11.2013
- Saksutgreiing frå møte i formannskapet, datert 29.10.2013

Fristen for innspel er sett til 10. januar 2014.

Skriftlege innspel kan sendast til Ulstein kommune, Teknisk etat, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik, eller til postmottak@ulstein.kommune.no.

Ulstein kommune ber om ei stadfesting på at e-posten med fire vedlegg er motteke. Stadfestinga kan sendast til postmottak@ulstein.kommune.no.

Venleg helsing

Anne Guri Aase | Planleggar

 <http://www.ulstein.kommune.no/signaturlogo.png>

Ulstein kommune | Rådhuset | 6065 Ulsteinvik

Tlf. 700 17 500 | Tlf. dir. 70017603

www.ulstein.kommune.no


Denne e-posten er skanna for virus av Symantec Email Security.cloud service for Ulstein kommune



ULSTEIN KOMMUNE



Utkast til høyring pr oktober - november 2013



www.ulstein.kommune.no

Innhold

1 Kva er planstrategi.....	2
1.1 Prosess og medverknad.....	2
2 Nasjonale forventningar og samfunnsmessige utviklingstrekk.....	2
3 Regionale føringar	3
3.1 Regional planstrategi.....	3
3.2 Fylkesplan	3
4 Utfordringar og planbehov for Ulstein kommune.....	4
4.1 Folketalsutvikling.....	4
4.2 Levekår og folkehelse	4
4.3 Helse og omsorg	5
4.4 Oppvekst.....	5
4.5 Næringsutvikling og sysselsetting	5
4.6 Natur- og kulturmiljø, klima og beredskap.....	6
4.7 Transport og infrastrukturbygging.....	6
4.8 Byutvikling	7
5 Vurdering av overordna kommunale planar	8
5.1 Overordna kommunale planar	8
5.2 Reguleringsplanar.....	9
5.3 Tema- og sektorplanar – teknisk/infrastruktur	10
5.4 Tema- og sektorplanar – kultur, friluft, og næring.....	11
5.5 Tema- og sektorplanar – helse/omsorg	12
6 Interkommunalt samarbeid.....	12
6.1 Vurdering av planbehov	12
7 Samandrag av planar	13

1 Kva er planstrategi

Kommunal planstrategi er eit nytt planinstrument for kommunane og har heimel i plan og bygningslova § 10-1 frå 2008. Lova set krav til at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, seinaste eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Planstrategien er ikkje ein plan og er følgjeleg ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men ein arena for å drøfte utviklingstrekk og utfordringar i Ulstein som samfunn og organisasjon.

Planstrategien skal vere eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare dei planoppgåver Ulstein kommune skal prioritere i valperioden for å imøtekomma kommunens behov.

Nokre av målsettingane rundt arbeidet med kommunal planstrategi er retta mot prosessen med utarbeiding av planstrategien. Den skal blant anna bidra til auka politisk innsikt, forankring og kontroll av dei planoppgåvene som skal gjennomførast, samt tydeleggjere politisk retning og innsats. Arbeidet med planstrategien skal avklare kva planoppgåver kommunen bør starte opp etter vidareføre for å leggje til rette for ei ynskja utvikling i kommunen, samt er det ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging, både innanfor arealplanlegging og tenesteyting. Planen fungerer også som grunnlag for oppgåveprioritering i det årlege budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Arbeidet med planstrategien er eit egna verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla planbehov i den aktuelle planperioden knytt til kommunedelplanar (KDP) og tema- og sektorplanar.

Planstrategien bør omfatte ein drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, her langsiktig arealbruk, utfordring innan miljø, sektorens verksemd og ein vurdering av kommunens planbehov i valperioden.

1.1 Prosess og medverknad

Det vart i september etablert ei arbeidsgruppe frå kommuneadministrasjonen. Denne arbeidsgruppa består av Verner Larsen, Einar Vik Arset, Arne Runar Vik, Anita Sundnes og Anne Guri Aase.

Melding om oppstart av planarbeid for planstrategien vert lagt fram for formannskapet i november 2013. Dokumentet vert så sendt til ulike høyringsinstansar og nabokommunar med ein høyringsfrist på 30 dagar. Etter at fristen har gått ut vil dei innkomne merknadane verte vurdert inn i planstrategien før dokumentet på nytt vert teke opp i formannskapet.

Planstrategien vert så lagt ut på ny høyring i 30 dagar før den vert tatt opp kommunestyret for endeleg godkjenning.

2 Nasjonale forventningar og samfunnsmessige utviklingstrekk

Saman med den nye plan- og bygningslova i 2008, kom også kravet om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga. Ein tanke bak kommunal planstrategi er å kunne samordne planbehov på kommunal, regional og nasjonalt nivå.

Nasjonale forventningar vart publisert i 2011 av Miljøverndepartementet. Dette dokumentet har som hensikt å gjere regional og kommunal planlegging meir målretta og sikre at viktige nasjonale

interessert vert ivaretatt. Forventningane omfattar utvalde tema og nasjonale oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta.

Med utgangspunkt i at dei nasjonale forventningane skal bidra til ei planlegging som fremmar berekraftig utvikling, fokuserer dei nasjonale forventningane på følgjande tema: klima og energi, by- og tettstadsutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

3 Regionale føringar

Regional planstrategi er eit nytt planinstrument for fylkeskommunen med heimel i ny plan- og bygningslov. Fylkestinget i Møre og Romsdal har vedtatt regional planstrategi for 2012-2016 og har starta opp arbeidet med ny fylkesplan som skal gjelde for 2013-2016. Dette dokumentet legg føringar for planlegging på lokalt nivå.

3.1 Regional planstrategi

Hovudformålet med ein regional planstrategi er å analysere utviklingstrekk i regionen, slik at ein vidare kan stake ut ein kurs for planlegginga som skal gjennomførast regionalt, lokalt og på tvers av kommunegrenser. Målet er å peike på dei fortrinna regionen har for å gjere kommunane sterkare og meir bærekraftige mot framtidens utfordringar.

Den gjeldande regionale planstrategien har gitt omgrepet attraktivitet ein sentral plass og har sett søkjelys på tre område som fylkeskommunen trur vil vere med å styrkje fylket sine føresetnader for framtidig vekst og utvikling som dei ynskjer å prioritere i perioden 2012-2016. Desse tre punkta er folk, næring og trivsel. Fylkeskommunen rår kommunane til å lyfte fram desse satsingsområda i sitt vidare planarbeid.

3.2 Fylkesplan

Regionale forventningar til Ulstein kommune er definert gjennom gjeldande Fylkesplan for 2009-2012. Denne planen skal vere ein overordna, målorientert, langsiktig og heilskapleg plan for fylket. Det er fire område som gjev Fylkeskommunen ei større rolle som regional utviklingsaktør som kultur, kompetanse, verdiskaping, og transport og ferdsel. Desse satsingsområda skal betraktast i lys av seks gjennomgåande perspektiv som folkehelse, universell utforming, likestilling og inkludering, miljø og klima, og internasjonalisering.

Fylkesplanen har til hensikt å gje eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for mellom anna kommunane i fylket, i spørsmål knytt til samfunnsutvikling. Fylkeskommunen har starta arbeidet med regionalplan for perioden 2013-2016.

4 Utfordringar og planbehov for Ulstein kommune

Kommunal planstrategien skal være eit hjelpemiddel for å avklare kva for planoppgåver kommunen bør setje på dagsorden. Det er derfor behov for å sjå på kva lokale utfordringar samfunnet står ovanfor, kva utviklingstrekk vi kan sjå og kva av desse det er viktig å finne ei løysing for.

4.1 Folketalsutvikling

Ulstein kommune har dei siste åra hatt ein sterk befolkningsvekst og per 1. juli 2013 hadde Ulstein kommune 8016 innbyggjarar. Dei seks siste år (inkludert 2007) har vore år med stor tilflytting til kommunen, spesielt 2009 og 2010. Denne sterke veksten dei siste åra har medverka til at prognosane for framtidig befolkningsauke for kommunen har vorte høge. Det er grunn til å ta med desse endringane, men ein må og ha med at dette bilete kan endre seg raskt dersom alderssamansetninga for netto flytting endrar seg. Vekstprognosen for folketalet er per i dag over 2 %, i motsetnad til 1 % som er spesifisert i kommuneplanens samfunnsdel. Kommunen har godt med reserve bustader i kommuneplanens arealdel og meiner at dette kan støtte ei høgre vekst enn estimert ut gjeldande politiske periode. Kommunen kjem til å følgje befolkningsveksten og estimata frå SSB nøye dei komande åra.

Når befolkningsveksten har vore så stor som den har vore dei siste åra, vil dette gje verknadar som fyrst vert synleg etter eit par år. Den største gruppa tilflytta menneske er i alderen 20-40 år, noko som også kan bidra til at andelen barn som vert født aukar. Derfor er det i prognosane til SSB forventa ei auke med om lag 200 born fram mot 2020 i alderen 0-5 år, noko som vil gje utfordringar i høve til kapasiteten i barnehagane. Derfor er det eit mål at kommunen jobbar mot å sikre god barnehage- og skuledekning i framtida.

I aldersgruppa 6-15 år er det i prognosane forventa ein liten nedgang mot 2015, med ein forventa auke fram mot 2020. For aldersgruppa 13-15 år er det forventa ein jamn auke mot 2015, noko som gjer det viktig å følgje med på kapasiteten på ungdomsskulen. Ulstein kommune er den kommunen i fylket som har størst del av befolkninga i aldersgruppa 0-15 år, med 25 %.

Framskriving av folketalet viser at kommunen dei neste 10 åra står overfor store endringar i alderssamansetning i befolkninga. «Eldrebølga» er eit uttrykk som er brukt, og vi ser dei første klare tendensane til dette i planperioden. Dette innebere at talet på sjuke også vil auke.

4.2 Levekår og folkehelse

Befolkningas helse er blant samfunnets viktigaste ressursar og ivaretakinga av helse er ein viktig del av kommunens ansvar. Målet med folkehelsearbeid i kommunen er å bidra til ein samfunnsutvikling som fremjar folkehelse ved å førebygge sjukdom og utgjevne forskjellar innan helse.

I folkehelsearbeidet står kommunen overfor samansette utfordringar. Med eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid er det mogleg å bidra til å nå nasjonale målsettingar som «fleire leveår med god helse», «reduerte helseskilnader i befolkninga» og «tilgjengelegheit for alle».

Befolkningsutviklinga i åra som kjem vil medføre utfordringar sidan andelen eldre vil auke drastisk i løpet av dei næraste tiåra. Dette vil medføre økt behov for tenester og tilrettelegging. Det blir viktig å

ivareta og styrke befolkningas helse, arbeids- og funksjonsevner. Samstundes aukar levealderen i heile befolkninga, slik at den enkelte sitt pleiebehov forlengast over tid.

Befolkning med reduserte funksjonsevner skal ha same moglegheit til personeleg utvikling og deltaking i samfunnet. Universell utforming er ein langsiktig strategi for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle og forhindre diskriminering.

4.3 Helse og omsorg

Pleie og omsorgstenester er blant kommunes mest ressurskrevjande oppgåver, og tenestene representerer i gjennomsnitt ca. en tredjedel av kommunebudsjettet. Det er derfor viktig å sjå dagens situasjon i kommunen i samheng med befolkningsprognosen i kommunen.

Innan helse- og omsorgsetaten legg ein stor vekt på å organisere tenestene slik at vi ressursmessig og kompetansemessig er best mogleg i stand til å møte utfordringane ein befolkningsauke inneber. For begge omsorgsbasane for eldre ser vi at ein større del av dei som no flytter inn, har større omsorgsbehov enn kva fleirtalet av bebuarane i desse omsorgsbustadane hadde for nokre år tilbake.

Morgondagens omsorgsteneste skal leggje til rette for a brukarane i større grad vert ein ressurs i eige liv, og for at innbyggjarane i lokalsamfunnet mobiliserast på nye måtar og vert ressursar for kvarandre. Ein viktig del av planlegging av morgondagens samfunn vil handle om å gjere bustader og miljø gode å bli gamle i og vi må kunne fortsette å bo der sjølv om vi får eit aukande behov for helse- og omsorgstenester.

4.4 Oppvekst

Ulstein har ni barnehagar der åtte av desse er private. I tillegg har Ulstein sokn ein opne barnehage, «Byggekllossen open barnehage» som har ope fire timar to dagar i veka. Barnehageåret 2011/2012 har vi pr. 18.04.2013 i alt 507 born i barnehagane. Av desse er 20 born frå andre kommunar. Av dei 507 borna er 302 over 3 år og 205 under 3 år. Ulstein har full barnehagedekning pr. definisjon (2012/2013).

Ulstein har fem grunnskular; barneskulane Haddal, Hasund, Ulstein og Ulsteinvik og ein ungdomsskule, Ulstein ungdomsskule. Det går 1175 elevar i skulane skuleåret 2012-2013.

Ulstein kommune må difor planlegge utviding av barnehagetilbodet for å møte eit framtidig behov. Born har lovfesta rett til barnehageplass, og alle har rett til eit tilbod tilpassa egne føresetnadar og bakgrunn, samstundes som barnehagen skal formidle verdiar og kultur. Barnehagane skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og såleis støtte opp om folkehelsearbeidet og vere med på å utjamne sosiale skilnadar.

I Ulsteinvik har vidaregåande skule, folkehøgskulen og ungdomsskulen rikeleg med areal, medan situasjonen er prekær for Ulsteinvik barneskule. Det vil etter kvart vere behov for å auke kapasiteten for barnehageplassar, jf. prognose for folketalsutviklinga.

4.5 Næringsutvikling og sysselsetting

Ulstein har som mål å styrke sin posisjon som vertskommune for internasjonal maritim spisskompetanse, og arbeide for etablering med tanke på ein allsidig arbeidsmarknad.

Arbeidsplassvekst er ofte eit mål i seg sjølv, men har også tradisjonelt vere eit viktig virkemiddel for å få ein god befolkningsutvikling. Dersom vi ser på utviklinga i talet arbeidsplassar de siste 10 åra, ser vi at Ulstein har hatt ein sterk vekst, med ein auke på meir enn 40 % sidan 2000.

4.6 Natur- og kulturmiljø, klima og beredskap

Kultur:

Ulstein kommune har som mål å utvikle eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrke identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst. Kommunen sitt utgangspunkt for å satse vidare på kultur er godt, då det allereie er eit svært aktivt og mangfaldig lokalt kulturliv, men også grunna merkevarebygging og omdømmet som er to viktige element for rekruttering og tilbakeflytting til samfunnet.

For å få eit inkluderande og mangfaldig kulturliv er det viktig med tilgjengelege og gode lokale for fysisk aktivitet, kor, korps og kulturlivet elles, både til øvingar, treningar og framsyningar. Gjensidig samarbeid med frivillige organisasjonar er berebelken i det lokale kulturlivet. Det er viktig at vi legg til rette for dette og samarbeider med frivillig sektor.

Eit rikt kulturliv er sjå på som godt folkehelsearbeid.

Miljø:

Ei ny og viktig lov på dette området er naturmangfaldslova frå 2009 som stillar særskilde krav til planlegging og saksbehandling av planar. Bevaring av natur- og kulturmiljø vil vere ein viktig faktor i arealplanlegginga.

Prioritering er viktig på grunn av rekreasjonstilbod som areal for tilkomst til friluftsområde, og det er ein god arena for undervisning og aktivitetar ute for både barnehage og skuleelevar. Sikring og tilrettelegging er vesentleg for at desse områda ikkje skal kome under press til utbyggingsformål.

Beredskap:

Det har over tid vorte eit auka fokus på samfunnstryggleik. Plan og bygningslova slår fast at planlegginga skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar, og det er krav om risiko- og sårbarheitsanalyse for aktuelle planområder. Metodar og rettleiarar for å analysere kor sårbare lokalsamfunna er for ulike typar risiko har vore utvikla av sentrale mynde.

4.7 Transport og infrastrukturutbygging

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging skal sikre at arealbruk og transportsystem utviklast slik at dei fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, godt trafikkikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Ulstein kommune har som mål å arbeide aktivt for realisering av gode og framtidretta kommunikasjonsløysingar mot Ålesund, og for andre samferdselstiltak som er viktige for kommunen og regionen. Kommunen vil og ha som mål å legge til rette for brukartilpassa, miljøvennleg og trafikkisikre kommunikasjonsløysingar.

Ulstein er ein kommune der det topografisk ligg godt til rette for å ta seg fram utan bruk av bil i mange situasjonar. Her er kort avstand mellom befolkningskonsentrasjonane og relativt flatt. Kommune har eit gjennomgåande sykkelvegnett i Ulstein, noko mindre samanhengande nett utover i

grendelaga. Det er difor ei utfordring både å få tilfredstillande vegløyningar for auka biltrafikk og å få tilfredstillande løysing for fotgjengarane.

Ulstein kyrkje er for lita i høve til folketalet. Kyrkjegarden på Osnes har kapasitet berre nokre få år med det arealet som er godkjent etter gjeldande arealplan. Det har vore arbeidd med lokalisering og planlegging av eventuell ny kyrkjegard, men kommunestyret har gjort vedtak om at også framtidig kyrkjegard skal vere på Osnes.

4.8 Byutvikling

Framtidig byutvikling skal vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie og med fokus på nyskaping, møteplassar, bustadlyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurransedyktig næringsliv. Vidareføre utbygging innanfor ramma for tettstadsprogrammet. Dette går på utvikling av tettstaden i eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylke, private interesser og kommunen.

Ulsteinvik sentrum er eit lite og konsentrert område som har vore i stor endring dei siste åra med utbygging av kjøpesentra, hotell, kulturhus og bustader. Noko som vil medføra at stadig fleire får sentrumsområdet som sitt nærområde. Derfor er målet at det skal utviklast eit variert sentrum der ein aktivt utformar gaterom, etablera møteplassar, urbane sentrumstilbod og aktivitetar.

5 Vurdering av overordna kommunale planar

Planlegging på ulike nivå er viktig føresetnad for styring av ein så kompleks organisasjon som ein kommune. Vedtekne planar er ein viktig reiskap for å vise kva retning vi ynskjer å styre utviklinga, og for prioriteringar.

5.1 Overordna kommunale planar

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande periode	Aktivitet	Merknader
Kommuneplanens samfunnsdel	2009	2009 - 2020	Rullerast i 2015	
Kommuneplanens arealdel	2011	2011 - 2023	Rullerast i 2015	
Hovudberedskapsplan	2010	2010 -	Årleg revidering	
Levekårsplan	På høyring		Under arbeid	
Klimaplan	2011	2011 - 2014	Vidareførast	

Samfunnsdelen:

Kommuneplanens samfunnsdel er eit overordna styringsdokument for kommunen. Er i fyrste rekke eit dokument som syner kva utfordringar kommunen står overfor som lokal og regional utviklingsaktør og kva strategiar kommunen vil ta i bruk for å møte utfordringane.

Tilråding: Kommuneplanens samfunnsdel vart rullert i 2009 og støttar dagens utfordringar. Samfunnsdelen vil verte rullert i starten av neste valperiode.

Arealdelen:

Kommuneplanens arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Planen gir overordna føringar for areal bruken i kommunen og dannar grunnlag for utarbeiding av meir detaljert planer som område- og detaljreguleringsplanar.

Tilråding: Planen vart rullert i 2011 og støttar dagens mål. Dei utbyggingsareala vi har tilgjengeleg i kommunen tilfredstillar etterspurnaden etter tilgjengeleg areal i kommunen for denne perioden. Arealdelen vil verte rullert i starten av neste valperiode.

Hovudberedskapsplan:

Plan som beskriv korleis samfunnsviktige funksjonar kan vere godt førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredstillande. Beredskapsplanen syner korleis det skal reagerast om katastrofar/større ulykker som kan inntreffe i vår kommune.

Tilråding: Er ikkje oppdatert sidan den vart vedteken i 2010, med unntak av varslingsliste for kriseleiing og omsorgberedskapsgruppe. Dette er lagt inn i kommunen sitt krisestøtteverkty DSM-CIM. Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6, andre ledd set krav om årleg revidering. Planen skal reviderast fyrste kvartal 2014.

Levekårsplan:

Levekårsplanen omfattar store kommunale tenesteområder som oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur og tek for seg temaet kultur og trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. I samband

med dette skal det gjennomførast ein samfunnsanalyse som er ment å tene som ein slags referanseramme, og kartlegge kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga og tilhøyrande utfordringar og konsekvensar framover for den kommunale produksjonen av tenester.

Tilråding: Levekårsplanen er ute på høyring og vil vere ferdig i løpet av fyrste del av 2014.

Klimaplan:

Klimaplanen med tilhøyrande handlingsprogram har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagasar innan kommunen. Måla for klimaarbeidet i kommunen, er knytt til dei tre temaområder i planen (energi, forbruk og avfall, og transport), samt for dialogen med næringslivet.

Tilråding: Planen tek for seg problemstillingar som framleis er svært aktuelle og vert vurdert til å kunne vidareførast.

5.2 Reguleringsplanar

Planar	Oppstart	Aktivitet	Ferdig
Saunesmarka	1996	Under arbeid	Uvisst
Skeide	2007	Under arbeid	Uvisst
Skuleområdet	2013	Under arbeid	Uvisst
Bakken	2011	Under arbeid	Uvisst
Eiksund skule	2011	Under arbeid	Uvisst

Saunesmarka:

Det er i følge kommuneplanens arealdel knytt to vilkår til utviklinga av Saunesmarka. Det eine er "Rikspolitiske retningslinjer for kjøpesenter" og "Fylkesdelplan for senterstruktur". Det andre er eksisterande kryssløysing mot riksvegen. Denne er ikkje god og legg restriksjonar på bruk av området. Det er regulert ei ny løysing med planfri kryssing. Dette er ei svært omfattande og kostbar løysing med betydeleg omlegging av vegar.

Dersom prosjekt Hafast vert realisert og den nye ferje-frie E-39 går via Ulsteinvik, vil ein potensiell ny vegtrase leggjast bak Saunesmarka, slik den er utbygd i dag. Etablering av nye, og utviding av eksisterande verksemder, skjer på det jamne i Saunesmarka. Framtidig utviding av Saunesmarka i retning mot Hareid kommune fram til LNF-F (Friluftsliv) område er vist i gjeldande kommunedelplan for Ulsteinvik. Der er og vist ein ny veg gjennom feltet med ny tilknytning til riksvegen.

Skeide:

Detaljregulering som vart starta opp i 2007. Framlegg til reguleringsplan for Skeide låg ute til offentleg ettersyn i to alternativ i tida 18.11.08 – 19.12.08. Det kom uttalar frå 6 instansar, med seinare 3 nye/oppfølgjande uttalar. Frå privat kom det 14 merknadar. Hovudsakleg på grunn av arkeologisk registrering har det gått lang tid sidan 1. gongs offentleg ettersyn. Rapporten frå det arkeologiske arbeidet er no ferdig. Ettersom planarbeidet har gått i langdrag vart det i starten av 2010 sendt brev til alle grunneigarar med høve til eventuelle nye merknader/synspunkt.

Skuleområdet:

Tidligere forsøk på å kome til løysing for skuleområdet i Ulsteinvik har vore svært konfliktfylte, og spørsmål om stenging av Skulevegen, og eventuelt bygging av alternativ veg har vore tema i fleire tiår, utan å ha funnet ein konklusjon reguleringsmessig. Skulevegen fungerer i dag som ein samleveg for biltrafikk til og frå sentrum og som tilkomstveg til skuleområdet. Det vart vedtatt i teknisk utval

11.09.2013 om å starte opp att detaljregulering av skuleområdet, der planområdet går frå Kyrkjegata til Legane. Reguleringsarbeidet vil i hovudsak omfatte regulering av sambindingsveg mellom sentrum og dei øvre bustadområda, ny symje- og idrettshall knytt til barne- og ungdomsskulen (Arena Ulstein) samt tilrettelegging for utviding av Ulstein kyrkje.

Bakken:

Planområdet ligg i den austlege delen av Ulsteinvik sentrum, like ved Amfi. Formålet er å knyte saman vegtrase frå Saunesosen med samlevegen i Holsekerdalen, samt etablere veg, parkering, grøntområde, fortau og gangveg. Det vart gjennomført arkeologiske registreringar i planområdet i 2011 med funn datert til Førromersk jernalder.

Eiksund skule:

Planområdet er i Eiksund og omfattar etablering av veg, bustadområde og kombinert bustad/tenesteyting. Planområdet er delvis utbygd, størstedelen av området består av nedlagd skule med uteområdet, i tillegg er det eit bustadhus. Resten av området er lauvskog og noko barskog. Planområdet ligg innanfor området merkt som potensielt fareområde for steinsprang og snøskred. Til dette måtte det hentast inn ekstern hjelp for å gje ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Det har ikkje kome noko tilbakemelding ennå, og planarbeidet har då stoppa opp.

5.3 Tema- og sektorplanar – teknisk/infrastruktur

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande for	Aktivitet	Merknadar
Hovudplan avløp	2001	2001 - 2005	Ferdig fyrste del av 2014	
Hovudplan vatn	1997	1997 – 2009	Ferdig fyrste del av 2014	
Hovudplan veg	2002	2002 -	Rullerast	
Lysplan	2009		Under arbeid	
Trafikktryggingssplan	2008	2008 - 2011	Rullerast i 2014	
Parkeringsplan	2007		Vidareførast	Jf. utgreiing om betalt parkering

Hovudplan avløp

Planen omfattar vassmiljø, avløpstekniske forhold, landbruk og vassforsyning. Den har både eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv, og tar omsyn til både nasjonale krav og EU-direktiv.

Tilråding: Ein ny hovudplan er under arbeid og er forventa ferdigstilt i fyrste del av 2014.

Hovudplan for vatn

Hovudplanen er kommunens overordna plan for avløpverksamhet. Hovudplanen skal angi kva for konkrete krav gitt i lovar og føreskrifter. Den skal også leggast til grunn for søknadar om ny utslippstillatingar.

Tilråding: Ein ny hovudplan er under arbeid og er forventa ferdigstilt i fyrste del av 2014.

Hovudplan Veg

Planen har gått ut på å vurdere status og klassifisering av vegane, og setje opp nødvendige tiltak ut frå det.

Tilråding: Rullerast.

Lysplan – Ulsteinvik

Lysplanen for Ulsteinvik foreslår løysingar kvar lysets kvalitet skal gje gode visuelle opplevingar med bl.a. riktig bruk av lysmengde (kw), og tydeleg visuell føring for alle trafikantar

Tilråding: Planen er under arbeid og vil verte ferdig i løpet av 2014.

Trafikktryggingsplan

Planen omfattar alle riks-, fylkes- og kommunale vegar i Ulstein kommune. Den gjev grunnlag for prioriteringar for politikarane i Ulstein og Statens Vegvesen. Planen skal skildre mål og visjonar, strategi og prioriteringar, og inneheld handlingsprogram med prioritering av tiltak. Den gjeldande trafikktryggingsplanen gjeld for 2008-2011. Den tar sikte på å redusere talet på ulykker, men legg hovudvekt på dei alvorlege utlykkene som fører til drepne og hardt skadde.

Ulstein kommune arbeidar for realisering av fastlandssamband mot Ålesund og støttar arbeidet for realisering av andre viktige samferdselsprosjekter som er viktige for kommunen og regionen.

Tilråding: Planen er moden for revidering og arbeidet vil starte opp i løpet av 2014.

Parkeringsplan

Plan som identifiserer behovet og kapasiteten for parkeringsplassar i Ulsteinvik sentrum og vart utarbeida av analysefirmaet Rambøll Norge.

Tilråding: Evalueringa er for tida på vent, då ein vil sjå kva tilbakemeldingar det kjem kring undersøkinga angående betalt parkering i Ulsteinvik sentrum.

5.4 Tema- og sektorplanar – kultur, friluft, og næring

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande for	Aktivitet	Merknadar
KIF	2007	2007 - 2010	Under arbeid	
By- og næringsplan	2008	2006 - 2010	Reviderast	

KIF:

KIF-planen skal gjere greie for mål og verkemidlar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv samt forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg. Planen skal fungere som vegleiar for idrettsrådet, frivillige lag og organisasjonar og skal danne grunnlag for kommunen sine prioriteringar av spelemiddelsøknadar. Samtidig vil planen fungere som eit viktig verkty for arbeidet med folkehelse og med tanke på ei eventuell sikring av friluftsområde.

Tilråding: Planen er ein kommunedelplan som er under revidering og er forventa ferdig i fyrste del av 2014.

By- og næringsplan:

Planen skal klargjere og konkretisere den vidare detaljutforminga av byen, og arbeidet med næringsutvikling.

Tilråding: Planen vurderast til å ha gått ut på dato, og bør rullerast i løpet av perioden.

5.5 Tema- og sektorplaner – helse/omsorg

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande for	Aktivitet	Merknadar
Bustadsosial handlingsplan	2010	2009 - 2013	Reviderast	
Plan for sorg- og omsorgsarbeid	2009	2009 -	Vidareførast	

Bustadsosial handlingsplan:

Planen omtalar bustadstilbodet i kommunen, inneheld ei kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden, vurderer og kjem med framlegg til kommunen si organisering av det bustadsosiale arbeidet samt framlegg til handlingsplan for sosial bustadbygging, bustadforvaltning og tenesteyting i bustadene.

Tilråding: Planen er eit viktig styringsverktøy som grip inn i fleire sektorar og gjer det lettare å samarbeide og koordinere det bustadsosiale arbeidet. Planen vert vurdert til å vere moden for rullering i løpet av perioden.

Plan for sorg- og omsorgsarbeid:

Presenterer korleis ein kan takle sorg i samband med tap av eller alvorleg sjukdom hjå menneske som har stått ein nær. Rutinar og kunnskap om sorg og omsorgsarbeid i Ulstein og aktuelle kontaktar.

Tilråding: Plan vurderast til å kunne vidareførast utan rullering i løpet av denne perioden.

6 Interkommunalt samarbeid

Ulstein med sine regionsenterfunksjonar skal vere ein pådrivar for vidare utvikling på Søre Sunnmøre. Kommunen skal arbeide for auka regionalt samarbeid og her kan kommunal planstrategi vere ein viktig arena for å drøfte og avklare behovet for interkommunal planlegging. Dette gjeld både for arealplanlegging og tenesteyting.

Kommunen ser at det kan vere hensiktsmessig å samarbeide interkommunalt om fleire tema og verksemdomsråde. Interkommunalt samarbeid vil også kunne styrke dei ulike fagmiljø og dermed bidra til å gjere det meir attraktivt å arbeide i kommunen/regionen.

6.1 Vurdering av planbehov

Planar som tydeleg syner seg som eit interkommunalt prosjekt er vegløyvinga på Garnes og over Dragsundbrua. Her har Ulstein kommune vore i dialog med Herøy kommune angående ein potensiell utbetring av veg og bru. Tidligere har spørsmålet rundt prioritering av gangveg langs Garnes til brua vore oppe, og spesielt retta mot Statens Vegvesen.

Eit anna prosjekt som er interkommunalt er Hafast, ferjefri E-39. Hafast vil knyte Ulstein kommune tettare saman med naboane i sør og nord, og gjere transport av personar og gods enklare.

7 Samandrag av planar

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande for	Aktivitet	Merknad
Kommuneplanens samfunnsdel	2009	2009 - 2020	Rullerast i 2015	
Kommuneplanens arealdel	2011	2011 - 2023	Rullerast i 2015	
Hovudberedskapsplan	2010	2010 –	Årleg revidering	
Levekårsplan	På høyring	2013 - 2017	Under arbeid	
Klimaplan	2011	2011 – 2014	Vidareførast	
Hovudplan Vatn	1997	1997 - 2009	Ferdig fyrste del i 2014	
Hovudplan Avløp	2001	2001 – 2005	Ferdig fyrste del i 2014	
Hovudplan Veg	2002	2002 -	Rullerast	
Lysplan	2009		Under arbeid	
Trafikktryggingssplan	2008	2008 – 2011	Rullerast i 2014	
Parkeringsplan	2007		Vidareførast	
KIF	2007	2007 – 2010	Under arbeid	
By- og næringslivsplanen	2008	2006 – 2010	Reviderast	
Bustadsosial handlingsplan	2010	2009 - 2013	Reviderast	
Plan for sorg- og omsorgsarbeid	2009	2009 -	Vidareførast	



ULSTEIN KOMMUNE

Teknisk etat

Møre og Romsdal fylkeskommune

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/804	10656/2013	AGAA	07.11.2013

MELDING OM VEDTAK

SAKA GJELD: OPPSTART AV KOMMUNAL PLANSTRATEGI

De får melding om at formannskapet har 05.11.2013, i sak PS 13/104, gjort følgjande vedtak:

Vedtak i Ulstein formannskap, 05.11.2013:

Ulstein formannskap startar arbeidet med kommunal planstrategi og sender fyrste utkast på høyring til aktuelle instansar og nabokommunar, med følgjande endringar:

- a) Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal rullerast i starten av neste valperiode (2015).
- b) Siste setning i pkt. 4.4 vert teke ut av planen.

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for utarbeidinga av planstrategien for Ulstein kommune 2014 – 2016.

- 5 november. Formannskapet vedtar oppstart av arbeid med planstrategi og høyring av fyrste utkast til planstrategi.
- November/desember: Planstrategien ligg ute på høyring i 30 dagar og vert sendt til ulike instansar og nabokommunar. Innkomne merknadar vert vurdert inn i planstrategien.
- Januar/februar: Planstrategien kjem opp att i formannskapet og vert sendt ut på høyring for nye 30 dagar.
- Mars/april: Planstrategien vert teke opp i kommunestyret for endeleg godkjenning.

Handsaming:

Framlegg frå Knut Erik Engh:

Tillegg til 1. avsnitt:

....., med følgjande endringar:

- a) Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal rullerast i starten av neste valperiode (2015).
- b) Siste setning i pkt. 4.4 vert teke ut av planen.

Røysting:

1. Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.
2. Framlegget frå Knut Erik Engh, pkt. a) vart vedteke med 7 mot 0 røyster.
3. Framlegget frå Knut Erik Engh, pkt. b) vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Med helsing

Anne Guri Aase
Planleggar

Vedlegg:
- Samla saksframstilling



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anne Guri Aase

Arkivsak: 2013/804

Løpenr.: 10325/2013

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ulstein formannskap

Saka gjeld:

OPPSTART KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Tilråding frå Rådmannen:

Ulstein formannskap startar arbeidet med kommunal planstrategi og sender fyrste utkast på høyring til aktuelle instansar og nabokommunar.

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for utarbeidinga av planstrategien for Ulstein kommune 2014 – 2016.

- 5 november. Formannskapet vedtar oppstart av arbeid med planstrategi og høyring av fyrste utkast til planstrategi.
- November/desember: Planstrategien ligg ute på høyring i 30 dagar og vert sendt til ulike instansar og nabokommunar. Innkomne merknadar vert vurdert inn i planstrategien.
- Januar/februar: Planstrategien kjem opp att i formannskapet og sendt ut på høyring for nye 30 dagar.
- Mars/april: Planstrategien vert teke opp i kommunestyret for endeleg godkjenning.

Saksfakta:

Vedlegg:

- 1 Fyrste utkast kommunal planstrategi

Samandrag av saka:

Plan- og bygningslova § 10-1 seier at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som omfattar langsiktig arealbruk, utfordringar innan miljø, og sektorens verksemd og ein vurdering av kommunens planbehov i den gjeldande valperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar.

Ein kommunal planstrategi skal vere kommunestyret sin styring av planarbeidet i kommunen. Planstrategien er ikkje ein plan der ein tar stilling til mål og strategiar, men er ein arena for å drøfte behov og utviklingstrekk i kommunen. Det er derfor viktig at formannskapet sluttar seg til arbeidet med ein planstrategi.

Vurdering:

Arbeidet med kommunal planstrategi for Ulstein kommune har for den gjeldande politiske perioden ikkje vore starta opp. Det gjeldande kommunestyret vart konstituert i 2011 og arbeidet med planstrategien er i dag 2 år forsinka. Prioritering av planarbeidet har ikkje vore følgt opp då den administrative kapasiteten innan planressursar i kommunen har vore brukt på anna planarbeid. No er arbeidet med kommunal planstrategi starta opp og eit utkast til planstrategien er klar til å sendast ut på høyring.

Målet med kommunal planstrategi er å evaluere om planane kommunen har treng å verte revidert i løpet av den gjeldande politiske perioden. Følgjande tabell syner status for gjeldande planar i Ulstein kommune og kva framdrift dei har ut den inneverande kommunestyreperioden.

Planar	Sist vedtatt	Gjeldande for	Aktivitet	Merknad
Kommuneplanens samfunnsdel	2009	2009 - 2020	Vidareførast	
Kommuneplanens arealdel	2011	2011 - 2023	Vidareførast	
Hovudberedskapsplan	2010	2010 –	Årleg revidering	
Levekårsplan	På høyring	2013 - 2017	Under arbeid	
Klimaplan	2011	2011 – 2014	Vidareførast	
Hovudplan Vatn	1997	1997 - 2009	Ferdig fyrste del i 2014	
Hovudplan Avløp	2001	2001 -	Ferdig fyrste del i 2014	

Hovudplan Veg	2002	2002 -	Rullerast	
Lysplan	2009		Under arbeid	
Trafikktryggingssplan	2008	2008 – 2012	Rullerast i 2014	
Parkeringsplan	2007		Vidareførast	Jf. utgreiing om betalt parkering
KIF	2007	2007 – 2011	Under arbeid	
By- og næringslivsplanen	2008	2006 – 2010	Reviderast	
Bustadsosial handlingsplan	2010	2009 - 2013	Reviderast	
Plan for sorg- og omsorgsarbeid	2009	2009 -	Vidareførast	

Konklusjon:

Ulstein formannskap tilrår å starte opp arbeidet med kommunal planstrategi for Ulstein kommune, og at fyrste utkast vert sendt ut på høyring til aktuelle høyringsinstansar og nabokommunar.

Ulsteinvik, 29.10.2013

Einar Vik Arset
rådmann

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksnr	Løpenr.	Sakshandsamar	Dato
2013/804	10865/2013	AGAA	21.11.2013

MELDING OM OPPSTART AV KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Ulstein formannskap har i møte 05.11.2013, sak PS 13/104, gjort vedtak om å starte opp arbeidet med kommunal planstrategi og sende fyrste utkast av *Planstrategi for Ulstein kommune 2014-2016* ut til offentlig høyring, jf. pbl § 10-1, jf. § 3.3 i same lov.

Planstrategien er utlagt til offentlig ettersyn i Informasjonen på Ulstein rådhus og på kommunen si heimeside, www.ulstein.kommune.no i tida 25.11.2013 – 10.01.2014.

Eventuelle innspel til planstrategien kan sendast til postmottak@ulstein.kommune.no eller til Ulstein kommune, Teknisk etat, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik, **innan 10.01.2014**.

Med helsing

Anita Sundnes
Leiar for plan- og bygningsavd.

Anne Guri Aase
Planleggar

Kopi til:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Hareid kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Vanylven kommune
Volda kommune
Ørsta kommune

Giske kommune
Levekårsutvalet
Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
BUP-representanten



ULSTEIN KOMMUNE



ULSTEIN - *der bang bryt bære*



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ass. fylkesmann Rigmor Brøste, tlf 926 59401

Vår dato

31.10.2013

Dykkar dato

Vår ref.

2013/5211/RIBR/330

Dykkar ref.

Kommunene i Møre og Romsdal

Att: Ordførere og rådmenn

RÅDMANN
FORMANNSKAPET 19/11-13

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/34	Saksbeh. BRB
- 6 NOV. 2013	
Ark kode P 033	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 45
Kassasjon	

Fylkesmannens kommunebesøk 2013-2015

Fylkesmannen har en målsetting om å besøke alle 36 kommunene i Møre og Romsdal i løpet av en 3 års periode. (Innen neste kommunevalg).

Vedlagt følger en tidsplan fordelt på kommuner og aktuell måned. Vi håper at kommunene vil finne dette interessant, og vi ber derfor om en snarlig tilbakemelding på hvilken dato som passer for din kommune. Vi regner med at den politiske møteplana for 2014 er i ferd med å bli laget, og sender derfor ut denne henvendelsen allerede nå slik at vi kan få reservert aktuelle datoer. Frist for tilbakemelding på dato: 1. desember 2013!

For hver enkelt kommune utarbeides det et eget kommunebilde som viser hvordan kommunen utfører sine tjenester og styrer sin økonomi, sett fra Fylkesmannens ståsted. Fylkesmannen og hans direktører ønsker å møte formannskapet, samt øverste administrative ledelse. Besøket tar ca 4-5 timer, og det legges opp til dialog med formannskapet under hele møtet. Kommunebildet sendes ut ca 10 dager i forkant av møtet, slik at politisk og administrativ ledelse kan velge ut hva dere ønsker å sette på dagsorden i møtet.

Vi ønsker også å møte en eller flere representanter fra Ungdomsrådet i kommunen. Vi vil gjerne høre hvilke saker de er opptatt av. Fint om hver enkelt kommune kan følge opp dette med å si noe om hvordan dere jobber for å sikre barn og unges interesser i ulike planer og prosesser.

Fylkesmannen har til nå i 2013 besøkt Molde, Ålesund, Kristiansund, Surnadal og Rindal. Den 19.11 skal vi på besøk til Sunndal kommune.

Et program for møtet kan for eksempel se slik ut:

1. Innlegg ved ordfører (ca Maks 30 min)
2. Innlegg ved representant fra Ungdomsrådet (Maks 20 min)
3. Fylkesmannen Lodve Solholm innleder (10 min), og deretter direktørene ut fra aktuelle tema. Det settes av tid til dialog og diskusjon med formannskapet for hvert tema.

Pauser etter behov, og innlagt bespisning ca 30 min.

Vi har også opprettet en egen fane for kommunebesøk på vår hjemmeside; www.fylkesmannen.no, hvor vi legger ut kommunebilder og presentasjoner fra kommunene etter hvert som besøkene avvikles.

Vi ber om ei tilbakemelding på aktuell dato for din kommunen med utgangspunkt i vedlagte oversikt. Opplysninger kan sendes til rigmor.broste@fylkesmannen.no eller ta kontakt på telefon 926 59401.

Vi ser fram til å besøke din kommune.

Med vennlig hilsen

Lodve Solholm (e.f.)
Fylkesmann

Rigmor Brøste

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Kommunebesøk i perioden 2013 – 2015

Fylkesmannen ønsker sammen med sine direktører å besøke alle kommunene i Møre og Romsdal før neste kommunevalg. For hver enkelt kommune utarbeides det et eget kommunebilde som viser hvordan kommunen utfører sine tjenester og styrer sin økonomi, sett fra Fylkesmannens ståsted.

Fylkesmannen og hans direktører ønsker å møte formannskapet, samt øverste administrative ledelse. Besøkte tar ca 3-4 timer, og det legges opp til dialog med formannskapet under hele møtet.

Kommunebildet sendes ut i forkant av møtet.

Nr	Kommune	År	Dato	Kommentar
1	Molde	2013	05.03	Utført!
2	Ålesund	2013	13.05	Utført!
3	Kristiansund	2013	27.05	Utført!
4	Rindal	2013	28.10	Utført!
5	Surnadal	2013	28.10	Utført!
6	Sunndal	2013	19.11	
7	Aure	2014	Januar	
8	Halsa	2014	Januar	
9	Smøla	2014	Januar	
10	Averøy	2014	Febr	
11	Tingvoll	2014	Febr	
12	Gjemnes	2014	Mars	
13	Eide	2014	Mars	
14	Fræna	2014	April	
15	Neset	2014	April	
16	Vestnes	2014	Mai	
17	Rauma	2014	Mai	
18	Midsund	2014	Juni	
19	Aukra	2014	Juni	
20	Nordal	2014	Aug	
21	Stordal	2014	Aug	
22	Ørskog	2014	Sept	
23	Skodje	2014	Sept	
24	Haram	2014	Sept	
25	Sandøy	2014	Okt	
26	Sula	2014	Okt	
27	Giske	2015	Jan	
28	Vanylven	2015	Febr	
29	Sande	2015	Febr	
30	Herøy	2015	Mars	
31	Stranda	2015	Mars	
32	Sykkylven	2015	April	
33	Ulstein	2015	Mai	
34	Hareid	2015	Mai	
35	Volda	2015	Juni	
36	Ørsta	2015	Juni	

2013: De 3 byene + 3 kommuner på indre Nordmøre, til sammen 6 kommuner

2014: Resten av Nordmøre + Romsdal og nordre deler av Sunnmøre, til sammen 20 kommuner

2015: Resten av kommunene på Sunnmøre, til sammen 10 kommuner. (Mål: Ferdig før valget)

Vår dato 06.11.13 Vår referanse 13/01211
Dykkar dato 06.11.13 Dykkar referanse 13/01211

Til brukarane av Los

Forvaltning og vidareutvikling av Los

RÅDMANNENS LØSTÅREKEMPE

Sakshandsamar: **HERØY KOMMUNE**
RÅDMANNEN

Jakob A. Sandal

Reg. nr. 2013/34	Saksbeh. H2
- 8 NOV. 2013	
Ark.kode P 033	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok nr. 47
Kassasjon	

Los er ein felles terminologi for offentlege tenester med brukarorientert vokabular. Temastrukturen i Los kan brukast som navigasjonsstruktur for tenester på nettstadane, noko som gir ein felles og attkjennande presentasjon av innhald på tvers av ulike portalar. I tillegg har Los også tilbydd eit datasett med lenker frå Norge.no (nettressursar) til statlege tenester som er kopla til emneord i Los-strukturen. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har vore ansvarlege for forvaltninga av Los.

Erfaringar syner at Los i all hovudsak vert brukt av kommunane, og det har synt seg vanskeleg å få forankra Los i statleg sektor. Noko av årsaka til dette er at Los-strukturen famnar breitt, prioriterer tenesteinformasjon og at strukturen vert oppfatta som mindre tilpassa behova i statlege verksemdar, der ein har eit meir avgrensa og spesialisert tenestetilbod.

Regjeringa sitt digitaliseringsprogram, St.meld. 23 Digital agenda for Norge, samt Difi-strategien for 2012 – 2015, legg føringar for kvar Difi skal rette innsatsen. Som ein konsekvens har Difi lagt om innretninga til Norge.no, slik at denne er endra frå en generell vegvisar til informasjon og tenester til å vere vegvisar til digitale tenester.

Innhaldsproduksjonen i portalen er endra og dette fører til at nettressursar aktuelle for Los ikkje lenger vert registrerte eller haldne ved like. Difi har i tillegg bestemt at ein i 2014 ikkje reviderer eller vidareutviklar Los som teneste. Strukturen, inkludert emneord og hjelpeord, vil som før vere tilgjengeleg frå <http://los.difi.no/> og via data.norge.no. Men datasettet med nettressursar tilknytt Los-emneorda (lenke til statlege tenester) vil bli fjerna etter 01.12.2013.

Det betyr at:

- Den noverande Los-strukturen med tilhøyrande emneord og hjelpeord vil framleis ligge tilgjengeleg som ope datasett på data.norge.no.
- XML-filene med lenker (nettressursar) til statlege tenester tilknytt Los-emneord og dekningsområde vil ikkje bli oppdatert etter 01.12.2013, og filene vil ikkje vere tilgjengelege for nedlasting etter dette tidspunktet.
- Nettstadane må sjølv fjerne eller oppdatere utdaterte lenker til statlege tenester i Los-strukturen.
- Difi vil etter 1.januar 2014 ikkje gjere endringar eller oppdateringar i Los-emneorda eller i Los-strukturen, men kommunar som brukar Los står framleis fritt til å gjere lokale endringar og tilpassingar slik som før. Det er også fritt fram for andre partar å vidarebruke Los som ope datasett og utvikle dette vidare etter eige ynskje.

Difi har hatt dialog med KommiT (Program for IKT-samordning i kommunesektoren) om stopp i videreutvikling av Los. Om kommunen har forslag til eller innspel om behov for samordning og tiltak for betre informasjonsforvaltning i kommunesektoren kan de ta kontakt med KommiT ved Aleksander Øines (aleksander.oines@ks.no).

Vennleg helsing

Tone Bringedal
Avdelingsdirektør Digital forvaltning

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen handskrivne signaturar.

MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR BULYST-PROSJEKTET

ASS RÅDMANN
FORFALLSKAPET

Stad: Herøy rådhus

Tid: 21.06.2013 10:00-12:30.

Desse møtte:

Arnulf Goksøyr, Herøy kommune
Olaug Andreassen, Herøy kommune
Mariann Flusund, Marine Harvest
Jan Berset, Ulstein kommune
Magne Gurskevik, Kleven Maritime
Finn Ove Båtevik, Møreforskning

Forfall:

Stein Mathiesen, Marine Harvest
Eivind Vartdal Ryste, Møre og Romsdal fylkeskommune

Dessutan møtte:

Camilla Storøy Hermansen, prosjektleiar
Olaus-Jon Kopperstad, assisterande rådmann

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste.

2. Protokoll frå førre møte.

Ingen hadde merknad til protokollen frå førre møte.

3. Rekneskap per 01.12.13

Assisterande rådmann gjorde greie for at utgifter til prosjektleiing ikkje var teke med i rekneskapen.

Ingen merknad til rekneskapen elles.

4. Statusrapport frå prosjektleiaren.


Prosjektleiaren orienterte om dei viktigaste aktivitetane siste halvåret, m.a.

- Opne møte i Herøy og Ulstein
- Møte på Marine Harvest med barnevern, barnehage, NAV og skule.
- Møte med Haram kommune (Guttorm Ulla) om Haram- modellen.
- Informasjonsmøte med arbeidsinnvandrarane i kommunestyresalen i Herøy.
- Vestlandske vidsyn
- Besøk til Hjelmeland kommune.
- Møte med Ulstein vidaregåande skule.

5. Status handlingsplanar.

I tillegg til dei utsende dokumenta, vart fylgjande dokument utdelte:

- Haram Innovasjonsstudio inviterer til kurs.
- Rapport frå språk/ingegrering jan-mai 2013.
- Kurs for arbeidsinnvandrarar – språk integrering.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/2440	Saksbeh. OJK
13 DES. 2013	
Ark.kode P	L02
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr. 4
Kassasjon	

Bustad skal inn i handlingsplanen igjen med framlegg til mål, strategi og tiltak.

Styringsgruppa ber om at ein handlingaplan med prioritering, framdriftsplan og ansvar vert lagt fram for styringsgruppa til nytt møte 13.01.2014.

6. Bustadkonferanse.

Styringsgruppa ber ordførarane i Herøy og Ulstein ta initiativ til ein bustadkonferanse 1. kvartal 2014 for Ytre Søre Sunnmøre.

7. Konferanse/seminar om kulturforståing.

Styringsgruppa ber om at det vert laga eit framlegg til innhald i eit slik konferanse/seminar til møtet 13.01.2013.

8. Logo/namn.

Det skal ikkje arbeidast meir med dette.

9. Ulstein vidaregåande skule.

Brev frå UVS til Møre og Romsdal fylkeskommune av 06.11.2013 var utdelt.

Jan Berset utarbeider framlegg til uttale frå Bulyst- prosjektet.

MØTET SLUTT.

Møteprotokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS

Dato: 13.11.2013
Tid: Kl 14.00 – 15.10
Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Faste medlemmer som møtte:
Henry Jøsokbakke, Herøy kommune
Nils Olav Moen, Vanylven kommune

Varamedlemmer som møtte:
Truls Røyset Håbakk, Hareid kommune

Forfall:
Alice Strømmegjerde, Hareid kommune
Hild Våge, Volda kommune
Odd Martin Velsvik, Volda kommune
Bjørn Flatøy, Sande kommune
Kari Grønnevik, Sande kommune

Sak 09/2013: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS godkjenner innkalling og sakliste.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 10/2013: Godkjenning av møteprotokoll frå 10.06.2013

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS godkjenner møteprotokoll frå 10.06.2013

Stemmegjeving: Samrøystes


Sak 11/2013: Godkjenning av budsjett for 2014

Styret gjorde eit par endringar som vart teke inn i budsjettet. Styret ber dagleg leiar undersøke årsaka til avdrag og renteendringane dei siste åra.

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS rår representantskapet til å godkjenne framlagde budsjett med endringar for 2014.

Stemmegjeving: Samrøystes

FORMANNSKAP

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/578	Saksbeh. HS
12 DES. 2013	
Ark. kode P	033
Ark. kode S	
J.nr.	Dok. nr. 59
Kassasjon	


Sak 12/2013: Meldingar


Dagleg leiar orienterte og om at eigarbrøk i Brønnsøysundregistra er retta opp.

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS tek meldingane til vitande.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Dragsund
13.11.2013


Anne Kathrine Løberg


Henry Jøsokbakke


Nils Olav Moen


Truls Røyset Håbakk



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG


Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Sunnmøre Kommunerevisjon
Postboks 143
6067 ULSTEINVIK

Telefon : 70 08 60 50
Telefaks : 70 08 60 51
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
6080 Gurskøy

*Landbrukskontor
AKL*

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. <i>2013/34</i>	Saksbeh. <i>BRB</i>
19 DES. 2013	
Ark.kode P	<i>033</i>
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. <i>54</i>
Kassasjon	


Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 18.09.2013

Vedlagt følger møteprotokoll frå styret for Søre Sunnmøre Landbrukskontor den 06.12.2013.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg

Søre Sunnmøre Landbrukskontor



Møteprotokoll

Utval: Styret for Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Møtestad: Rådhuset i Ulstein kommune
Møteleiar: Gry Olaug Dimmen
Dato: 06.12.2013
Møtestart: 14.30
Møteslutt: 16.20

Faste medlemmer som møtte:

Gry Olaug Dimmen	leiar, representant for Herøy kommune
Jarl Grimstad	nestleiar, representant for Herøy kommune
Hallgeir Teigene	styremedlem, representant for Hareid kommune
Annika Brandal	styremedlem, representant for Hareid kommune
Wenche Osnes Låbakk	styremedlem, representant for Ulstein kommune
Olav O. Dimmen	styremedlem, representant for Ulstein kommune

Frå administrasjonen:

Kristin Myrene, representant for dei tilsette
Anne Kathrine Løberg, landbrukssjef

Kristin Myrene tok del i møtet i sakene 24, 25 og 28 t.o.m. punkt 4.
Olav O Dimmen gjekk frå møtet kl 15.30.

24/2013 **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste til møtet.

25/2013 **Godkjenning av protokoll frå møte 27.08.2013**

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå styremøte den 27.08.2013.

26/2013 **Lønnsforhandlingar 2013**

Samrøystes vedtak:

Styret tek oppsummeringa frå lønnsforhandlingane til vitande. Styreleiar og dagleg leiar utarbeider framlegg til lokal lønnspolitikk og lønnskriterium som

leggast fram for styret i neste møtet. Dokumenta leggast så fram for dei tillitsvalde for drøfting.

27/2013

Val av ny styreleiar, nestleiar og forhandlingsutval for 2014 - 2015

Framlegg til vedtak vart utforma i møtet. Skifte av leiar, nestleiar og endring i forhandlingsutval er gjeldande frå komande årsskifte.

Samrøystes vedtak:

Wenche Osnes Låbakk vart valt til leiar og Olav O. Dimmen til nestleiar for 2 år. Wenche Osnes Låbakk vart valt til leiar i forhandlingsutvalet, som medlemmer i forhandlingsutvalet vart valt Hallgeir Teigene og Gry Olaug Dimmen.

28/2013

Meldingar

Det vart og orientert om oppseiing av husleigeavtale frå Allskog og utsending av brev til Allskog om høgre husleige. Referat frå møte mellom Hareid kommune og del av styret for SSL den 21.11 vart delt ut på møtet.

Samrøystes vedtak:

Styret tek meldingane til vitande.

29/2013

Handtering av ugildskap i sakhandsaming

Styreleiar hadde utforma framlegg til vedtak i saka. Styret utforma nytt felles vedtak i møtet.

Samrøystes vedtak:

Styret vedtek av desse alternativa vert nytta i saker det landbrukssjefen er ugild: Jordbruk, annan tilsett ved kontoret. Skogbruk, settekommune Vanylven alternativt Ørsta/ Volda. For viltforvaltning skal det nyttast ekstern konsulent. Styret gir styreleiar mynde til å følgje opp saka. Eventuelle ekstrautgifter vert dekt av disposisjonsfondet.

Grunngjeving: Uttale frå Fylkesmannen i epost og Forvaltningsloven §6.


30/2013

Løyving frå disposisjonsfondet

Samrøystes vedtak:

Styret vedtek å nytte inntil kr 10.000 frå disposisjonsfondet til meirkostnad for å leige inn konsulent for sakshandsaming etter viltlova i Hareid kommune der landbrukssjefen er ugild.

Ulsteinvik 06.12.2013


Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef


Gry Olaug Dimmen
styreleiar

Microsoft Office Outlook Web Access Denne mappen

E-post

Kalender

Kontakter

Innboks (8)
 Kladd
 Sendte elementer
 Slettede elementer (4)
 Søppelpost

Klikk for å vise alle mapper

Opna post
 Utviklingsavdelinga
 Administrer mapper...

FW: Åpent brev til kommunane i Møre og Romsdal
 postmottak

Sendt: 23. desember 2013 07:50
Til: Arkiv
Vedlegg: NSF - 416919 - Åpent brev~1.DOCX (739 kB) (Åpne som webside);

Helsing

HERØY KOMMUNE
 Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/4	Saksbeh. HS
- 2 JAN. 2014	
Ark.kode P	033
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr. 2
Kassasjon	

Fra: Gunhild Rolandsen [mailto:Gunhild.Rolandsen@sykepleierforbundet.no]
Sendt: 23. desember 2013 02:02
Til: Aukra; Aure kommune; Averøy; Eide; Fræna; Giske; Gjemnes; Halså kommune; Haram; Hareid; postmottak; Kristiansund; Midsund; Molde; Møre og Romsdal fylkeskommune; Nesset; Norddal; Rauma; Rindal; Sande; Sandøy; Skodje; Smøla kommune; Stordal; Stranda; Sula; Sunndal; Surnadal; Sykkylven; Tingvoll; Ulstein; Vanylven; Vestnes; Volda; Ørskog; Ørsta; Ålseund
Emne: Åpent brev til kommunane i Møre og Romsdal


Hei.

På sist møte i fylkestyret i Norsk Sykepleierforbund vart det vedteke å sende eit åpent brev til KS, Kommunane i Møre og Romsdal, samt media vedr. press på arbeidstidsordningane. Brevet følgjer vedlagt.

Med venleg helsing

Gunhild Rolandsen
 fylkesleiar

Norsk Sykepleierforbund
 Møre og Romsdal
 Tlf. direkte: 71 25 73 63
 Mob.41 64 47 85
 E-post: gunhild.rolandsen@sykepleierforbundet.no
 Adresse: Strandgata 3. Postboks 419, 6401 Molde.
www.sykepleierforbundet.no
www.sykepleierforbundet/facebook.com

 **NORSK SYKEPLEIERFORBUND**

Tenk miljø – ikke skriv ut denne om det ikke er absolutt nødvendig!

KS v/Gunnar Bendixen
Kommunane i Møre og Romsdal

E-post: more.og.romsdal@nsf.no

Fakturaadresse:
sykepleierforbundet@invoicedrop.comVår saksbehandler: Gunhild Rolandsen
Vår ref.: 416919 (2013_00084)Vår dato: 20.12.2013
Deres ref.:
Medlemsnr.:**Åpent brev til kommunane i Møre og Romsdal og til KS**
Brev til KS og Kommunane i Møre og Romsdal

I over hundre år har norske sjukepleiarar vore tydelige, modige og stolte bidragsytarar i den norske helsetenesta. I løpet av åra har sjukepleiarane sine arbeidsområder endra seg, noko også sjukepleietenesta har gjort. Frå å arbeide erfaringsbasert arbeider vi no kunnskapsbasert. Likevel er vi nær pasienten/brukaren, og vi er tilstades hos pasienten/brukaren 24/7.

Vi er mange grupper i helsetenesta, og vi er avhengige av kvarandre. Det er også fleire yrkesgrupper som er hos brukaren/pasienten døgnet rundt, året igjennom, men av høgskolegruppene er nok dei fleste andre meir dagarbeidande enn sjukepleiarane.

Norsk Sykepleierforbund (NSF) er svært uroa over dei signal som kom frå KS (Komunesektorens Organisasjon) nyleg der dei går inn for at arbeidsgjevar skal ha ein sterkare styring med planlegging av arbeidstida. Det har i mange år vore eit samarbeid vedr. arbeidstidsplanlegging der tillitsvalgte må godkjenne arbeidstidsordningar som ikkje er etter hovedreglane i Arbeidsmiljølova. Dette har fungert godt, men no vil altså KS ha ei sterkare styring, og det berre nokre månader etter at den same arbeidsgjevarorganisasjonen har skrive under eit dokument med arbeidstakarorganisasjonane, Fagforbundet, Delta og Norsk Sykepleierforbund om at ein skal jobbe saman for å skape ein heiltidskultur i kommunesektoren.

Det mange av arbeidsgjevarrepresentantane ser ut til å tru, er at berre vi er meir fleksible, arbeider lengre vakter og gjerne meir helg, så vil alle problem vere løyste i helsesektoren. NSF meiner at sjukepleiarane er fleksible. Dei stiller opp på på kort varsel, jobbar ekstra på fridagane sine,- på dag, kveld, natt, julaftan og når det ellers måtte verebehov. Dette på grunn av at dei veit at arbeidsplassen treng kunnskapen og kompetansen deira, og dei har eit samvit som gjer at dei ikkje greier å seie nei når behovet er der. Dei veit også at ofte er det slik at dersom dei sei nei til vakta, så blir dei likevel beordra på jobb.



Vi vil trenge mange fleire sjukepleiarar i åra framover. Derfor kan vi ikkje gå baklengs inn i framtida. Vi må i fellesskap finne arbeidstidsordningar som gjer at vi rekrutterer ungdom inn i helsevesenet. Og ikkje berre inn i helsevesenet, men spesifikt inn i sjukepleieyrket. Alle som søker seg til yrket veit at dei må gå i turnus og arbeide både, dag, kveld, natt, jul og 17. mai. Men dei vil ikkje jobbe alle juler og alle 17. maiar. Heller ikkje meir helg enn det som er eit absolutt minimum, då vaktbelastninga er høg nok som den er. Arbeidsmiljølova er ei vernelov, og det er derfor at vi skal forholde oss til den!

Bevilgande myndigheiter må sjå at det i helsevesenet må planleggast med heile stillingar. Med slik planlegging kan vi få fleire på heil tid, og vi kan få fleire med høg kompetanse i faste stillingar. Dette gjer arbeidsdagen meir forutsigbar både for arbeidstakar og arbeidsgjevar. Og ikkje minst fører det til at det ikkje er nokon som må bruke mesteparten av arbeidsdagane sine til å skaffe ekstravakter.

Så kjære samarbeidspartnarar , enten de er i KS, i kommunane eller du er politiskar med makt og myndigheit: Påverk til at dei arbeidstidsordningane og den arbeidsmiljølova vi har, skal vi framleis ha. Vi syns ikkje det skulle vere behov i 2013 å minne på kvifor sjukepleiarane etter kvart kom inn under same arbeidstidsordningar som anna arbeidskraft. Dette skjedde faktisk ikkje før i 1930 åra, at sjukepleiarane fekk særlege rettar i arbeidslivet. Men når dei først fekk det så var det på grunn av den ekstremt dårlege helsa som var blant sjukepleiestanden. Det kom i hovudsak av to ting : Dei hadde dårlege arbeids – og bustadsvilkår, og dei var svært utsett for smitte. Vi vil ikkje attende til den tid der 12 timers vakter var normalen. Å vere sjukepleiar no og i framtida skal vere råd å kombinere med eit normalt familieliv der du skal kunne hente og bringe barn både i barnehage, skole og SFO. Ein skal ha arbeidstidsordningar som gjer at ein kan stå i arbeid i alle livsfaser, også fram til ein når normal pensjonsalder. Den gjennomsnittlege pensjonsalder for sjukepleiarar er 57 år. Den må opp! Vi trur ikkje det skjer ved å gi yrkesgruppa dårlegare vilkår enn i dag.

Med vennlig hilsen

Fylkesstyret i Møre og Romsdal
v/Gunhild Rolandsen
Fylkesleiar

Kopi: Avisene i Møre og Romsdal

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2012/594

Arkivkode
Q12

Dato
06.12.2013

MØTE MED STATENS VEGVESEN 05.12.2013 - DRØFTING AV DIV. PLANSAKER.

Utviklingsavdelinga hadde den 05.12.2013 eit møte med repr. for Statens Vegvesen med sikte på å drøfte ein del aktuelle plansaker. Møtet vart halde i Olsvika og følgjande var til stades:

- Terje Lindstad, Statens Vegvesen (SV)
- Jarl Martin Møller, Herøy kommune (HK)
- Hallvard Rusten, Herøy kommune (HK)

FV 654 – Skarabakken

Saka vart drøfta med basis i at Fylkestinget no har vedteke å setje av 10 mill. kr til utbetringar i Skarabakken i 2017. Frå HK si side vart det på denne bakgrunn uttrykt ønskje om at SV overtok saka og førebudde naudsynte tiltak.

Konklusjon: Lindstad sjekkar internt om SV har høve til å ta saka vidare og gir snarleg tilbakemelding om dette. Under nemnde føresetnad skisserar SV ei lineføring som avklarar kva for eigedomar som vert berørt av tiltaket. HK går der etter ein runde med berørte grunneigarar for å avklare mulegheitene for minneleg grunnavståing eller om ein må gå vegen om reguleringsendring. Dersom dette er positivt (minnelege grunnavtalar) vil SV kunne utarbeide byggeplan og førebu utbyggingstiltaka. Alternativet til at SV driv saka vidare vil vere at HK førebur ei forskotteringssak overfor Fylkeskommunen og fremjar saka i kommunal regi.

FV 654 – planfri fotgjengarkryssing Frøystadtoppen

Reguleringsplanen for tiltaket vart godkjendtt tidlegare i år. Også her har Fylkestinget sett av midlar i 2017. HK har i sin økonomiplan sett av midlar til forskottering av tiltaket og Fylkeskommunen er beden om å fremje forskotteringssak. Under føresetnad av godkjenning på forskotteringa vil HK kunne ta saka vidare via byggeplan og utbygging. Frå HK si side er det naturleg nok også her ønskjeleg om saka kunne vidareførast og fullførast i regi av SV.

Konklusjon: Lindstad sjekkar internt om SV har høve til å vidareføre/fullføre prosjektet i sin regi og melder tilbake om dette. Alternativt må HK få avklara forskotteringsaka og fullføre prosjektet i nært samarbeid med SV.

FV 654 Kvithaugsmyrkrysset – Flusundkrysset

HK orienterte om prosjektet med basis i F-sak 167/13. Det var i all hovudsak semje om dei problemstillingar og utfordringar som var skissert i saksutgreiinga.

Konklusjon: HK syter for å få utarbeidd eit forprosjekt (lineføring med tilhøyrande element: rundkøyningar, busslommer, forbikøyringsfelt m.v.) for heile strekninga. Som grunnlag for dette må ein sjølvstøtt ta avgjerd om normalprofil for vegen og elles følgje gjeldande vegnormalar, handbøker m.v. Med basis i forprosjektet og ein prinsippgjennomgang av dette saman med SV kan ein så starte reguleringsplanarbeid for dei ulike prioriterte strekningane.

Nerlandsøybrua og Remøybrua

HK stilt spørsmål om framdrifta for planarbeida knytta til dei 2 bruprojekta.

Konklusjon: Det foreligg enno ikkje tilstrekkelege avklaringar omkring evt. bruhøgder eller bru kontra tunnell for at det formelt skal kunne startast opp ein reguleringsplanprosess.

Med helsing

Hallvard Rusten

Kopi:
Erlend Krumsvik
Jarl Martin Møller